

Nina Berge Rudi

Språkvariasjonar i to dalføre

Ei sosiolingvistisk gransking av talemålet blant

18-20-åringar i Hallingdal og Gudbrandsdalen

Hovudoppgåve i nordisk språk

Institutt for lingvistiske og nordiske studier

Universitetet i Oslo

Våren 2007

Innhald

Kapittel 1: BAKGRUNN OG TEORI	1
1.1 Motivasjon, problemstillingar og teoretisk bakgrunn for denne oppgåva	1
1.2 Tidlegare granskingar	2
1.3 Befolkningsstruktur i Hallingdal og Gudbrandsdalen	2
1.4 Språk og samfunn	5
1.4.1.Språksamfunnet	5
1.4.2.Sosiale nettverk.....	7
1.4.3 Språk og identitet	9
1.5 Omgrepa dialekt, standardtalemål og regiontalemål	11
1.5.1 Dialektomgrepet.....	11
1.5.2 Omgrepet standardtalemål.....	14
1.5.3. Omgrepet regiontalemål	17
1.6 Kategoriane hallingmål, gudbrandsdalsmål og blandingsmål.....	20
1.6.1.Hallingmålet	20
1.6.2 Gudbrandsdalsmålet.....	21
1.6.3 Blandingsspråket.....	21
Kapittel 2: METODE	22
2.1 Metodar for å registrere språkleg variasjon.....	22
2.2 Innsamling av eit språksosiologisk materiale.....	27
2.2.1 Kvantitative innsamlingar	27
2.2.2 Kvalitative innsamlingar	28
2.3 Handsaming og tolking av eit språksosiologisk materiale.....	30
2.3.1 Kvantitativ handsaming og tolking	30
2.3.2 Kvalitativ handsaming og tolking	32
2.4 Eige metodeval	33
2.4.1 Operasjonalisering av sosiale variablar.....	34
2.5 Val av informantar.....	36
2.5.1 Val av informantar i denne granskinga	37
2.6 Noko om skilnaden i språket til kvinner og menn.....	45
2.7 Om rapportert språkbruk: Kan me stole på informantane?.....	46
Kapittel 3: EIGA UNDERSØKING	50
3.1 Spørjeundersøkinga og intervjuet.....	50
3.2 Transkripsjonen	51
3.3 Språklege variablar	52
3.3.1. Variabel 1: Subjektsform av 1. person eintal, personleg pronomen	53
3.3.2 Variabel 2: Subjektsform av 1. person fleirtal, personleg pronomen	53
3.3.3 Variabel 3: Ubunden form fleirtal, substantiv	53
3.3.4 Variabel 4: Bunden form fleirtal, substantiv	54
3.3.5 Variabel 5: Nektingsadverbet <i>ikkje</i>	56
3.3.6 Språkvariabel 6: Dativ.....	56
3.3.7 Variabel 7: Verbet <i>å vera</i>	56
3.3.8 Variabel 8: Verbet <i>å gjera</i>	57

3.3.9 Språkvariabel 9: Kløyvd infinitiv	59
3.4 Resultat og tolking av den kvantitative bearbeidinga av materialet	60
3.4.1 Kvantitativ bearbeiding og tolking, Hallingdal og Gudbrandsdalen: Del I av spørjeskjemaet	61
Spørsmål 3: Kjønn	61
3.4.2 Spørsmål 4: Hvilken kommune er du oppvokst i ?	61
3.4.3 Spørsmål 5: Hvor er du vokst opp?	63
3.4.4 Spørsmål 6: Hvor kommer mor og far fra?	64
3.4.5 Spørsmål 8: Hva kjenner du deg mest som?	65
3.4.6 Spørsmål 9: Hvilke egenskaper tror du andre folk forbinder med en "ekte døll"? ..	67
3.4.7 Spørsmål 10: Hvilken status tror du det har å komme fra Hallingdal/Gudbrandsdalen?	70
3.4.8 Spørsmål 11: Se for deg at du flytter til byen enten for å ta utdanning eller for å jobbe. Tror du at du vil føle deg mest som et bygdemenneske, bymenneske eller begge deler?	71
3.4.9 Spørsmål 12: Tror du det er vanskelig å bo i byen og samtidig prate dialekt?	73
3.4.10 Spørsmål 13: Hvor viktig er det for deg å bruke det naturlige talemålet ditt i alle situasjoner?	74
3.4.11 Spørsmål 14: Hvilken målform har du som hovedmål?	75
3.4.12 Spørsmål 16: Hvordan vil du beskrive språket ditt?	76
3.4.13 Spørsmål 17: Har du prata annerledes før?	78
3.4.14 Spørsmål 18: Hvordan mener du de fleste i Hallingdal/Gudbrandsdalen prater? ..	79
3.4.15 Spørsmål 19: Hvordan prater de fleste vennene dine?	81
3.4.16 Spørsmål 20: Hvilken status har det å prate dialekt i Hallingdal/Gudbrandsdalen?	83
3.4.17 Spørsmål 23: Har du noengang følt at du ikke prater fint eller korrekt nok?	84
3.4.18 Spørsmål 25: Hender det at du normaliserer?	85
3.4.19 Spørsmål 27: Hva synes du om at folk kan plassere deg geografisk etter talemålet ditt?	87
3.4.20 Kvantitativ bearbeiding, Hallingdal og Gudbrandsdalen: Del II av spørjeskjemaet	88
3.5 Kvantitativ oppsummering av språket til dei seks informantane i intervjuet, Hallingdal og Gudbrandsdalen	98
3.5.1 Hallstein – rapporterte bokmålsnær tale	98
3.5.2 Hanne – rapporterte blandingsmål	99
3.5.3 Halldis – rapporterte hallingmål	99
3.5.4 Gunnar – rapporterte bokmålsnær tale	99
3.5.5 Gunhild – rapporterte blandingsmål	100
3.5.6 Gudbrand – rapporterte gudbrandsdalsmål	100
Kapittel 4: OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	100

Litteraturliste

Samandrag

Vedlegg

Vedlegg 1: Spørjeskjemaet del I

Vedlegg 2: Spørjeskjema del II

Vedlegg 3: Utgangspunkt for spørjelite

Kapittel 1: Bakgrunn og teori

1.1 Motivasjon, problemstillingar og teoretisk bakgrunn for denne oppgåva

I løpet av oppveksten min i Hallingdal har det skjedd store endringar i talemålet til folk, og særleg kan det verke som om “bokmålet” har fått godt fotfeste. Dette blir mykje omtala blant folk, men det kan verke som om haldninga er at utviklinga går sin gang, og det er lite å gjera med det. Men så flytta eg til Gudbrandsdalen, og der er situasjonen ein annan. Inntrykket mitt er at folk pratar dialekt i mykje større grad enn i Hallingdal, og særleg ungdommen. Kvifor skulle det i to tilsynelatande like dalføre vera så stor skilnad på bruken av det lokale målet? Begge dalføra ligg i utkanten av det sentrale Austlandet og blir rekna for å vera kulturbevarande og tradisjonsrike område.

Problemstillinga eg ønskjer å undersøkje, er om det er tilfelle at *språkbrukarar i Hallingdal lettare blandar eller vekslar med bokmålsnær tale enn språkbrukarar i Gudbrandsdalen*. Eg er interessert i *kva grad* språkbrukarar brukar dialekt i dei to dalføra, og er såleis ikkje ute etter å *beskrive* gudbrandsmålet eller hallingmålet som det framstår i dag. For å finne ut om hypotesen min stemte, intervjuja eg 136 informantar ved hjelp av spørjeskjema i dei to dalføra, for å få ei brei oversikt. Informantane vart spurte om identitet, språk og haldningar, i tillegg til å rapportere språket sitt. For få eit betre inntrykk av tankane og meiningane til informantane, intervjuja eg seks av informantane ein gong til. Eg valde å bruke både kvantitativ og kvalitativ metode fordi med spørjeskjemaet kunne eg greitt *beskrive* språksituasjonen ved å vise til kor mange av informantane som pratar dialekt i Hallingdal og Gudbrandsdalen, men ei slik framstilling *forklarar* lite i seg sjølv.

Det er alltid interessant å slå fast *at* språkendringar skjer, men det mest interessante er likevel å forsøkje å forstå *kvifor* endringane skjer. Eg har sett på teoriar om språkleg variasjon og endring, og tykkjer i særleg grad nettverksteorien og teoriar om identitet og språk har vist seg nyttige. Eg nyttar meg av desse teoriane som forklaringsmodellar når eg tolkar resultatata av undersøkinga i kapittel 3.

1.2 Tidlegare granskingar

Det er gjort mange undersøkingar i Noreg som ser på språkending i bygdemål. Prosjektet *Talemålsending i Norge* (TEIN), som no er avslutta, hadde ni doktorgradsavhandlingar og nærare 40 hovudfagsavhandlingar knytt til seg. Det var ei forventning om funn i retning av at bytalemål påverka bygdetalemål, og dette stemte i stor grad på Austlandet, men ikkje på Vestlandet.

Unn Røyneland si hovudfagsoppgåve (1994) om sunnmørsmål i kontakt med bymål, og doktorgradsavhandlinga (2005) om ulik utvikling i røros- og tynsetmålet, har vore til stor inspirasjon. Det har også doktorgradsavhandlingane til Brit Mæhlum (1992) om barn og ungdoms dialektosialisering på Svalbard og John Helgander (1996) om mobilitet og språkforandring i Dalarna i Sverige. Vigdis Thoengen (1994) si hovudfagsoppgåve frå Nesbyen, tok for seg i kva grad ungar i barneskulen prata hallingmål. Denne oppgåva har vore nærskylt og nyttig i arbeidet mitt. Kristina Karlgård (1997) si oppgåve om oppdalsmålet har vore til stor inspirasjon i den kvalitative analysedelen. Elsa Kristiansen (1995) si oppgåve om skuleelevar sine haldningar til vikværsk har vore nyttig når det gjeld den kvantitative analysen.

Når det gjeld studium av ungdom og språkvariasjon, har Iselin H. Jensen (2006) utført ei undersøking i si hovudfagsoppgåve om ungdommar sine medvitne og umedvitne haldningar til språkbruk i Sandefjord. Ragnhild Haugen (2004) si doktorgradsavhandling dreier seg om endringar i Sogndalsdialekta. Også i denne undersøkinga er informantane ungdommar. Hovudfagsoppgåva til Ann Kjersti Holland (2001) tek for seg variasjon i språket hos 12 ungdommar frå bygd og by på Hedmark.

1.3 Befolkningsstruktur i Hallingdal og Gudbrandsdalen

Her vil eg vise kor mange innflyttarar som kom i gjennomsnitt kvart år til Hallingdal og Gudbrandsdalen i perioda 1978-1997. Eg har valt å undersøkje nett denne perioden fordi informantane mine er fødd i 1978, og fordi eg intervjuar dei i 1997. Eg trur at å sjå på innflyttingsstatistikkane for berre eitt år vil gje uriktige utslag. Å gje ei gjennomsnittleg framstilling av folketal og innflytting frå heile perioden informantane har levd, vil gje eit riktigare bilete.

Eg har funne gjennomsnittlege tal for innflytting per år. Eg har ikkje teke med utflytting, for innflyttings- og utflyttingstal blir som regel brukt for å finne talet på nettoinnflytting, og det er ikkje så interessant i denne samanhengen. Det mest interessante ville vera å finne ut kor mange innflyttarar som faktisk bur i dei to dalføra, men det ville ha vore ei svært tidkrevjande oppgåve, om det i det heile let seg gjera.

Tala i tabellane syner kor mange som budde i dei ulike bygdene i Hallingdal og Gudbrandsdalen, og under viser eg kor stor prosentdel innflyttarane utgjer. Eg har også med tala frå 2006 som eit samanlikningsgrunnlag. Først kjem tala frå Hallingdal:

Stad:	Folkemengde: (gjennomsnitt per år 1978-1997):	Innflyttingar: (gjennomsnitt per år 1978-1997):
Flå	1226	47
Nes	3400	127
Gol	4164	230
Hemsedal	1630	85
Ål	4723	246
Hol	4647	308
Totalt:	19790	1043

Desse tala viser at det i perioden 1978-1997 i gjennomsnitt budde 19 790 personar i Hallingdal, og at det i gjennomsnitt kom 1 043 innflyttarar pr. år. Det betyr at i gjennomsnitt **5,3 %** av befolkninga kom som innflyttarar. I 2006 budde det 20 035 personar i Hallingdal, og 967 kom flyttande det året. Det gjev ein prosentsats på **4,8 %**.

Tala for Gudbrandsdalen ser slik ut:

Stad:	Folkemengde	Innflyttingar
	(gjennomsnitt per år 1978-1997):	(gjennomsnitt per år 1978-1997):
Dovre	3132	111
Lesja	2451	89
Skjåk	2603	66
Lom	2702	76
Vågå	4018	102
Sel	6510	193
Nord-Fron	6213	199
Sør-Fron	3513	133
Ringebu	5209	155
Øyer	4542	218
Gausdal	6483	205
Totalt:	47376	1547

I Gudbrandsdalen budde det i gjennomsnitt 47 376 personar i den aktuelle perioden, og det kom i gjennomsnitt 1 547 innflyttarar i året. I Gudbrandsdalen er altså den tilsvararande prosentatsen for talet på innflyttarar **3,3%**. I 2006 er talet **3,2 %**. Det flytta inn 1 433 personar til Gudbrandsdalen, og talet på innbyggjarar vart då 44 374. Det er berre Øyer og Gausdal som har hatt auke i folketalet, og vi ser at folketalet i Gudbrandsdalen har gått ned, mens det i Hallingdal har gått litt opp.

Kva kan ein vente å finne ved å sjå på slike statistikkar? I starten på denne undersøkinga hadde eg ei oppfatning av at det budde mange innflyttarar i Hallingdal i motsetnad til i Gudbrandsdalen, blant anna fordi bygder som Geilo og Hemsedal er store skistader og trekkjer til seg mykje arbeidskraft. Og det viser seg også i undersøkinga mi at fleire hallinginformantar har innflyttarforeldre enn gudbrandsdalsinformantane (sjå kap. 3.4.4). Innvendingane mot å stole blindt på statistikkar burde vera opplagte. Det kan vera fristande å konkludere med at dei som flyttar ut, er dialekttalande, mens dei som flyttar inn ikkje er det, eller pratar ein dialekt som er så fjern frå den lokale at han ikkje har nokon språkleg påverknadskraft. Sjølv sagt er det mange dialektbrukarar som flytter heim, og mange

som pratar bokmålsnært som flytter ut igjen. Likevel indikerer funna i undersøkinga mi, i lag med innflyttingstala over, at det bur fleire innflyttarar i Hallingdal enn i Gudbrandsdalen.

1.4 Språk og samfunn

Språket er kjelde til meir enn berre kommunikasjon, og ofte seier språket noko om kven me er eller ynskjer å vera i samfunnet. Menneskelege handlingar er vanskelege å forklare gjennom teoriar og modellar. Til det er menneskelege handlingar for komplekse. Men det går an å sjå på ulike faktorar som mogelegvis kan forklare språkleg endring.

Eg ser her nærare på omgrepet språksamfunn, før eg ser på samanhengar mellom språk og sosiale nettverk og til slutt språk og identitet.

1.4.1.Språksamfunnet

Problemet med omgrepet "språksamfunn" er at det finst så mange kriterium å byggje definisjonen på. Gumperz (1971:101) vel å bruke omgrepet "linguistic community" i staden for "speech community". Han definerer omgrepet som

... a social group which may be either monolingual or multilingual, held together by frequency and social interaction patterns and set off from the surrounding areas by weaknesses in the lines of communication. Linguistic communities may consist of small groups bound together by face-to-face contact or may cover large regions, depending on the level of abstraction we wish to achieve.

Eit språksamfunn, eller lingvistisk samfunn, skil seg altså frå eit anna ved at medlemmane språkleg eller sosialt har hyppig kontakt og felles tolking av normer. Også Labov (1980:369) har ein definisjon som gjer at språksamfunn ikkje overlappar kvarandre:

The term community assumes something held in common. The heterogeneity that the speech community shows in speech production is matched by a relative homogeneity in norms of interpretation.

Det skal altså finnast nokonlunde homogene normer for forståing og tolking, som avgrensar eit språksamfunn frå eit anna. Wardhaugh (1992:121) peikar på at det kan vera vanskeleg å stenge lingvistiske faktorar ute i så stor grad som Gumperz og Labov har gjort det. Til dømes kan klart åtskilte språk dele sosiale normer, som kva emne som er tabulagte og korleis ein helsar på kvarandre. Dermed kan Tyskland og Tsjekkia ved hjelp av sosiale faktorar utgjera *eitt* språksamfunn, fordi dei deler desse sosiale normene. Chomsky derimot, (sitert etter Wardhaugh 1992:117) definerer eit språksamfunn strengt lingvistisk, og seier at språksamfunn er ideelt sett "completely homogeneous". Bull (1991:28) hevdar at omgrepet språksamfunn er komplisert nettopp fordi det er bestemt både av lingvistiske og sosiale faktorar.

Hymes (1974:123) seier at omgrepet språksamfunn er så vanskeleg å fatte fordi det er avhengig av korleis ein definerer *grupper* i samfunnet. Til dømes kan ein frå Ål kjenne seg som ein åling i Hallingdal, som ein halling på Hønefoss, som ein søring i Tromsø og så bortetter. Dette gjer definisjonen av eit språksamfunn *subjektiv*. Det er den psykologiske realiteten for individet som bestemmer korleis eit språksamfunn blir definert. Gjennom ulike medvetne og umedvetne val av språklege strategiar bestemmer individet si kulturelle og språklege tilknytning.

Kva slags språksamfunn er Hallingdal og Gudbrandsdalen? Den vanlegaste definisjonen er lingvistisk bestemt, nemleg at i Hallingdal pratar befolkninga varietetten halling og i Gudbrandsdalen varietetten gudbrandsdalsmål. Problemet med denne definisjonen skulle vera rimeleg openbar. Det finst mange språkbrukarar som bur i Gudbrandsdalen og kjenner seg som gudbrandsdølar, men som ikkje pratar dialekten, eller som pratar såpass "utvatna" at dei vel å kalle språket sitt "blanding". Når er talemålet ikkje lenger dialekt? Og er desse språkbrukarane ein del av det lokale språksamfunnet i dalen? Hymes (1974:50-51) skil mellom det å vera medlem av eit språksamfunn, og det å vera deltakar.

To participate in a speech community is not quite the same as to be a member of it (...) Just the matter of accent may erect a barrier between participation and membership in one case, although be ignored in another. Obviously membership in a community depends upon criteria which in the given case may not even saliently involve language and speaking, as when birthright is considered indelible.

Det burde altså vera mogeleg å *både* vera medlem *og* deltakar i eit språksamfunn, berre på ulikt grunnlag. Dersom ein legg strenge lingvistiske faktorar til grunn for til dømes språksamfunnet i Vågå, kan ikkje ein som pratar svært utvatna vagvær vera medlem i dette språksamfunnet. Motsett kan same personen bli sett på som fullverdig medlem i det same språksamfunnet, fordi personen er fødd og bur i Vågå. Ein og same person kan altså høyre til fleire ulike språksamfunn, og like eins bli stengt ute frå ulike språksamfunn, alt etter kva faktorar som er viktige i dei ulike situasjonane.

Slik er Hallingdal og Gudbrandsdalen både eitt og fleire språksamfunn. Sett utanfrå kan dei to dalføra kanskje bli oppfatta som eitt språksamfunn fordi dialektane er like. I til dømes Nord-Noreg er naturleg nok kunnskapen om dialektane sørpå ikkje like høg som i Sør-Noreg. Eg opplevde som student i Tromsø å bli heimfesta både til Telemark og Gudbrandsdalen på dialekten, fordi "dere prater jo så likt". Men også kvar for seg inneheld dei to dalføra fleire språksamfunn, alt etter kva kriterium ein legg til grunn. Mange gudbrandsdølar blir svært overraska når dei oppdagar at folk utanfrå ikkje nødvendigvis forstår at det i Gudbrandsdalen finst mange variasjonar av gudbrandsdalsmålet.

1.4.2.Sosiale nettverk

Alle menneske har kontakt med andre menneske. Me blir sosialisert inn i verdiar og normer, avhengig av kven me er saman med. Den sosiale nettverksteorien prøver å syne kva sosiale krefter som verkar inn i denne sosialiseringa. Slik kjem individet i sentrum, i motsetnad til Peter Trudgills inndeling av ei befolkning i sosiale grupper (sjå pkt. 2.4.1). Eit sosialt nettverk er kontakten mellom grupper av menneske i sosialt fellesskap. Ei av dei mest kjente sosiolingvistiske undersøkingane som tok i bruk begrepet sosialt nettverk, er Lesley Milroys (1980) undersøking frå Belfast. Formålet med studiet var å finne ut kvifor informantane held på talemålsvarianten sin framfor å skifte, og kva eigenskapar ved sosiale nettverk som kontrollerte den språkleg åtferda. Nettverksteorien er eit forsøk på å stille opp mikroplanet

som eit alternativ til makroplanet. Det er individet si gruppetilknytning, menneske ein har kontakt med kvar dag, som er viktige, ikkje kva sosialøkonomisk klasse du tilhøyrrer.

Når nettverket har ein kontrollfunksjon, betyr det at nettverket er tett, og at det er stor kontakt mellom personane som inngår i nettverket. Fastlegen du går til er kanskje også medlem i vennegjengen din, kanskje trenar ho gutungen din i fotball og handlar på den same butikken som deg. Dette kallar Milroy (1980:169) *a close-knit network*, som betyr at personane i nettverket har kontakt på fleire område og altså har *multiplekse relasjonar*. Slike nettverk finn ein gjerne i rurale miljø, og burde i utgangspunktet ha overføringsverdi til Hallingdal og Gudbrandsdalen.

Den andre typen nettverk det ofte blir referert til, er opne nettverk. I eit opne nettverk ser du berre fastlegen din når du har legetime, og fotballtrenaren møter du stort sett berre på fotballbanen. Personar opptretr altså berre i *uniplekse relasjonar* til kvarandre. I slike opne nettverk blir ikkje kontrollmekanismane som opprettheld den språklege norma til gruppa like sterk, fordi individa er deltakarar i ulike nettverk, og blir påverka av ulike normer og åtferdsmønster. Slike opne nettverk finn ein gjerne i urbane miljø. Nettverksmodellen opererer ikkje med absolutte omgrep, og eit nettverk kan såleis vera meir eller mindre tett.

I nettverksundersøkingar har ein prøvd å kvantifisere relasjonane innanfor eit nettverk ved å sjå på kor tette nettverka er. Hovudinnvendinga mot denne kvantifiseringa er problemet med å operasjonalisere menneskelege verdiar, som å måle i kva grad eit individ blir styrt av normer innan eit nettverk. Mæhlum (1992:171) hevdar at ein må vurdere andre ting enn tettheit og kompleksitet når ein skal samanlikne individs sosiale nettverk, særleg når nettverka ikkje er like tette og multiplekse som Milroys nettverk i Belfast. Til dømes er språksituasjonen på Svalbard noko uoversiktleg, utan ein klar normeringsinstans. Mæhlum teikna ein modell for det sosiale rommet til ein språkbrukar på Svalbard, og fekk slik fram kva normeringsinstansar som eksisterte. Ramma for det språklege valet informantane hadde, vart danna av foreldre, venner, ein normalisert austnorsk- og ein nordnorsk språkvarietet. Med ein slik kvalitativ innfallsvinkel er det råd å finne ut kor betydningsfulle dei ulike nettverkskontaktane er. Slik kan ein forstå dei sosiale mekanismane som ligg bak individet sitt val av språkleg strategi, og dermed få auka forståing for språkleg variasjon.

John Helgander (1996:126) peikar på at språkdød handlar om at "människor överger ett språk". Det er ikkje nok å stadfeste at tette nettverk opprettheld normer og at opne nettverk

fører til oppløysing av normer. Me må forsøkje å finne ut *kvifor* det er slik, og Helgander hevdar at menneske har ein iboande vilje til utvikling og forandring. I den samanhengen meiner han at *status* og *prestisje* er omgrep som kan vera med å forklare at språkbrukarane sjølve er årsak til språkendring. Alle menneske har eit "överlevnadsbehov" (op.cit:130). Dette er eit vidt og relativt omgrep, som kan "gestalta sig på mycket olika sätt och på skilda nivåer i olika samhällen och under olika tider". Men under rette omstende vil menneske søkje utvikling mot meir sofistikerte stadium, som i denne samanhengen er eit prestisjefyllt standardspråk. Dersom menneske trur det vil ha fordel av endring, så vil det endre seg. Eg trur standardspråket har ein litt høgare status i Sverige enn i Noreg, men standardspråk har ein viss status i Noreg også (sjå diskusjonen i pkt.1.5.2). Me ser at det gjerne er dei meir utstikkande språktrekka som blir borte i dialektar, og mange av mine informantar i Gudbrandsdalen svarte at dei tykte kvamværsdialekten er stygg fordi dei snakkar så "breitt" i Kvam. Det vil seie at dei bruker mange dialektformer.

1.4.3 Språk og identitet

Talemålet kan vera eit uttrykk for den tilknytninga eit menneske har i eit sosialt rom. Kjell Venås (1991:106) beskriv identitet som sjølve menneskekjernen, det har å gjera med sjølvbiletet og livsstilen til eit individ. Språk, hevdar han vidare, er eit middel til å gje meldingar og inntrykk, kjensler og tankar, og er såleis med på å skapa identiteten til eit menneske. Men han peikar også på den tidlause sanninga ved spørsmålet Peer Gynt stilte: "Kommer ikke Kjærnen snart for en Dag?". Identitetsomgrepet er komplekst og vanskeleg å måle, og eit individs identitet er mottakeleg for mange impulsar gjennom livet. Språkendring i ungdommen treng ikkje bety at individet vil snakke slik resten av livet. Og om menneske tilsynelatande er eksponert for dei same impulsane, treng dei ikkje agere likt.

Identitetsomgrepet er dynamisk fordi eit individ kan endre ønske om tilknytning heile livet. Eit sjølvbiletet blir til i samhandling med andre, og desse andre kan individet bytte ut dersom oppfatninga av seg sjølv endrar seg. Særleg ungdom er i ein livssituasjon der dette kan skje, fordi etter vidaregåande utdanning må dei som regel ta viktige val for livet sitt. For mange betyr dette valet skifte av nærmiljø.

Den geografiske og kulturelle identiteten vår er avhengig av kor me er og i kva situasjon me er. Informanten Hallstein frå Gol reflekterte litt over spørsmålet om det er ein nødvendig samanheng mellom det å prate halling og det å kjenne seg som ein halling:

... jæ indentifiserer mæi veldi me den plassen hær...ær jæ da halling? eller...jæ føle mæi mye mer som gøling enn som halling ... ska du være halling ska du helst snakke...årtli halling ... men om jæ nødvendigvis vil ærklære mæi som halling, de væit jæ ikke...kansje får fålk som som ikke ær fra Hallingdal ... men å kalle mæi halling hær, de får jæ problem me...å de tror jæ ikke alle hallinger vil akseptere at jæ sa heller...at jæ var halling...så lenge jæ ikke snakker årtli...egentli ska du vel ha tre gennrasjoner bakåver me vaskekte får...å rent blo i årene men ... jæ tror veldi mange hallinger ikke ser på mæi som en halling men som en innflytter...sjøl om jæ har bodd hær hele live ... å dær har språk en del å si får =e= åssen en rangsjeres å sånn...så halling vil jæ ikke bli...de kan jæ ikke være...men gøling æ jæ...jæ ær halling på vestlanne...men hær ær jæ gøling...

Hallstein blir ikkje godteken som halling i Hallingdal på eit lingvistisk grunnlag, men sjølv sagt kjenner han seg like knytt til Gol som alle andre som også er fødd og oppvaksen der. Så på folkehøgskulen på Vestlandet dristar han seg til å kalle seg halling, fordi dei språklege sanksjonane ikkje er like sterke der. Det normale for ein nordmann i dag er å skifte bustad ein eller fleire gonger i livet. Eit individ kan vera fødd og bu på ein stad utan å føle tilknytning til staden. På den andre sida kan ein fortsetja med å føle kulturelt fellesskap til den staden ein er oppvaksen på, sjølv om ein ikkje bur der lenger. Omgrepa *bymenneske* og *bygdemenneske* er interessante i denne samanhengen. Det går fint an å bu på bygda og kulturelt sett føle seg mest som eit bymenneske, eller omvendt. Det er dei verdiane individet verdset som er avgjerande for identiteten, i tillegg til oppfatninga andre har av deg. Hallstein er eit godt eksempel på dette. Han har kjent språklege sanksjonar på kroppen fordi han ikkje pratar halling. Men han er fødd og oppvaksen på Gol, og han gav i intervjuet uttrykk for at han gjerne ville bli buande på Gol etter endt utdanning.

Men dersom du endrar språk fordi du kjenner deg mindreverdige som bygdemenneske i byen, endrar du då språket fordi du ønskjer ei identifisering med den nye bustaden, eller endrar du språket fordi du føler deg medvite eller umedvite pressa til det? Intensjonen bak språkendingar kan vera nokså kompleks og individuell.

Det sosial-psykologiske omgrepet *sosial identitet* dreier seg om kva eit individ har til felles med andre individ (Røyneland, 1994:114). Ein sosial identitet er altså ikkje noko du *har*, men *gjer*. Som individ vil du gjerne vera saman med menneske som du deler interesser og meiningar med. Som sagt i pkt. 1.4.2, er gruppa du er medlem av svært viktig for eigne synspunkt i periodar i livet. Dette gjeld kanskje i særleg grad ungdomstida. Det kan vera lett å la seg forme av meiningar andre har. Men du kan også koma til å skifte interesser og meiningar, og oppsøke nye grupper. Slik er identitetsbygging ein dynamisk prosess, skapt i møtet mellom deg sjølv og andre.

Le Page og Tabouret-Keller (etter Helgander (1996:26) er blant dei forskarane som har lagt vekt på språk og identitet, og som framhever at menneske utnyttar ulike språklege markørar som *identitetshandlingar* ("acts of identity"). Slik kan ein språkbrukar signalisere tilknytning til ulike grupper, alt etter kva språklege val han eller ho tek. Dette er også eit dynamisk syn på identitetsomgrepet, jamfør omgrepet sosial identitet. Men desse vala treng ikkje vera medvitne, og vala har også ulik betydning for ulike individ. For enkelte heng språkleg identitet tett i hop med kven dei ynskjer å vera, for andre har det mindre å seie.

1.5 Omgrepa dialekt, standardtalemål og regiontalemål

*Der er intet stabilt i begrebernes
verden... (Ibsen i brev til Bjørnson,
1867)*

1.5.1 Dialektomgrepet

Dialektomgrepet er eit elastisk omgrep som kan tilpassast brukssituasjonen. Om det å prate dialekt inneber noko positivt, vil definisjonen av dialekt gjerne vera vid. Om det er negativt, vil gjerne fleire vegre seg mot at dei pratar dialekt. Me skal sjå litt nærare på dei ulike definisjonane.

Dialekt eller målføre er ut ifrå ein tradisjonell definisjon ein geografisk bestemt språkvarietet. Men kva i språkssystemet skil ein varietet frå ein annan? Vanlegvis har ikkje

dette skiljet mellom system og bruk vore problematisk for dialektologien, for ein har gått ut ifrå at det innan eit geografisk område ikkje har vore særleg språkleg variasjon (Mæhlum, 1992:9).

Lars Vikør (1994:55-56) presenterer fire ulike måtar å definere dialekt på:

- a) To *lingvistiske* definisjonar: Ein dialekt er ein variant eller ei undergruppe av eit språk. Dialekten har sitt eige språkssystem, men står likevel andre varietetar så nær at han må reknast som dialekt av eit språk¹
- b) Same definisjon som i 1a), men i tillegg er dialekten knytt til eit geografisk bestemt område. Helge Sandøy (1993:20) kallar dette *geolekt*.
- c) Ein *sosiologisk* definisjon: Ein dialekt er ein varietet som ikkje er standardisert og som ikkje har nokon skriftspråksnormal knytt til seg.
- d) Ein *psykologisk* definisjon: Ein dialekt er den første talemålsvarieteten ein person lærer, uavhengig av kva samfunnsfunksjon eller status denne varietetten har.

Språkvtitarane Chambers og Trudgill definerer ulike dialektar som “varieties which are grammatically as well as phonologically different from other varieties” (1980:5). Dette er ifølgje Vikør sine kategoriar ein lingvistisk definisjon (som i 1a). Men er det nok at ei viss mengd fonologiske og morfologiske element er ulike for at ein skal kunne tale om ulike dialektar? Dialektar er også samleomgrep for sosial og individuell variasjon av språket. I *sosiolektane* har språkvariasjonane samanheng med t.d. yrke, alder, kjønn, sosial status, mens *idiolektane* syner korleis kvart individ kan ha sitt eige særpreg på talemålet sitt. I røynda pratar ikkje alle i eit geografisk område heilt likt, i motsetnad til kva det tradisjonelle synet på dialekt går ut på. Likevel har den tradisjonelle definisjonen (sjå over) noko for seg, for den største variasjonen me finn i dialektane, er nettopp geografisk bestemt.

¹ Vikør har ein individualiserande definisjon av språk (1994:49) som seier at det finst uendelege mengder ulikt oppbygde system som kan kallast språk. Men kriteria for omgrepet må definerast nærare. Heinz Kloss skil mellom ein lingvistisk og ein språksosiologisk språkdefinisjon, og kallar dei for avstands- og utbyggingsspråk (Vikør, 1994:52). Eit avstandsspråk er strukturelt eller lingvistisk heilt sjølvstendig i forhold til andre språk. Eit utbyggingsspråk blir brukt i alle samanhengar i eit samfunn, og er standardisert som skriftspråk og ofte også som talespråk. Kloss sine omgrep kan vera med å klargjera noko i jungelen av språkdefinisjonar, men det er likevel tvilsamt om det er råd å definere språkomgrepet på ein objektiv måte.

Sandøy (1993:11) hevdar i likskap med Trudgill (1980:3) at alle i utgangspunktet pratar dialekt, fordi både geolektar, sosiolektar og idiolektar inngår i omgrepet 'dialekt'. Dette inngår i den psykologiske definisjonen av dialekt. Denne definisjonen er ifølgje Vikør (1994:56) ikkje vanleg i Noreg, men blir brukt i anglo-amerikansk tradisjon.

Dagfinn Føllesdal seier at

... "en dialekt utgjør et normsystem, med regler for hva som er korrekt og ikke korrekt. Man må derfor ikke blande sammen dialekt og slurvet tale. En dialekt har sine normer, som ethvert språkssystem, og avvik fra normen betraktes som noe negativt, mens slurvet tale er avvik fra en norm, og når avviket påpekes, vil man ofte korrigere talen". (1993:20)

Føllesdal hevdar vidare at talespråket kan ikkje bli fullkome utan at det blir knytt til eit skriftspråk, for språket sine semantiske normer blir best utvikla gjennom skriftbiletet. Det er viktig å presisere at denne måten å sjå på sambandet mellom talespråk og skriftspråk ikkje er særleg vanleg. Men det kan verke som om mange av informantane i denne granskinga ser på dialekt som eit fastsett normsystem. Gunhild frå Dovre seier ho pratar eit "blandingsspråk", men ho har prøvd å prate ekte dialekt:

... "så prøvde e å prate dåvring...*årntle dåvring* liksåm...slik som ...slik som e kan prate viss e vil...prøvde liksåm å hælde på de...får e syns non ganger at de hørtes domt ut når'n slo åver, da...til østlansk dialækt, liksåm..."

Sandøy (1993:11) nemner at for mange er det oppmuntrande å få høyre at "alle pratar dialekt", for dei kjenner seg ikkje heime i den arkaiske oppfatninga av den "ekte" dialekten på heimlassen.

Kva av individuelle 'avvik' kan bli godtatt i varietetet og kva kan ikkje? Det er nødvendig å oversjå ein del individuell variasjon for å kunne bruke dialektomgrepet. Sandøy

(1993:20) omtalar dialekt som eit “ *operasjonelt*²omgrep, dvs. eit omgrep vi kan tilpasse brukssituasjonen”. Det å beskrive ein dialekt er altså å generalisere. I dette arbeidet er det interessant å sjå kor halling- og gudbrandsdalsmålet står i forhold til bokmålnær tale.

Dialektdefinisjonen eg vil leggje til grunn i dette arbeidet, er ei samanstilling av Vikør (1994:56) sin lingvistiske (1b) og sosiologiske (1c) definisjon. Ein dialekt er altså eit komplett språkssystem knytt til eit geografisk bestemt område, men er ikkje formelt standardisert og har ingen skriftspråknormal knytt til seg. Me kan seie at *idealisert* utgjer halling- og gudbrandsdalsmålet kvar for seg fullstendige språkssystem, men i røynda er det store språkvariasjonar innan kvar av desse varietetane. Ein av informantane i den kvantitative undersøkinga hadde stort behov for gradere språkvariasjonane i Gudbrandsdalen. Han kommenterte på slutten av spørjeskjemaet at ”dæ æ i Vågå oss tållå rætt!”

1.5.2 Omgrepet standardtalemål

Kva meiner informantane når dei seier dei ikkje pratar dialekt, men “bokmål” eller “bymål”? Omgrepa *standardtalemål* og *regionaltalemål* kan vera med på å oppklare noko av dette.

Kva er ei *standardtalenorm* ? (Eg vil heretter nytte omgrepet ‘*standardtalemål*’ synonymt med Vikør sitt omgrep ‘*standardtalenorm*’). Vikør (1994:66) definerer norm som “mønster eller målestokk for kva som er akseptabelt resp. uakseptabelt”.

Vanvik (1985:9) omtalar standard austnorsk som “en uttaleform som vanligvis ikke blir kritisert i avisenes leserinnlegg”. Vidare seier han at “socioøkonomisk sett brukes S.Ø. (standard østnorsk) gjerne av velutdannede personer og vanligvis ikke av folk i de laveste inntektsklassene”.

Vannebo (her sitert etter Vikør, 1994:66-70) opererer med omgrepa *internaliserte* og *fastsette* språknormer. Dei *internaliserte normene* er dei normene me ubevisst lærer når me er små, med dei endringane miljøet gjev gjennom livet. Dei er først og fremst munnlege. Dei *fastsette normene* er først og fremst skriftlege (dette gjeld land som Noreg, som ikkje har ei offisiell standardtalenorm), og blir fastlagte av organ som blir rekna som kompetente til å

² Å overføre eit materiale til ei form som let seg handsame etter visse metodar, er ikkje uproblematisk. Akselberg peikar på at problemet med å operasjonalisere sosiale faktorar er knytt til validitet, altså om me verkeleg målar det me vil måle (1997:25).

gjera dette. Desse normene blir ofte bygd på internaliserte normer som alt finst i samfunnet. Om ei norm ikkje finst i språksamfunnet frå før, vil ho ofte ikkje bli etterlevd.

Fastsette normer har 'som mål' å bli akseptert av flest moglege, men viktigast er det likevel at norma blir akseptert av eit leiande lag av befolkninga. Blir ho det, vil norma ofte også bli akseptert av dei som ikkje gjennomfører bruken av standardtalenormer, altså dialektbrukarane.

Dei fleste moderne språk har eit standardtalemål. Eit standardtalemål har helst grunnlaget sitt i skriftspråket. Det er gjort eit idealisert utval av språkformer i språksystemet, og desse får godkjenning som rette.

Noreg har som nemnt ikkje noko offisielt standardtalemål. Mykje av forklaringa på dette er at Noreg vart skapt som nasjon samtidig som nasjonalromantikken var ein verksam ideologi i Europa. Det som var ekte norsk vart framelska, og mellom anna fekk dei norske dialektene ein viss aksept (Jahr, 1989:11). Mange vil likevel hevde at det finst ein overregional standardvarietet som byggjer på skriftmålet.

Me har to normaliserte *skriftmål* i Noreg, men det er tvilsamt om me har to standardtalemål. Det finst ikkje noko nynorsk språksamfunn som kan danne grunnlaget for eit nynorsk standardspråk. Nynorsk standardtalemål finst særleg på Det Norske Teatret og i NRK, og Andreas Bjørkum uttrykte bekymring i *Språklig Samling* 2/84 over at Oslo såg ut til å bli normsentrum også for nynorsk uttale.

Eit standardtalemål, eller normalisert talemål som Papazian (1984:10) kallar det, "er "overdialektalt" og "landsgyldig" i den forstand at det brukes - i det minste av noen, av visse samfunnsgrupper (altså som en "sosiolekt") - over hele landet, og ikke er spesielt knytta til noen bestemt del av landet". Han seier vidare at normaltalemålet "iallfall på *vesentlige punkter* må være ens i hele landet", og desse vesentlege punkta forklarar Papazian som ordforrådet, bøyings- og avleiingssystemet og setningsbyggnaden. Dersom lydssystemet ikkje blir rekna som ein del av normaltalemålet, opnar det for at mange fleire faktisk pratar normert. Mange vil grammatisk prate normert, men likevel ha eit dialektalt lydssystem. Papazian nyttar nemningane 'normaltalemål' og 'normert' fordi dette talemålet byggjer på ei skriftleg norm, nemleg bokmål.

I følge Frans van Coetsem (1992:42) har standardisering to aspekt, der det eine er at ein dialekt i eit særskilt område får status over andre dialektar. Det andre aspektet er at utviklinga av denne dominansen heng i hop med at dette området har politisk, økonomisk og kulturell makt. Oslo fungerer som eit kulturelt, politisk og økonomisk sentrum i Noreg, men samsvarer det prestisjefylte standardtalemålet i Noreg med nokon *dialekt*? Sandøy (1993:16-17) hevdar at talemålet er primært og skriftmålet sekundært. Dansk skriftspråk var ei tid førebilete for talen blant eliten i Noreg, men når talemålet blir lært naturleg gjennom mange generasjonar, har me ifølge Sandøy sin psykologiske dialektdefinisjon å gjera med ein ny dialekt. Dette talemålet er knytt nært opp mot skriftmålet, og er geografisk knytt spesielt til Oslos vestkant. Så om standardtalemålet i Noreg samsvarar med nokon dialekt, er avhengig av kva dialektdefinisjon ein har.

Sandøy (1985:269) definerer standardtalemål som talemål som “*medvete* er normert etter skriftmålet”. Dette impliserer at skriftspråket har prestisje blant språkbrukarane som det rette og “normale” språket. Det kan også forklare kvifor så mange av informantane kallar det som ikkje er dialekt ‘*bokmål*’. Det er denne “folkelege” forståinga som gjer det problematisk å nytte Papazian si nemning ‘normaltalemål’. Det blir ikkje brukt i retning ‘det som byggjer på ei norm’, som Papazian sjølv legg til grunn for omgrepet, men i retning ‘det som er normalt’. Ergo er dialekten unormal og avvikande. Sandøy innfører eit skilje mellom førstespråk og andrespråk i forholdet standardtalemål - dialekt. Førstespråket eller “normaltalemålet” (1985:269) er det språket ein lærer som liten, anten det liknar eit skriftspråk eller ikkje, mens andrespråket tileignar ein seg av ulike grunnar seinare i livet. Arne Torp (1985) peikar på at det ikkje er problemfritt å skapa nye tydingar av ord som allereie eksisterer i daglegtalet. Skiljet fører med seg at for enkelte vil det ikkje vera skilnad mellom første- og andrespråk. Det er betre å skapa nye omgrep, som ‘hjartesperåk’ hjå Vidar Mørk i boka *Hjartesperåk og skriftmål* (1983). Han definerer omgrepet slik: “Hjartesperåket å ein person er det talemålessystemet som dominerte i det språkmiljøet personen levde i da han var 16 år” (1983: 46). No er det eit faktum at me har ein del flyttarar i Noreg som lett kan falle utanfor denne definisjonen. Desse må “velja” seg, bevisst eller ubevisst, det språkmiljøet som har betydd mest for dei i oppveksten. Ein som har budd ein del år i Stavern i oppveksten, vil kanskje halde fram med å seie han *eigentleg* er frå Stavern, sjølv om han har budd på Lillehammer i 30 år.

Mæhlum (1992:61) seier at det er vanskeleg å prate om ein overregional standardvarietet i Noreg, for regionale markeringar vil nesten alltid vera til stades. Derimot seier ho at “normalisert østnorsk talemål er *den*, trolig eneste, varieteten som er i stand til å signalisere det geografisk umarkerte, eller nøytrale, *samtidig* som den også vil være en markør av noe spesifikt østnorsk”. Det er altså her snakk om eit austlandsk regiontalemål som i tillegg til å gjelde for Austlandet også gjeld som ein landsgyldig, nøytral standardvarietet. Reint lingvistisk vil nok denne varieteten bli realiserast noko varierende, men han blir likevel rekna som ein varietet, nemleg det som folkeleg blir kalla ‘bokmål’. Denne varieteten kan fungere både som eit standardtalemål og eit regiontalemål, nettopp fordi han kan bli realisert på så mange måtar. Også Carol M. Scotton (1993) hevdar at språkbrukarar i usikre situasjonar vil bruke nøytralitet som språkleg strategi.

Det er vanskeleg å finne ei god nemning på standardtalemål, nettopp fordi det fordrar at eit mål er meir vanleg og meir normalt enn eit anna. Anten ein vel å bruke Sandøy sin dialektdefinisjon eller ikkje (sjå ovanfor), er det eit faktum at me har eit *uoffisielt* standardtalemål i Noreg, dvs. eit talemål som har høgare prestisje enn andre varietetar. Dette korrelerer med det talemålet som er ‘hjartespåk’ til folk som veks opp på vestkanten i Oslo. Dette er det talemålet som liknar mest på skriftspråket bokmål. Eg vel å bruke nemninga ‘standardtalemål’ i dette arbeidet, og legg Mæhlum sin definisjon i omgrepet.

1.5.3. Omgrepet regiontalemål

Fleire av informantane, særleg i Hallingdal, seier at dei pratar ‘radikalt bokmål’. Dette må vera i motsetning til ‘fint bokmål’, som samsvarar med standardtalespråket. Kva er ‘radikalt bokmål’? Det kan vera eit slags mellomspråk som godtek visse dialektord, men som likevel ligg nærast “folkeleg bokmål”.

Mats Thelander (1979 II:63-66) syner i si doktorgradsavhandling om Burträskmålet i Norrland at ei tradisjonell tospråksinndeling (dialekt-standard) ikkje høver der. Han innfører i staden ei tredeling av eit kontinuum³, der hovudmotsetnaden likevel står mellom dialekt og

³ Eit kontinuum er i følge Simonsen, Endresen og Hovdhaugen ein “gradvis overgang uten skarpere brudd eller klare grenser” (1988:307).

standardtalemål. Men det har oppstått ei ‘blandspråksnorm’, som eit resultat av dialektar i kontakt. Dette mellomspråket blir framstilt som ei fast norm som består av ei *blandingsform* mellom dialekt og standard. Sjølv om Thelander framstiller mellomspråket eller ‘regional standard’ (1979 II:64) som ei kategorisk norm, ser han likevel ikkje bort frå variasjon innan varieteteten.

Unn Røynealand definerer regionalisering som ein

“dynamisk prosess der dialektforskjellane mellom ulike lokalsamfunn innafor eit visst geografisk område vert utjamna. Utjamninga vil oftast gå i retning av det talemålet innafor det aktuelle geografiske området som relativt sett har størst prestisje kulturelt, sosialt, politisk eller økonomisk ” (forelesing i emnekrinsen ‘Språkkontakt’ 2/4-97).

Regionalisering er ei form for språkleg homogenisering. Sentrum i ein region vil ofte danne mønster for denne språklege utviklinga. Regionar kan vera utsette for “urban jumping” (Chambers og Trudgill, 1986:189), det vil seia at sentrumsmål spreier seg ved å “hoppe” frå tettstad til tettstad , og vidare ut i distriktet frå tettstaden. Sentrumsmål spreier seg ut i distriktet som ringar i vatnet, som i Steinsholt (1972) si undersøking av korleis larvikmålet påverka dialekten i Hedrum.

Kristina Karlgård (1997:31) hevdar at det skjer ei regionalisering i trondheimsområdet, der målet i kommunane innan ein nokså stor cirkumferens (Levanger i nord og Orkdal i sør) er utsette for ei utjamning av lokale dialektar til fordel for trondheimsmålet - vel å merke den folkelege utgåva av bymålet, ikkje fintrøndersk.

I kritikken sin av Hennesberg-undersøkinga, seier Mæhlum (1996:753) at språkbrukarar ikkje kodeskiftar mellom dialekt og standardtalemål slik Blom og Gumperz hevdar, men at dei pratar meir eller mindre markert dialekt, eller meir eller mindre standardtalemål. Ho seier vidare at regionale standardtalemål er

“a kind of standard varieties developed on a clear dialectal substratum. But each of these quite recently developed varieties is in fact not a homogeneous and stable entity, but rather a complex, variable and diffuse synthesis of dialectal and standard features” (1996:753)

I motsetnad til Thelander hevdar ho at ein i staden for å operere med idealiserte einingar, må sjå korleis språkbruken *eigentleg* er. Språkbruken til folk er ikkje *anten - eller*, han er *både - og*.

Er regionaltalemålet ein trinnvis overgang til eit anna *overregionalt talemål*, slik at regionaltalemålet slik blir eit slags mellomtrinn? I Danmark er det gjort ein del forskning på regionaltalemålfenomenet. Tore Kristiansen (1992:204) forklarar det som skjer i Danmark som ein språkendringsprosess som på den eine sida er “dialektudtynding”, og på den andre sida er “udbredelse av københavnsk”. Lars Brink (1974) (etter Kristiansen, op.cit) seier at Danmark om få år vil bli et “temmelig ensartet, men ingenlunde nuancefattigt fællessprogsområde”. Nyansane består då av regional innfarging av riksspråket, som er københavnsk. Men er denne regionale innfarginga eit trinn på vegen til eit heilt einsarta talespråk? Kristiansen (1992:243) seier at eit regionaltalemål sin eksistens er avhengig av om språkbrukarane er positivt medvetne om at det er regionaltalemål (og ikkje standardtalemål) dei nyttar⁴, og at dei brukar målet til å markere anten distanse til eller samhøyrigheit med ei gruppe.

Det er nok ikkje mogeleg å opprette nokon fast kategori som t.d. Thelander sitt ‘mellanspråk’ (sjå ovanfor), men tredelinga av eit språkleg kontinuum er interessant for dette arbeidet. Det ‘radikale bokmålet’ som nokre av informantane snakkar om, kan vera dette litt udefinerbare i midten av eit kontinuum der ytterpunkta er dialekt og standardtalemål.

Det er fleire spørsmål enn svar om regionaltalemål, men dette arbeidet tek likevel utgangspunkt i Mæhlum sin definisjon av regionaltalemål, og Thelander si tredeling av eit språkleg kontinuum. Regionaltalemålet er for Austlandet bygd på bokmålsnær tale, men ber preg av dei ulike lokale dialektane. Det vil vera stor skilnad på ein halling som pratar ‘bokmål’ og ein østfolding som pratar ‘bokmål’.

⁴ Det er viktig å vera merksam på at ein i Danmark ikkje pratar om dialekt - regionaltalemål - standardtalemål i denne samanhengen, men berre om regionaltalemål og standardtalemål. Me kan kanskje overføre det som her blir sagt om regionaltalemål i Danmark til å gjelde dialekt i Noreg.

1.6 Kategoriane hallingmål, gudbrandsdalsmål og blandingsmål

For denne granskinga er det austnorske kontinuumet det mest interessante, med bokmålsnær tale i den eine enden og 'ekte' dialekt i den andre. For denne granskinga blir hallingmålet og gudbrandsdalsmålet representantar for 'ekte' dialekt.

Dialektar er som tidlegare nemnt ikkje homogene og uforanderlege, men derimot dynamiske og individuelle. Men for at dialektomgrepet skal ha meining, må me operasjonalisere omgrepet. Me må etablere språkssystematiske idealiseringar.

1.6.1.Hallingmålet

Hallingmålet (1977) av Kjell Venås er den viktigaste rettesnora når det gjeld dei språklege halling-variablane i dette arbeidet. Det som først og fremst særmerker hallingmålet, er fleirtalsbøyinga av verb i presens og preteritum, og differensieringa av konsonantsambandet *-rn* til *-dn*. Det er interessant at det er nettopp desse språktrekka som er på vikande front i moderne hallingmål.

Det er noko problematisk å skulle definere kven som talar hallingmål. Vigdis Thoengen (1994: 14) definerer hallingmålet som "det målet som tales i Hallingdal av de innbyggerne som er født og oppvokst i dalen, eller som flytta dit i svært tidlig alder og senere vokste opp der". Ei noko uvitskapleg undersøking omtalt i avisa *Hallingdølen* (19/4-97) hadde som overskrift "Hallingdialekten på vikande front i skulen". Denne undersøkinga tyder på at omlag 1/3 av grunnskuleungane pratar såkalla 'bymål'. Det uvitskaplege ved undersøkinga var at lærarane ved dei ulike skulane i Hallingdal skulle anslå kor mange av elevane som prata 'bymål' og kor mange av elevane som prata hallingmål, utan at desse omgrepa vart noko nærare definert. Men undersøkinga tyder i alle fall på at det finst ein slik tendens, og eg kan derfor berre delvis slutte meg til Thoengen sin definisjon av kven brukarane av målet er.

1.6.2 Gudbrandsdalsmålet

I dette arbeidet blir ‘gudbrandsdalsmålet’ brukt som ei nemning for målet som blir prata i *heile* Gudbrandsdalen. Dette er ei forenkling i høve til korleis dei språklege forholda i dalen faktisk er. Dalen er tjue mil lang, og har til dels store dialektvariasjonar. Dalen kan grovt sett delast i tre: Sjørdalen (Fåberg og Øyer), midtdalen (Ringebu, Sør-Fron, Nord-Fron og Gausdal⁵) og norddalen (Sel, Vågå, Lom, Skjåk, Lesja og Dovre). Hans Ross (etter Langleite, 1974: 90) rekna sjørdalsmålet som del av ‘opplandsmålet’ eller ‘flatbygdmålet’ fordi dei har så mange sams språktrekk, t.d. pronomena ‘vi’, ‘jæ(i)’, ‘mæi’, ‘sæi’, -r i ubunden fleirtal, ingen vokaltrekk, vanleg austnorsk mønster på gamalnorske stuttstavingar, trykk på fyrste staving osv. Sigurd Kolsrud (etter Øverby, 1974:23) vel å rekne gudbrandsdalsmål frå og med Fåberg i sør. Sams for mykje av dalen er til dømes den gamalnorske stavingslengda (ned til og med fronsbygdene), levande jamvektsaksent i jamvektord (til og med Ringebu og Gausdal), bortfall av -r i ubunden fleirtal (til og med Ringebu og Gausdal) og dativ⁶ (heile dalen). Eg har valt å nytte Erling Langleite (1974) “Gudbrandsdalsmål” og Gunnar Jenshus (1986) *Fronsmålet* som dei viktigaste rettesnorene i arbeidet med dei språklege variablane.

Det ville ikkje ha vore tenleg å skilja dei ulike informantane i dette arbeidet etter kvar i dalen dei kjem frå⁷. Det interessante her er å forsøke å måle i kva grad det skjer eit målskifte, og i kva grad det er mogeleg å forstå kvifor eller kvifor ikkje endringar skjer.

1.6.3 Blandingsspråket

Den språklege variasjonen eg forsøker å skildre, er vanskeleg å beskrive som ein dikotomi. Det er ikkje snakk om ei veksling mellom standardvarieteten og dialektvarieteten, men heller ei blanding av dei to. Mats Thelander hevdar at også informantane er klar over at det finst ein “namnlös mellanvariant” (1979 II: 71) som er meir eller mindre standard eller dialekt. Sjølv om dette kombinasjonsspråket har i seg språkdrag frå båe varietetane, er det vanskeleg å danne ein eigen kategori med utgangspunkt i dette materialet.

⁵ Arne Torp (1999:87) peikar på at gausdalsmålet høyrer meir til midtdalen enn sjørdalen, bortsett frå pronomenet “vi”.

⁶ Som nemnt er bruken av dativ på vikande front også i Gudbrandsdalen, men stort sett vil språkbrukarar på 40-50 år og eldre bruke dativ. Det er også meir bruk av dativ nord i dalen enn i sør.

⁷ Den “synste” av informantane kjem frå Fåberg, den “nørste” kjem frå Lesja

Kapittel 2: Metode

“The fundamental sociolinguistic question is posed by the need to understand why anyone says anything”

(Labov, 1979:207)

Først i dette kapitlet vil eg sjå på dei idealtypiske ulikskapane der kvantitativ og kvalitativ metode representerer kvar sine ytterpunkt (Grønmo, 1982:95). Methodediskusjonen her tek også for seg innsamling og handsaming av eit språksosiologisk materiale. Deretter går eg inn på mitt eige metodeval og val av informantar.

2.1 Metodar for å registrere språkleg variasjon

Framstillinga i dette kapitlet byggjer i hovudsak på Grønmo (1982), men også på andre kjelder (t.d. Kalleberg (1982), Venås (1991), Mæhlum (1992), Trost (1993), Røynealand (1994), Kristoffersen (1996) og Akselberg (1997)).

Det labovske paradigmet har vore det dominerande innan sosiolingvistikken sidan William Labov gjorde sine granskingar på 1960- og 70-talet. Den store TAUS-undersøkinga i Oslo på 1970-talet er døme på granskingar som var sterkt inspirert av Labov.

Innsamlingsteknikkane var kvalitative, det vil seie at informantane vart intervjuet av ein av forskarassistentane, i motsetnad til å få eit spørjeskjema tilsendt i posten. Men handsaminga av materialet var i stor grad kvantitativ, som gjekk ut på å sjå på samanhengen mellom sosiale forhold og det språkelege talmaterialet. Kritikken som i ettertid har kome på det labovske paradigmet, går i særleg grad ut på kva det er påvisinga av korrelasjonar mellom sosiale forhold og variasjonar i språket eigentleg seier noko om, og om kvantifisert data seier meir om den teoretiske modellen enn om røynda. Gunnstein Akselberg (1995:65) hevdar at ”det sentrale er ikkje kva sosial klasse informanten tilhøyrer eller kva nettverkstype som

karakteriserer handlingane hans. Det viktige er å få fram korleis informanten, medvite eller umedvite, forstår omverda”.

Kvalitative og kvantitative metodar

Sosiolingvistikken er oppteken av korleis sosiale forhold påverkar språkleg variasjon. Peter Trugill seier at “sociolinguistics, then, is that part of linguistics which is concerned with language as a social and cultural phenomenon” (1974:32). Men korleis finn ein ut av samanhengen mellom den språklege variasjonen og sosiale forhold? Det er ulike oppfatningar om korleis ein løyser dette problemet best metodisk.

Det er dei vala ein gjer i samband med den undersøkinga ein går i gang med, som bestemmer kva metode ein bruker i innsamlinga og i bearbeidinga av data. Desse vala er etter Grønmo (1982:95) *strategiske*, ikkje *prinsipielle*. Det er problemstillinga ein ynskjer å undersøkje, som er avgjerande for val av metode. Den eine metoden er ikkje nødvendigvis meir “vitskapleg” enn den andre.

Hellevik gjev desse definisjonane av kvalitativ og kvantitativ metode:

Med dette [kvantitativ metode] menes framgangsmåter der forskeren først systematisk skaffer seg sammenliknbare opplysninger om flere undersøkelsesobjekter av et visst slag, så uttrykker disse opplysningene i form av tall, og til slutt foretar en analyse av mønsteret i dette tallmaterialet.

Vidare seier han om kvalitativ metode:

metoder der forskeren gjør en mindre systematisk [...] bruk av data for å besvare et empirisk spørsmål. Han baserer seg på sin evne til å leve seg inn i og oppfatte et mønster i det mangfoldet av sanseintrykk han mottar, i stedet for å trekke ut et begrenset antall aspekter ved helheten, og så måle og analysere dem ved hjelp av tall (Hellevik, 1977:8).

Som oftast er kvantitative metodar nytta i sosiolingvistiske granskingar, men særleg sidan 90-talet har også kvalitative metodar vorte meir brukt. Den tilsynelatande opposisjonen mellom kvalitativ og kvantitativ metode har sin bakgrunn i det vitskapsteoretiske nivået. Mæhlum (1992:93) nemner vesenskilnaden mellom dei historisk-hermeneutiske vitskapane på den eine sida og dei empirisk-analytiske vitskapane på den andre sida. Desse to forskingstradisjonane sine forskingsobjekt er svært ulike. Dei historisk-hermeneutiske vitskapane arbeider med produkt av menneskeleg åtferd som er uttrykk for bestemte meiningar. Dei empirisk-analytiske vitskapane forklarar sine forskingsobjekt, som er av ein meir subjektlaus, mekanistisk natur, ut frå målbare lovmessige generaliseringar. Ho seier vidare at

den tradisjonelt sterke forkuseringen i sosiolingvistikken på rigide formaliserings- og typologiseringsprosesser gjennom ulike frekvens- og korrelasjonsanalyser, signifikansmålinger og statistiske generaliseringar, er følgelig en nokså direkte overføring av opprinnelig naturvitenskaplege idealer til utforskingen av en sosial virkelighet (Mæhlum 1992:93).

Grønmo (1982:96ff) syner til fire generelle aspekt ved samfunnsvitskaplege undersøkingar. Desse aspekta kan vera nyttige å reflektere over i starten av eit undersøkingssopplegg: a) kva problemstilling granskaren vel å undersøkje, b) kva metodisk opplegg granskaren vel, c) kva forhold granskaren har til datakjeldene og d) kva tolkingsmogelegheiter granskaren har når materialet er samla inn.

a) kva problemstilling granskaren vel

Når formålet med ei undersøking er å skildre ein situasjon med statistiske generaliseringar, kan *kvantitative metodar* høve best. Ifølgje Akselberg går kvantitativ metode i sosiolingvistikken ut på “at ein operasjonaliserer og kvantifiserer dei uavhengige sosiale faktorane og kvantifiserer dei avhengige språklege variablane, og gjennomfører dinest statistiske korrelasjonsstudiar mellom dei ” (1997:24).

I undersøkingar der formålet er å skildre heilskapen ved ein situasjon, kan analytiske skildringar vera den beste reiskapen. I slike undersøkingar er det *kvalitative metodar* som

høver best. Om kvalitativ metode i sosiolingvistikken seier Akselberg at den ofte fanger opp det den kvantitative metoden ikkje klarer, nemleg det å sjå språkleg variasjon i ein større og meir samansett samanheng, og ut ifrå denne samanhengen prøve å forstå kvifor språkleg variasjon oppstår (1997:26).

b) kva metodisk opplegg granskaren vel

Kvantitative undersøkingar er i sterk grad prega av strukturering. Dette betyr at ein ikkje kan endre opplegget mens undersøkinga pågår, fordi det er eit poeng at alle spørsmåla blir samla inn og handsama på same måten. Det ligg ein systematikk til grunn for kvantitative undersøkingar. *Kvalitative undersøkingar* er kjenneteikna av fleksibilitet. Ettersom undersøkinga går framover, kan granskaren få nye erfaringar som gjer at han/ho kan gjera små justeringar av metoden som blir brukt ved innsamlinga av materialet.

c) kva forhold granskaren har til datakjeldene

I større *kvantitative undersøkingar* er det vanleg at granskaren sitt forhold til kjeldene er prega av avstand, og at granskaren først har “nærkontakt” med datamaterialet når det blir analysert. Datainnsamlinga skjer då ved hjelp av assistentar. Ved *kvalitative undersøkingar* kan granskaren ha eit nærare forhold til datakjeldene, dvs. at granskaren sjølv arbeider direkte med kjeldene.

d) kva tolkingsmogelegheiter granskaren har

Data i undersøkingar med *kvantitative tilnæringsmåtar* kan uttrykkjast i tal og slik gå inn i statistiske generaliseringar. Problemet med ein slik analyseteknikk er at materialet er såpass avgrensa at ein kan spørja kor relevante desse presise tolkingane er. Spørsmåla i t.d eit spørjeskjema må operasjonaliserast, og ikkje alle svar eignar seg til talfesting. Dermed står materialet i fare for å bli overflatisk. *Kvalitative tilnæringsmetodar* gjev betre høve til relevante tolkingar fordi granskaren har eit såpass nært forhold til kjelda. Problemet her er at

materialet kan bli lite einskapleg. Om opplegget blir mykje endra i løpet av datainnsamlinga, står ein i fare for å få ulike typar informasjon. Slik kan materialet få avgrensa gyldigheit.

Den følgjande oppstillinga er lik Grønmo si oppstilling av trekk ved undersøkingsopplegg basert på kvalitative og kvantitative data (1982:99), og oppsummerer punkta over:

Aspekt ved undersøkinga	Kvalitative data	Kvantitative data
Problemstilling:	Analytisk skildring	Statistisk generalisering
Metodiske opplegg:	Fleksibilitet	Strukturering
Kjelde:	Nærleik og sensitivitet	Avstand og selektivitet
Tolkingsmogelegheit:	Relevans	Presisjon

Grønmo (1982:95) peikar på at omgrepa kvalitativ og kvantitativ først og fremst syner til ein *eigenskap ved dei dataa* som blir samla inn og analyserte. Eit materiale kan ha både kvalitative og kvantitative eigenskapar. Det er slik sett ingenting i vegen for å til dømes *handsame* eit materiale kvantitativt, sjølv om det er *samla inn* kvalitativt.

Det er viktig å presisere at forholdet mellom kvalitativ og kvantitativ metode som oftast blir framstilt som motsetnader for framstillinga si skuld. I røynda er “motsetnadene” ytterpunkt på ein skala. Ved hjelp av såkalla *metodetriangulering* kan ein bruke fleire metodar for å studere same fenomenet (Kalleberg, 1982:32). I ei metodetriangulering treng ikkje kvalitative og kvantitative metodar stengje kvarandre ute, tvert imot kan dei utfylle kvarandre. Dei svake sidene ved kvantitativ metode kan bli styrkte ved at ein i tillegg nyttar seg av kvalitativ metode, og omvendt. Jette Fog (1982:37) peikar på at den feilen mange gjer, er å velja seg ein metode *før* sjølve undersøkinga tek til.

Grønmo (1982:114) set m.a. opp desse fordelane med *metodetriangulering*:

a) Lettare å teste *validiteten* til metoden, altså om det er godt samsvar mellom resultatata av ulike undersøkingar som ser på same fenomen med ulike metodar.

- b) Styrke *tilliten* til analysen. Dersom ulike metodar gir like analyseresultat, er det sannsynleg at resultatet ikkje kjem av noko særlege ved metoden som er brukt.
- c) Dersom det skulle vera skilnad på resultata etter at ulike metodar er brukte, kan det føre til *nye tilnærmingar* og *nye tolkingar*.
- d) Metodetriangulering kan fremja *teoretisk integrasjon* og *syntesedanning*, fordi ein blir nøydd til å sjå på fenomen frå ulike synsvinklar. Dette fører til ei meir heilskapleg og nyansert vurdering av fenomen ein ynskjer å granske.

Vidare syner Grønmo (1982:115-121) til fire *strategiar* ved metodetriangulering:

- a) kvalitative forundersøkingar for kvantitative undersøkingar
- b) kvalitative undersøkingar som oppfølging av kvantitative undersøkingar
- c) parallell utnytting av kvalitative og kvantitative tilnærmingar under både materialinnsamling og -analyse
- d) materialinnsamlinga byggjer på kvalitativ metode, mens analysen byggjer på kvantitativ metode.

2.2 Innsamling av eit språksosiologisk materiale

2.2.1 Kvantitative innsamlingar

Granskarar som vel å samle inn materialet kvantitativt, tek gjerne eit tilfeldig utval av einskildindivid, og prøver å trekkje generelle konklusjonar av dei dataa som blir samla inn. Målet er å oppnå eit breitt og representativt oversyn over språkbruken i t.d. eit visst språksamfunn. Slike granskingar undersøker ofte *mange einingar*, men må som regel konsentrere seg om nokre *få aspekt* ved desse einingane.

Når granskaren har funne ut kva problemstilling han/ho ynskjer å undersøkje, er det på tide å sjå nærare på korleis han/ho kan samle inn materialet. I kvantitative undersøkingar kan alternative metodar for innsamling av materiale t.d. vera *spørjeskjema* med på førehand fastlagte spørsmål eller strengt strukturerte *intervju*. I spørjeskjema som skal fyllast ut skriftleg av informanten, er gjerne svaralternativa fastlagte for å lette operasjonaliseringa av materialet. Innsamlingsprosessen ber preg av at intervjuet er fastlagt på førehand. I ein såpass fastlagt situasjon får ikkje intervjuaren og informanten høve til å tilpasse seg kvarandre, som

t.d. ved å finne eit samtaleemne som interesserer informanten. Det er ikkje ein gong sikkert at intervjuaren og forskaren er same person. Forskaren kan (som nemnt i pkt. 2.1) lett få avstand til materialet.

Gruppeintervju kan vera ein fordel framfor individuelle intervju fordi deltakarane kontrollerer kvarandre. Nordberg (1982:105) hevdar at dersom målet med innsamlinga er å få så mykje tale som råd, er det best å la informantane vera åleine. Informantane pratar gjerne meir utan ein framand til stades. Ei gruppe pratar helst mest når ho er rekruttert *innanfrå*, altså at alle i gruppa kjenner kvarandre.

Ein annan måte å samle inn materiale på, er via telefonen. Det er fleire fordelar med denne metoden. Informanten er i eit velkjent miljø, og det kan vera lettare å prate med framande fordi informanten kan kjenne seg anonym. Ei av ulempene med denne metoden er at granskaren ikkje får noko inntrykk av kroppsspråket, og dermed kan miste viktig informasjon. Labov (1966:60-61) fann også ut at stilnivået på telefonsamtaler ligg i mellom såkalla "casual style" og "careful style". Stilnivået kan altså vera noko meir formelt enn i ein vanleg intervjusituasjon.

Ideelle kvantitative data er objektive, fullstendige, operasjonaliserbare og reproduserbare (Røyneland, 1994:47). Materialet inneheld både *språklege variablar*, t.d. fortidsbøying av sterke verb, pronomenbruk og så vidare, og *samfunnsmessige faktorar* som kjønn, alder, økonomisk bakgrunn og så vidare. Dataa blir registrerte og deretter kvantifiserte. Målet med innsamlinga kan til dømes vera å generalisere og spå språkbruken i eit visst språksamfunn.

2.2.2 Kvalitative innsamlingar

Om granskaren vel å sjå meir på spesielle forhold for å få ei meir heilskapleg forståing, kan kvalitative metodar vera nyttige i innsamlinga av materialet. Dette er gjerne intensive granskingar som prøver å gå i djupna av det som blir undersøkt. I motsetnad til kvantitative innsamlingar konsentrerer desse granskingane seg om *få einingar* og *mange aspekt* ved desse einingane.

I undersøkingsopplegg som har som mål å få ei djupare heilskapsforståing, er samhandlinga mellom intervjuaren og informanten meir open, dvs. at begge må prøve å tilpasse seg kvarandre i løpet av intervjuet. Det er vanleg å nytte seg av få informantar i kvalitative undersøkingar. Vanlege innsamlingsteknikkar er uformelle intervju eller deltakande observasjon. Kvar enkelt av informantane er meir tilgjengelege for forskaren i eit slik undersøkingsopplegg, fordi han/ho kan stille tilleggsspørsmål og gå meir inn i tema som gjeld ein informant spesielt.

Kalleberg syner til at det er særleg to trekk som karakteriserer kvalitativ metode (1982:24). Det eine er samhandlinga mellom granskaren og informanten. For å kunne forstå informanten på *premissane til informanten* må granskaren ha god innsikt i *si eiga* deltaking i intervjuet. Mæhlum kallar dette eit *subjekt- subjekt-forhold*, i motsetnad til kvantitative granskingsopplegg som ofte er prega av eit *objekt - subjekt-forhold*. Mellom informanten og granskaren "(...) utvikles et kommunikasjonsfelleskap som gir forskeren en potensiell tilgang på informasjon, og dermed også økte muligheter til å kunne reflektere over de sosiale prosessene, mekanismene og samhandlingsmønstrene som forekommer" (Mæhlum 1992:101). Det andre trekket Kalleberg framhevar, er dei ulike teknikkane som gjer at granskaren får den innsikta og nærleiken til materialet han/ho vil ha. Døme på slike teknikkar er respondentintervjuing og direkte deltaking (1982:24). Noko som særmerker kvalitative metodar, er at tolkinga også går føre seg *under intervjuet*. Dette illustrerer fleksibiliteten i teknikkane. Nye erfaringar kan føre til endring i granskingsopplegget, som igjen kan føre til ny utvikling av hypotesar og teoriar.

Røyneland peikar på den doble informasjonsverdien som ligg i eit kvalitativt intervju. På den eine sida får ein informasjon om korleis informanten opplever verda, på den andre sida får ein informasjon om korleis språkbruken til informanten er. Kvalitative intervju "retter fokus både mot *uttrykksida* og mot *innhaldssida* ved datatilfanget" (Røyneland 1994:57) [mi utheving]. I staden for å følgje ei fastlagt spørjelite, som er vanleg i kvantitative innsamlingar, følgjer intervjuaren heller ei *temaliste*. Kvart nytt spørsmål er avhengig av det førre. Det finst også variantar av det kvalitative intervjuet som er heilt ustrukturerte og utan noka form for førebuingar i det heile. Akselberg hevdar at intervjuaren ikkje skal stille spørsmål som går direkte på emnet for granskinga. Slik får ein innsyn i informanten sine språkhaldningar og tankar om eigen livssituasjon, og på den bakgrunnen kan ein forstå språkbruken til informanten (Akselberg 1997:27).

Målet med å samle inn *kvalitative data* er å få fram det subjektive og nære ved det ein vil undersøkje. Kvalitative data skal ifølgje Røyneland (1994:48) innehalde “mange opplysningar om få einingar og vere sensitive overfor variasjon for å gi eit mest mogleg djupt og breitt bilete av det aktuelle sosiale rommet”. Datamaterialet blir ikkje berre objektivt registrert, men også tolka på bakgrunn av den opplevinga individet har av verda.

2.3 Handsaming og tolking av eit språksosiologisk materiale

2.3.1 Kvantitativ handsaming og tolking

Labov har arbeidd mykje med å finne fast samsvar mellom sosial bakgrunn og språklege variablar. For å finne ut av dette må den sosiale bakgrunnen operasjonaliserast, og som nemnt tidlegare er dette ikkje uproblematisk (språklege variablar skal også operasjonaliserast, men det er ikkje så problematisk). Venås hevdar at det er vilkårleg kvar grensene blir sette i den tradisjonelle inndelinga mellom sosialklasse 1, 2 og 3, fordi det er først og fremst inntekt, utdanning og yrke som er lagt til grunn for å skilja dei sosiale laga i samfunnet, og slike skilje endrar seg med tida (1991:150). Karlgård har eit interessant poeng når ho hevdar at denne inndelinga ikkje er særleg god med tanke på skilnaden i sosial og økonomisk status ein med artium har i dag i forhold til for 50 år sidan (1997:60). Alder er heller ikkje enkelt å operasjonalisere. Når er ein tildømes vaksen? Det må bli opp til den einskilde granskaren å dele informantane inn i alderssteg.

Venås deler sosiale og språklege variablar inn i *bundne* og *ubundne variablar* (1991:151). Eg tykkjer desse omgrepa har mykje for seg, for dei syner oss at dei sosiale variablane er ubundne på den måten at det er opp til den einskilde granskaren å bestemme kva for rammer som ligg til grunn for inndelinga. Språklege variablar er avhengige av eit visst språkssystem, og er såleis bundne. Granskaren står fritt til å velja kva språktrekk han/ho vil undersøkje, men han/ho kan ikkje leggje vilkårlige rammer til grunn for variablane (meir om operasjonalisering i pkt. 2.4.1).

Av det innsamla materialet skal granskaren altså prøve å trekkje generelle konklusjonar. Døme på analysemetodar som er brukte på kvantitativt innsamla materiale, er frekvensanalyse og korrelasjonsanalyse. Handsaminga av materialet skjer i hovudsak *etter* at

materialet er samla inn. Dette er statistiske metodar, der målet er å syne så representativt som råd korleis informantgruppa pratar. Frekvensanalysar er utrekningar som “set opp mot kvarandre visse språklege fenomen i det sosiale utvalet ein har gjort” (Venås, 1991:152). Korrelasjonsanalyse er å finne samsvar mellom språklege og sosiale variasjonar. Denne struktureringa skaffar presise konklusjonar og oversyn av det innsamla materialet. Fordelen er at ein kan vurdere samanhengar som gjeld ganske omfattande samfunnsforhold. Ulempa ved så sterk strukturering er at tolkingane også kan bli “strukturerte”, altså ei oppvising av teknisk dugleik (Grønmo, 1982:113). For mykje strukturering og kvantifisering kan føre til manglande innsikt. I undersøkinga si om bymålet i Trondheim, har Fintoft og Mjaavatn (1980) valt å dele informantane inn i grupper etter t.d. kjønn, alder, kvar dei bur og yrke, og ser på desse gruppene som homogene. I handsaminga av det innkomne materialet frå dei ulike gruppene, har dei altså valt å sjå på gruppa under eitt. Dei har registrert ein variabel som t.d. personleg pronomien i 1. person eintal, og funne ut at 33 % i ei bestemt gruppe seier “*jei*”, mens 67 % seier “*æ*”. Fintoft og Mjaavatn får ikkje fram om nokre av informantane kanskje vekslar mellom å seia “*jei*” og “*æ*”. Slik kan kvantitative metodar gjera resultatet ufullstendig. Ein annan ting er at kvantitative undersøkingar krev svært godt forarbeid, for ein kan ikkje endre undersøkingsopplegget og rette eventuelle feil mens ein samlar inn materialet.

Tabellar samanfatar og klargjer resultatet av kvantitative handsamingar og tolkingar. Ei fallgruve er at framstillinga blir så samanfatta og forenkla at ho blir for enkel. Resultata kan bli så generelle at dei blir abstrakte. Tala frå datamaterialet blir ofte rekna om til prosent, og prosenttala formidlar dei viktigaste poenga i ei undersøking. Måten me får ein prosentsats på, er å måle frekvensen av variantar på ein viss språkleg variabel. Prosentsatsen er knytt til ein bestemt situasjon, og spørsmålet er om ein får same prosentsatsen dersom ein gjennomfører intervjuet ein gong til (Kristoffersen, 1996:227). For at dette skal vera råd å gjennomføre, legg Kristoffersen til grunn den føresetnaden at språkbrukarane fullt ut er styrte av sosiale kontekstar. Men han seier også at denne føresetnaden krev at det me undersøker, er stabilt og mogleg å spå (1996:228). Det er som kjent svært vanskeleg å spå menneskeleg åtferd. Kristoffersen framhevar at dette ikkje er ein veikskap ved metoden, men ein *eigenskap ved røynda*.

2.3.2 Kvalitativ handsaming og tolking

Trost (1993:9) hevdar at ein av skilnadene mellom kvantitative og kvalitative metodar, er måten ein ser variablar på. Kvantitativ forskning ser på variablar som *verdiar*, t.d. har variabelen *kjønn* dei to verdiane *menn* og *kvinner*. I motsetnad til dette ser kvalitativ forskning på variabelen *kjønn* som *kategoriane* menn og kvinner. Ved hjelp av *omgrep* utviklar og dannar granskaren *kategoriar* som systematiserer datamaterialet. Kvantitative variablar har såkalla statisk verdi, mens kvalitative kategoriar skal vera meir dynamiske og gjevande, og evnar betre å gå djupare inn i materialet. Grønmo innvender at innhaldet av og meininga med ein kategori kanskje ikkje er så interessant så lenge ein veit lite om *utbreiinga* av kategorien (1982:110).

Trost hevdar vidare at “vår analys och vår tolkning är avhängig av den enskildes personliga tycke och smak” (1993:74). Det er mange måtar å bearbeide materialet på, og kvar enkelt må finne ut kva han/ho får best til. Det er også viktig at granskaren sjølv har gjort alle intervjuar, for det kan vera at kroppsspråket, skifte av ansiktsuttrykk osv. har mykje å seia for heilskapsbiletet ein skapar seg av ein informant.

Kalleberg kritiserer at det å nytte seg av kvalitative metodar er ein “kunst” (1982:20). Det at denne metodebruken skal vera intuitiv og opp til talentet til den einskilde, hindrar mange i å prøve seg på kvalitativ metode. Det burde vera mogeleg å drive opplæring i kvalitative metodar, så slepp den einskilde å prøve og feile.

Som nemnt i pkt. 2.2.2, er ein viktig skilnad på kvantitative og kvalitative tolkingar at kvantitative tolkingar i hovudsak skjer *etter* at materialet er samla inn, mens kvalitative tolkingar skjer *samstundes* med innsamlinga av materialet. Granskaren må vera i stand til å “spela på lag” med informanten, og det er difor vanskeleg å standardisere både innsamlings- og handsamingsteknikkane. Det seier seg sjølv at materialet kan bli stort og uoversiktleg, sjølv om kvalitative undersøkingar som regel har ganske få informantar. Fordelen med metoden er djup innsikt i den verda informanten lever i. Ulempa er at materialet er såpass begrensa i omfang pga. få informantar, at det kan vera vanskeleg å få perspektiv på det ein vil undersøkje.

Resultatet av handsaminga og tolkinga blir for ein stor del synt gjennom *sitat* i kvalitative undersøkingar. Desse sitata skal vera med og utdjupe og klargjera visse fenomen. Det er ein interessant detaljrikdom i sitata, som gjev ei djupare forståing av dei fenomena ein

undersøkjer, men detaljrikdommen kan også skapa problem fordi han kan bli overveldande. Grønmo peikar også på at sitatutveljing kan vera vanskeleg, fordi det å velja er knytt til både personlege oppfatningar og den sosiokulturelle bakgrunnen til granskaren (1982:113).

Grønmo samanfattar hovudtrekka ved handsaming av kvantitative og kvalitative data slik (1982:109):

Aspekt ved handsaminga	Kvalitative data	Kvantitative data
Siktepunkt for handsaminga	·Heilskapleg forståing av spesifikke forhold ·Innsikt ·Utvikling av hypotesar og teoriar	·Representativt oversyn over generelle forhold ·Breidde ·Testing av hypotesar og teoriar
Viktige element i handsaminga	·Omgrep, kategoriar og typologiar ·Innhaldet av kategoriar	·Frekvensar, fordeling, korrelasjonar ·Utbreiinga av kategoriar
Organiseringa av handsaminga	·Handsaming og tolking parallelt med datainnsamlinga ·Ingen standardiserte handsamingsteknikkar ·Materialet kan bli uoversiktleg	·Handsaming og tolking etter datainnsamlinga ·Ein kan handsame store datamengder ved hjelp av EDB og statistiske teknikkar
Formidling av analyseresultata	·Illustrasjon ved hjelp av sitat	·Dokumentasjon ved hjelp av tabellar

2.4 Eige metodeval

Utgangspunktet for ei gransking må som nemnt vera *kva ein ynskjer å undersøkje*. Eg fann det interessant å finne ut om mine usystematiske observasjonar i Hallingdal og Gudbrandsdalen var rette, altså om det er skilnad på kor mykje den heimlege dialekten er nytta i dei to dalføra. “Konkurrenten” den heimlege dialekten har i desse to dalføra, er såkalla bokmålsnær tale (sjå meir om omgrepa dialekt og standardtalemål i pkt. 1.3). Eg måtte altså finne ein måte å måle om informantane nytta dialekt eller bokmålsnær tale.

Inspirert av Grønmo (1982:117) har eg valt å samle inn hovuddelen av materialet mitt med å intervju 136 informantar ved hjelp *kvantitativ metode* og spørjeskjema. Denne kvantitative delen er følgt opp av ei *kvalitativ undersøking*. Her har eg har intervjuet seks av dei 136 ved hjelp av ei temaliste og ein bandopptakar. Denne metodetrianguleringa byggjer på følgjande resonnement:

”På den ene siden kan det være nødvendig å supplere kvantitative undersøkelser med mer kvalitative studier for å forstå de generelle resultatene av de kvantitative analysene. På den annen side kan den generelle oversikt som oppnås ved hjelp av kvantitative analyser, være et viktig grunnlag for strategiske vurderinger av hvilke fenomener eller problemer som det er særlig viktig å fokusere ved hjelp av mer intensive, kvalitative oppfølgingsundersøkelser.” (Grønmo, 1982:117).

Ved å kombinere metodane på denne måten kan eg både få ein tilstandsrapport om dei språklege forholda⁸ i dei to dalføra, og i tillegg få høve til å trengje djupare inn i nokre viktige område, som t.d. kva forhold informantane har til heimplassen, kva dei tykkjer om forholdet bygd - by, kva dei tykkjer om dialektbruk og så vidare.

Situasjonen blir *beskriven* med å syne kor mange av informantane som pratar dialekt i Hallingdal og Gudbrandsdalen, men ei slik framstilling *forklarar* ikkje kvifor forholda er som dei er. Mæhlum kritiserer bruken av statistiske korrelasjonar mellom sosiale og språklege variablar som *forklaringar i seg sjølv* (1992:94). Språket som *sosialt fenomen* kan me få betre inntrykk av ved å samtale med informantane, og slik få tilgang til kva tankar og meiningar som skipar “verda” deira.

2.4.1 Operasjonalisering av sosiale variablar

For å kunne måle sosiale og språklege variablar opp mot kvarandre, må ein som nemnt operasjonalisere variablane. Etter Trudgill er det å klassifisere informantane etter sosiale variablar som til dømes alder og kjønn ganske enkelt (1994:59). Han hevdar at det også er

⁸ Det er viktig å presisere at eg ikkje prøver å laga ein *total tilstandsrapport* om språkbruken i dei to dalføra. Eg har intervjuet 18-20 åringar, og kan såleis berre seia noko om korleis dei pratar og tenkjer (meir om dette i pkt.2.5.1).

viktig å dele informantane inn etter sosial lagdeling, særleg i byane. Han innrømmer at omgrepet klassesdeling kan vera komplekst:

Social class is, of course, a complex notion, but linguists have normally taken a relatively elementary approach to classifying informants ... Speakers are generally grouped according to factors such as their occupation, income, education and housing (Trudgill 1994:59).

I si eiga Norwich-gransking delte Trudgill informantane inn i fem grupper, nemleg middel middelklasse, lågare middelklasse, øvre arbeidarklasse, middel arbeidarklasse og lågare arbeidarklasse, basert på yrke, utdanning, yrket til far, buforhold og kvar i byen/på staden informantane budde (Trudgill 1994:67). Når ein lagar slike sosialindeksar som Trudgill her gjer, er det eit problem kva faktorar som skal med og kva ein kan utelata. I dag ville me spørje oss kvifor yrket til far kan vera med å bestemme språkbruken til informantane, og ikkje yrket til mor. Svaret er sjølvstakt at det har skjedd ein del på kvinnesaksfronten sidan 1974.

Eg har alt vore inne på (i kap. 2.3.1) at ramma rundt ein sosial variabel kan vera ganske vilkårleg, og dette kan skapa problem når ein operasjonaliserer dei sosiale faktorane. Informantane i granskinga mi er såpass unge at ei eventuell plassering i ei sosial lagdeling må bli basert på foreldra, og eg spurte dei difor i spørjeskjemaet om kva yrke mor og far hadde. I motsetnad til Trudgill møtte eg problem i handsaminga av dette spørsmålet. Det var vanskeleg å veta akkurat *kvar* skilja mellom yrka skulle gå, og kva skilnaden på økonomisk status og sosial status var. Ragnhild Sævik (2001:7) har i si hovudoppgåve sett på samanhengen mellom status på den eine sida og høg utdanning og inntekt på den andre sida. Vanlegvis er det ein samheng mellom høg utdanning og høg inntekt, men i Herøy på Sunnmøre er mange av dei med høg inntekt knytt til fiskerinæringa. I denne næringa er det i liten grad krav om utdanning. Dei som har høgare utdanning i Herøy, er lærarar og sjukepleiarar. Dermed er ikkje utdanning eit godt mål på sosial inndeling. Eg er av den oppfatning at dette kan overførast til Hallingdal og i særleg grad Gudbrandsdalen. Båe dalføra har ein lang tradisjon med pendling på anlegg. Anleggstida er stort sett over, men framleis pendlar mange menn, særleg frå Midt-Gudbrandsdalen, for å jobbe med golvstøyping eller tunnelarbeid.

Det var vanskeleg å sjå at yrket til foreldra i det heile hadde noko å seia for korleis informantane prata, men dette er eit interessant funn i seg sjølv. Undersøkingar gjort i byar eller bynære strøk, som Skramstad (1999) og Jensen (2006), syner at bakgrunnen til foreldra har relevans for kva språkstrategi ungdom vel. Til samanlikning gav den sosiale variabelen om foreldra var innflyttarar eller ikkje, mykje større språkleg utslag. Eg granskar ikkje bymåla, og nokre av problema eg hadde med å operasjonalisere, har kanskje bakgrunnen sin i at den sosiale lagdelinga er mindre utprega på bygdene enn ho er i byane. Men eg meiner det er grunn til å setja spørjeteikn ved om me sjølv i byane i Noreg kan overføre den sosiale lagdelinga som er vanleg i England.

Tore Kristiansen meiner at ein ikkje kan leggje så stor vekt som det tradisjonelt blir gjort på forklaringar som til dømes utdanning og sentralisering:

”Når dialekterne dør, er det ikke fordi de dialekttalende kommer rundt i deres biler eller kommer på centralskole i byen. Nej, det er fordi den ‘bondske’ sprogbrug bliver set ned på og derfor afslebet og aflagt af de dialekttalende, som ikke kan lide alle kommentarerne og drillerierne.” (1992:243).

Også Mæhlum er kritisk til kor relevante såkalla sosioøkonomiske variablar eigentleg er i høve til strukturane som skipar eit samfunn. Poenget er jo å prøve å forstå “*bakgrunnen for* og den sosiale *funksjonen av* menneskers varierende verbale atferd” (1992:96).

2.5 Val av informantar

Tradisjonelt har målføregransking vore historisk orientert, og dette sette sjølvstilt sitt merke på informantutveljinga. Det eksisterte ei forestilling om *det ekte målføret*, og det vart viktig å finne fram til informantar som hadde vore utsette for minst moglege påverknad utanfrå (Venås, 1991:18). Trudgill hevdar at same kva sosioøkonomiske forhold og kultur det har vore på staden for granskinga, så var idealinformanten i tradisjonell dialektologi ein såkalla NORM (non-mobile, old, rural male). Det vil seia at informantane helst ikkje skulle ha høgare utdanning eller ha budd nokon annan stad i løpet av livet, dei skulle vera gamle, for då har dei

eit eldre og meir opprinneleg språk, dei skulle helst ha tilknytning til landbruket, for det sikrar mindre påverknad utanfrå og dei skulle helst vera menn, for kvinner har ein tendens til å vera meir medvitne om sosial lagdeling enn menn, og endrar difor lettare språket sitt (1994:33).

Undersøkingar i dag har som regel ikkje historiske siktemål, og NORM-idealet står ikkje lenger så sterkt. Det å velja informantar heng i hop med kva formålet med granskinga er. Om granskaren ynskjer eit representativt oversyn, bør han/ho velja mange informantar frå eit *tilfeldig* utval. Om granskaren ynskjer å sjå nærare på eit fenomen, bør han/ho velja informantar *selektivt*.

Representative oversyn krev altså at informantutvalet blir gjort slupmessig. Dette kan granskaren gjera ved å velja t.d. kvar 10. eller 20. person som er oppført i telefonkatalogen, i folkeregisteret e.l. Nordberg peikar på at ein først og fremst har behov for slike slupmessige utval når ein vil *beskrive og kartleggje* språkbruk i visse språksamfunn (1982:96). Han legg også vekt på at granskaren må vera klar over at ein ikkje kan vera heilt sikker på at ein verkeleg har eit representativt utval, sjølv om informantutvalet er såkalla tilfeldig. Både samtalepartnaren og samtale-/intervjusituasjonen kan påverke informanten.

Det kan vera vanskeleg å halde kravet om tilfeldig informantutval. Når ein som nemnt vil undersøkje eit fenomen nærare, kan såkalla "judgement samples" eller vurderingsutval vera eit bra alternativ. Undersøkinga til Milroy (1980) i Belfast er eit døme på korleis informantar blir valde ut etter andre metodar enn den tilfeldige. Dei valde å gå gjennom venners venner, og fekk slik informantar som var representative for sine sosiale *nettverk*, ikkje for heile språksamfunn (Nordberg, 1982:97-98).

2.5.1 Val av informantar i denne granskinga

Storparten av intervjuet i denne granskinga byggjer på eit spørjeskjema med 27 spørsmål og ei språkprøve. I tillegg intervjuet eg seks informantar med temaliste og tok opp intervjuet på band (sjå vedlegg).

Eg tek først i dette punktet for meg informantane i intervjuet med spørjeskjema, deretter informantane i intervjuet med bandopptakar.

Informantane i spørjeskjemaet

Førebuinga

I denne granskinga er eg ikkje så oppteken av såkalla “ekte dialekt”, og er altså ikkje ute etter å laga noka skisse av dialekten i Hallingdal og Gudbrandsdalen. Det viktigaste er å få eit inntrykk av korleis dialektsituasjonen er for 18-20 - åringar i dei to dalføra, altså om dialekten blir brukt mykje eller lite. På prosjektskissestadiet ville eg ha informantar frå fleire “sosiale fasar”, altså setja sosiale og biologiske grenser for kategoriar, som t.d. tenåra, studietida, småbarnsfasen, vaksne ungar-fasen og pensjonistfasen. Eg ville sjå på korleis dei språklege strategiane vart utførte i eit heilt livsløp. Men dette var tidsmessig vanskeleg å gjennomføre. Eg måtte ha hatt svært mange informantar for å kunne oppfylle kravet om representativitet innan dei fem sosiale fasane, og i tillegg skulle eg gjennomføre desse undersøkingane i to dalføre.

Av praktiske omsyn vart undersøkinga difor gjennomført ved hjelp av avgangsklasse-elevar ved Gol, Otta og Vinstra vidaregåande skular. Det har vorte kritisert å ha elevar i ein skulesituasjon som informantar. T.d. synte ei undersøking om statusen til RP⁹ i England som Creber og Giles gjennomførte i 1983, at RP vart meir brukt av informantane i skulesituasjonen enn på ungdomsklubben (etter Elsa Kristiansen, 1995:64). Mi innvending mot å samanlikne undersøkingar i Noreg med undersøkingar som denne, er at språkbrukarar i Noreg og England etter mi meining ikkje oppfører seg likt, fordi dei språksosiale forholda ikkje er like (meir om dette i pkt. 2.6).

Alle informantane er mellom 18 og 20 år, og etter mi meining skulle språket ha “festa” seg såpass at etter denne alderen vil dei fleste berre endre språket sitt moderat.

Kriteria eg sette for val av informantane var:

- 1) elev ved Gol, Vinstra eller Otta vidaregåande skule (vgs.), allmennfag
- 2) vakse opp i dalen (dvs. ikkje ha kome til dalen seinare enn om lag 7 - årsalderen, med foreldra)

⁹ RP står for received pronunciation, og er det uoffisielle standardtalemålet i England.

Alle informantane oppfylte det første kravet. Men berre 136 av 142 informantar oppfylte det andre kravet eg sette. Nettopp fordi eg er ute etter å skildre *språksituasjonen* for 18-20 - åringar i Hallingdal og Gudbrandsdalen, ynskte eg ikkje å setja opp “innfødt, med begge foreldra frå staden” som kriterium for å velja informantar. Det kan vera at nettopp innflyttarar påverkar språket på staden, og då har det lite for seg å stengje dei ute. Eg har likevel valt å utelate seks informantar frå denne undersøkinga. Dei er alle elevar ved Gol vidaregåande skule, men kjem frå Drammen, Vestfold og Ringerike, og bur på hybel på Gol. Dei er heilt klart ein del av den språklege omgjevnaden til 18-20 - åringar i Hallingdal, men eg tykkjer likevel ikkje utsegnene og meiningane til desse seks er så interessante når dei har budd på Gol truleg berre dei dagane i veka dei har hatt skule i 1-3 år. Nokre av dei seks hybelbuarane gav også uttrykk for at spørsmåla var lite relevante for dei.

Eg undersøkte ved hjelp av spørjeskjema fire allmennfagklasser på Gol vidaregåande skule, to allmennfagklasser på Vinstra vidaregåande skule og to allmennfagklasser på Otta vidaregåande skule. Eg ser i ettertid at det kunne vore interessant og kanskje utslagsgjevande å ha med yrkesfagelevar, men det var vanskeleg å gjennomføre på grunn av dei ulike fagtilboda på dei ulike skulane. Eg ville samle inn materialet under så like forhold som råd.

Den første kontakten eg hadde med skulane var pr. brev til lærarar eg kjente frå før. Alle var positive til undersøkinga mi, men nokre av dei åtvare meg mot alle undersøkingane elevar blir utsette for i løpet av eit skuleår. Eg var difor budd på noko sabotasje av umotiverte elevar. Også Elsa Kristiansen hadde nokre såkalla “skøyar”-informantar som svara noko useriøst på spørjeskjemaet hennar (1995:70). Under “kommentarar til spørjeskjemaet” ba ein meg på vin heim til seg, og to andre skreiv ned kvart sitt vers av ein Hellbillies-song, men eg fekk likevel ikkje inntrykk av at dei ikkje hadde svara seriøst i spørjeskjemaet. Og for det meste fekk eg kommentarar som “Lykke til vidare”, “Interessant prosjekt” og “Dette hadde jeg ikke tenkt på før”.

Intervjua med spørjeskjema vart gjennomførte i april 1997. Eg introduserte meg i klassene som språkleg hovudfagsstudent i norsk, og ba dei om å vera med på ei undersøking om korleis det er å bu i dalen i høve til i byen, korleis andre og dei sjølve ser på bygdafolk og dialektbruk, og til sist korleis dei sjølve pratar. Eg såg ikkje noko poeng i å prøve å skjule det eg var ute etter, for det ville informantane likevel skjønt med ein gong dei såg spørjeskjemaet. I staden for å gje dei den triumferande gleda over å ha "avslørt" meg, valde eg altså å vera ærleg. Eg tykkjer også at det er etisk sett mest rett overfor informantane at dei med ein gong får greie på kva slags undersøking dei er med på. Nordberg peikar på at det å føre informantar bak lyset, kan vera med på å øydeleggje for seinare intervju-undersøkingar. Han hevdar også at rett nok kan informantane bli påverka i retning av ein meir formalisert språkbruk ved å kjenne til målet med granskinga, men han tykkjer likevel "dessa farhågor" er overdrivne (1982:103). Eg opplyste på førehand at det var frivillig å delta, men alle deltok.

Spørsmåla i spørjeskjemaet vart stilt på bokmål. Dette vart gjort for å unngå såkalla "flinke" informantar som strever etter å gje dei rette svara. Problemet med "flinke" informantar er velkjent i undersøkingar som denne. Informantane veit blant anna gjennom lærarar og foreldre at det har ein verdi å prate så ekte dialekt som råd. Og nynorsk og dialektbruk heng ofte tett saman. Og sidan eg både skriv nynorsk og pratar dialekt, var eg redd informantane ville gje meg dei svara dei trudde eg ville ha dersom eg stilte spørsmåla på nynorsk.

Eg var tilgjengeleg for spørsmål i alle åtte klasseromma mens elevane fylte ut spørjeskjemaet. Det spørsmålet som gjekk att flest gonger var "Kva betyr *traust*?". Det var tydelegvis ikkje så allmenn kjent ord som eg trudde. Elles var det også nokre spørsmål til språkprøva, som for det første gjekk på om dei skulle krysse av t.d. *nei* for bokmålsalternativet når dei kryssa *ja* for dialektalternativet (og det skulle dei). For det andre var nokre av informantane i Gudbrandsdalen usikre på kva dei skulle krysse av på språkprøva, fordi ho ikkje passa heilt på dialekten deira (eg hadde ei noko fronsinspirert språkprøve). Det er ikkje viktig for undersøkinga, for eg er mest interessert i om dei pratar gudbrandsdalsmål eller bokmålsnært, ikkje om dei pratar t.d. rustemål¹⁰ eller kvamværssmål. Men det er likevel eit interessant funn i forhold til Hallingdal, der eg ikkje fekk det spørsmålet i det heile.

¹⁰ Ruste er ei lita grend vest for Vinstra i Nord-Fron kommune. Det var faktisk ein informant som strauk ut 'gudbrandsdalsmål'-alternativet i spørsmålet om korleis han prata, og sette inn 'rustemål' i staden. Og han var ikkje den einaste i Gudbrandsdalen som gjorde det.

Etter å ha vore i kontakt med Datatilsynet og fått klarsignal, ba eg informantane setja på namn på spørjeskjemaet. Eg forklarte dei at det var frivillig, og at det dei risikerte ved å setja på namn, var at eg kanskje kom til å ta kontakt med dei for å gjera endå eit intervju. Både i Hallingdal og i Gudbrandsdalen sette alle informantane namnet sitt på spørjeskjemaet.

Informantane i lydbandopptaket

Førebuinga

I tillegg til å ha oversyn over eit materiale, kan det også vera interessant, for ikkje å seia nødvendig, å trengje litt djupare ned i materialet og prøve å forstå kvifor det ser ut som det gjer.

Eg valde ut til saman *seks* informantar etter å ha gått gjennom dei 136 spørjeskjemaa eg ville nytte i denne granskinga. Eg la desse kriteria til grunn for utveljinga av dei:

- 1) dei måtte fordele seg på begge kjønn, altså tre jenter og tre gutar
- 2) dei måtte ha svara ein del utanom avkryssingsspora
- 3) dei tre frå kvart dalføre måtte prate respektive dialekt, blandingsmål eller bokmålsnær tale

Eg trur som nemnt at språklege kjønnskilnader har jamna seg ut, men eg har likevel valt å fordele informantane likt på kjønna.

Sidan eg berre har seks informantar, var det viktig at dei prata mykje i løpet av intervjuet. Difor valde eg informantar som ut frå spørjeskjemaet såg ut til å ha uttalte meiningar, særleg om språklege tema. Faren med dette er at eg kan ha valt informantar som ikkje representerer heile gruppa, men som er seg språket sitt meir bevisst enn gjennomsnittet. Eg trur ikkje det skjedde i dette tilfellet, for fleire av informantane gav uttrykk for at dei ikkje hadde tenkt på ulike problemstillingar knytt til språk, og at det eigentleg ikkje betydde så mykje for dei.

Eg valde altså ut ein informant frå kvart dalføre med respektive dialekt, blandingsmål og bokmålsnær tale. På den måten kunne eg kanskje få noko innsikt i tankane og meiningane til tre personar frå kvart dalføre som har ulike språklege strategiar, men som tilsynelatande har vore utsette for mykje av den same språklege påverknaden.

I september/oktober 1997 byrja eg å gjera forsøk på å koma i kontakt att med dei informantane eg hadde valt ut og ville intervjuje. Det var ikkje så enkelt som eg hadde trudd. Informantane var då ferdige med den vidaregåande skulen, og tendensen var klar både i Hallingdal og i Gudbrandsdalen: Gutane var i det militære, og jentene gjekk på folkehøgskule så langt heimanfrå som råd. Kriteria mine for å finne informantar til desse intervjuja femnde likevel om så mange, at eg ikkje trur det gjorde noko at eg måtte gå litt nedover på lista. I tillegg venta eg på at ein del av informantane skulle koma heim på vitjing, og det siste intervjuet vart gjennomført i desember 1997.

Gunhild frå Dovre er eit godt døme på kva statistikk *ikkje* kan forklare, og kvifor det kan vera lurt å prøve å forstå informanten og tankane hennar. Ho har i løpet av intervjuet heile *tre* ulike realiseringar av substantivet ‘*turist*’ i ubunden form fleirtal, nemleg ‘*turiste*’, ‘*turister*’ og ‘*turista*’. Den første er den vanlege forma i dovremålet, den andre er truleg ei bokmålsform, og den tredje er truleg påverka frå trøndermål. Ho arbeidde på ei turiststugu og fortalte meg at

“sånn som hær i såmmer så trur e at de va...av ti ansatte så va sæks trøndera...(...) når e ji...jikk på vakt sammen me døm hæile tia, da...da va de trøndersk...((LATTER))...å de mærka modærn...(...) “har du vært sammen me trøndera ijæn no” spør a...”

Ut frå hennar eige vitnemål er det tydeleg at det er trøndermål ho let seg påverke av. Det hadde vore svært vanskeleg å forstå det utan at ho fortalde det sjølv.

Eg vil gje ein kort presentasjon av dei seks informantane:

Gunhild frå Dovre rapporterer blandingsmål. Ho er 18 år, er oppvaksen på Dovre, men kom flyttande frå Vestlandet då ho var fem år. Foreldra hennar kjem frå Gudbrandsdalen, men den

eine av foreldra er frå Lillehammar, der dialekten er mest lik bokmålsnær tale. Ho vil gjerne flytte frå Dovre, og kallar seg sjølv eit bygdemenneske som er frykteleg glad i byen.

Gunnar frå Vinstra rapporterer bokmålsnær tale. Han er også 18 år, og har aldri budd nokon annan stad enn Vinstra. Båe foreldra er innflyttarar. Han kan tenke seg å bu på ein liten plass når han får familie, men tvilar på at det blir Vinstra. Han er svært skeptisk til rånekulturen og den sosiale kontrollen som blir handheva gjennom sladder.

Gudbrand frå Fåvang rapporterer gudbrandsdalsmål. Han er 19 år, har budd på ein gard heile livet sitt, og begge foreldra er frå Gudbrandsdalen. Han ser for seg at han kan koma til å ta over garden, men han er ikkje sikker. Han kan godt bu på garden, men ikkje drive. Då han vart intervjuet, hadde han byrja ta høgare utdanning. Gudbrand er glad i bygda. Han ser også det negative med sladderkulturen, og har forståing for at innflyttarar kanskje ikkje taklar det. Sjølv bryr han seg ikkje om nabokjerringane, som han seier.

Hanne frå Geilo rapporterer blandingsmål. Ho er 18 år og har ein av foreldra frå Hallingdal. Hanne kjenner seg veldig knytt til Hallingdal. Ho vil gjerne bu andre plassar, men det er viktig for henne å ta ei utdanning som gjer at ho kan busetja seg i Hallingdal dersom ho vil. Hanne har endra dialekten sin, ho seier ho prata meir bokmålsnært før.

Hallstein frå Gol rapporterer bokmålsnær tale. Han er 18 år, og begge foreldra hans er innflyttarar. Han er glad i Gol og er open for å bu der etter endt utdanning. Gol er ifølgje han ein trygg plass å bu. Han gjekk på folkehøgskule då eg intervjuet han.

Halldis frå Nesbyen rapporterer hallingmål. Ho er 19 år, og begge foreldra kjem frå Hallingdal. Ho er veldig usikker på om ho kjem til å busetja seg i Hallingdal etter endt utdanning, men vil heller ikkje bu i by.

Gjennomføringa

Eg fortalde informantane på førehand at eg skulle ta opp intervjuet på band, og det verka som om dei ikkje brydde seg så mykje om opptaksutstyret. Men ein intervjusituasjon med ein person informanten har sett berre ein gong før, blir ikkje som når han/ho pratar med kjentfolk, og det må ein ta høgde for i ei slik gransking som dette.

Informantane fekk sjølve velja kor me skulle gjennomføre intervjuet, fordi eg meiner det er ein måte å få informanten til å føle seg meir komfortabel på. Det førte til at tre av intervjuane skjedde utanfor heimen (på ein skule, ei fjellstugu og eit kulturhus), og dei andre tre heime hjå informanten. Me satt ei lita stund før sjølve intervjuet starta og prata om laust og fast for å “bli kjente”, og det vart stort sett servert kaffe.

Opptaka med desse seks varer om lag 35-45 minuttar. Eg stilte spørsmål etter ei temaliste (sjå vedlegg 2), men eg følgde ho ikkje slavisk. Eg prøvde å ikkje spørja informantane *kvifor*, men i staden *korleis*. Trost hevdar at det å bli spurt *kvifor* til vanleg kan verke som ei tilrettesetjing (spørsmål av typen: *Kvifor gjorde du det?*), eller at intervjuaren forventar eit svar med eit årsaksforhold (1993:55). I staden bør ein erstatte *kvifor*-spørsmål med *kva meiner du?* eller *korleis opplevde du situasjonen?* Eg stilte korte, enkle spørsmål og eitt spørsmål om gongen, og stilte i staden tillegsspørsmål dersom eg ville ha meir utfyllande svar. To intervju kan aldri bli like, for intervju er avhengige av korleis samspelet mellom meg som intervjuar og informanten er. Dette fekk eg erfare gjennom intervjuane med dei seks informantane. Slik sett er det vanskeleg å *reprodusere* eit intervju for å teste gildskapen.

Eg vel å kalle samtala med informantane *intervju* i staden for t.d. ein term som *uformell samtale*. I dei seks intervjuane eg gjorde, hadde ikkje informanten og eg samtalar på den måten at me prata uforstyrta saman. For det første hadde eg spørjeliste med tema eg lurte på kva informanten meinte om, og for det andre gjorde den vesle kassettspelaren på bordet og myggen på informanten sitt til å minne oss begge om at dette var eit intervju. Eg prøvde eit par gongar å gje kommentarar til det informanten hadde sagt med mine private meiningar (om t.d. turisme). Eg trur det braut litt med det informanten hadde forventa seg av eit intervju (altså at eg skulle spørja og dei skulle svara), eg fekk i alle fall ikkje så mykje respons på det.

Wolfson hevdar at uformelle samtaler ikkje er “speech events”¹¹ i vår kultur, for informantane har ikkje noko forhold til slike samtaler og veit ikkje korleis dei skal oppføre seg (1976:195). Meir formelle intervju er derimot attkjennande for informanten.

2.6 Noko om skilnaden i språket til kvinner og menn

Dei fleste, viss ikkje alle, granskingar i sosiolingvistikken tek med kjønn som ein sosial variabel, fordi det blir gått ut ifrå at det er ein viss skilnad mellom språket til menn og til kvinner. Som kvinne må eg innrømme at eg aldri har tenkt på at mine mannlege jamaldringar har andre språklege strategiar enn meg *fordi* dei er menn.

Trudgill (1980:72) hevdar at det at kvinner brukar meir standardformer enn menn, er det best dokumenterte resultatet i dialektgranskingar i den vestlege verda. Menn har i mykje større grad ein tendens til å bruke såkalla lågprestisjevarietetar. Dette har etter Venås (1991:147) bakgrunnen sin i særleg to forklaringar. Den eine er at kvinner til alle tider har vorte haldne nede sosialt av menn. Dette har gjort at kvinner har brukt språkformer med høgare sosial prestisje i håp om meir sosial godkjenning. Den andre forklaringa er at kvinner kanskje ikkje er like godt integrerte i samfunnet, og har difor ikkje vorte sanksjonerte i same grad som menn blir det av sine kameratar og arbeidkollegaer. Dette er ei forklaring med utgangspunktet sitt i nettverksteorien til Milroy. Eg er einig med Venås at denne siste forklaringa er lite overtydande. Den første forklaringa til Venås er derimot meir vanleg brukt for å forklare at kvinner brukar meir standardspråk enn menn. Men nyare granskingar syner at denne skilnaden ikkje er så stor lenger. Til dømes syner undersøkinga til Fintoft og Mjaavatn frå Trondheim (1980) at sosiale tilhøve hadde meir å seia for språkbruken til informantane enn kjønn. Kjønnrollemønstret har endra seg mykje dei siste 20 åra, og dette speglar seg nok att i språkbruken.

Eg har valt å ta med kjønn som sosial variabel i denne granskinga, men eg ventar ikkje å finne så store skilnader. Vigdis Thoengen (1994) fann heller ikkje i si undersøking av hallingmålet nokon tendens til at jenter valde fleire standardformer enn gutar.

¹¹ Wolfson definerer “speech event” etter Dell Hymes: “The term speech event will be restricted to activities, or aspects of activities, that are directly governed by rules or norms for the use of speech. An event may consist of a single speech act, but will often comprize several” (1976:189).

2.7 Om rapportert språkbruk: Kan me stole på informantane?

Det har frå mange hald vorte hevda at informantane ikkje er i stand til å reflektere over sin eigen språkbruk i så høg grad at språkgranskarane kan stole på rapportert språkbruk. Eg vil i dette punktet sjå nærare på denne påstanden, og sjå om han høver på norske forhold.

William Labov peikar på at hørselen kontrollerer talesignala, og at denne kontrollen er svak i uformelle situasjonar og sterk i formelle situasjonar (1966, etter Nordberg, 1984:102). Nordberg hevdar vidare at me vaktar meir på orda våre i meir formelle situasjonar, og dess meir "ritualiserad" ein talesituasjon er, dess meir formell blir språkbruken (1984:102). Nettopp intervjusituasjonen kan for informanten vera ein uvant og formell situasjon, og det er i denne situasjonen Labov stiller spørsmålet om me verkeleg har målt den språkbruken me ville måle. Det er dette han kallar "the observer's paradox":

"the aim of linguistic research in the community must be to find out how people talk when they are not being systematically observed; yet we can only obtain these data by systematic observation." (Labov 1979:209)

Han hevdar vidare at det er råd å koma over dette problemet ved å bruke metodar som tek merksemda vekk frå språkbruken, som t.d. gruppesamtaler.

Labov fann ein manglande korrespondanse mellom rapportert og faktisk språkbruk blant informantane i ei undersøking gjort i New York City:

"This 'dishonesty' in reporting what they say is of course not deliberate, but it does suggest that informants, at least so far as their conscious awareness is concerned, are dissatisfied with the way they speak, and would prefer to be able to use more standard forms" (sitert etter Trudgill, 1972:184).

Etter Labov er altså eit umedvite ynske om å prate standardspråk årsaka til at det ikkje er råd å stole på informantane. Trudgill fann også i si undersøking frå Norwich ein manglande

korrespondanse mellom rapportert og faktisk språkbruk, men Trudgill fann også at det ikkje berre var eit umedvite ynske om å prate standardspråk som utgjorde diskrepansen. Fleire av informantane frå Norwich *overrapporterte* nemleg Norwich-former:

“For example, many informants who initially stated that they did not speak properly, and would like to do so, admitted, if pressed, that they perhaps would not *really* like to, and that they would almost certainly be considered foolish, arrogant or disloyal by their friends and family if they did” (1972:184).

Årsaka til at informantar overrapporterer lågstatusformer, er ifølgje Trudgill “covert prestige”, eller skjult prestisje. Skjult prestisje heng i hop med den samkjensla informanten har med ei bestemt gruppe, og denne prestisjen gjer at informanten pratar som gruppa, sjølv om ho bruker ein såkalla lågprestisjevariant av språket.

Nessa Wolfson har eit anna synspunkt enn Labov. Ho seier at “(t)he monitoring of speech is a psychological reaction about which a great deal is assumed but very little is really known. The relationship between audio-monitoring and speech style has yet to be proved” (176:203). Er det så opplagt samband mellom *formell tale* og kva merksemd informanten har til språkbruken? Trudgill synte som nemnt i si Norwich-undersøking at informantar like gjerne kan prate *mindre* formelt som *meir* formelt i ein intervjusituasjon, men problemet er jo det same. Og kva er det motsette av formell tale? Det opplagte svaret er sjølv sagt uformell eller naturleg tale (Labov: casual speech). Wolfson gjer eit poeng av at omgrepet “uformell/naturleg tale” ikkje er særleg godt definert i det sosiolingvistiske miljøet. Ho hevdar at så lenge språkbrukaren føler at hans/hennar eigen språkbruk er passande (“appropriate”), så er talen “naturleg” i den konteksten, anten informanten pratar med nokon frå sin private sfære eller med ukjente. Den språkbruken informanten bruker med nære venner, treng altså ikkje vera særleg meir interessant som forskingsobjekt enn den språkbruken han/ho bruker til framande, for den språkbruken er minst like mykje nytta og minst like naturleg for informanten som språkbruken i den private sfæren.

Thelander har synt at informantar er språkleg medvitne og *veit* når dei bruker den eine eller den andre varieteten. I granskinga si om Burträsk-mål undersøkte han i kva grad det at informantane visste om målet for granskinga, hadde noko å seia for språkbruken deira

(1979b:90-92). Han arrangerte gruppesamtaler, der den eine halvparten hadde fått greie på at det var språket deira som var objektet for granskinga, mens den andre halvparten trudde det dreidde seg om ei kommunesamanslåing. Den første samtala vart teken opp mens gruppa var åleine, mens det i den andre samtala kom ein framand til. Skilnaden på kor mykje lokalspråk informantane nytta, var ikkje stor, anten dei trudde undersøkinga dreidde seg om kommunesamanslåing eller språk. Men dette gjaldt så lenge dei fekk prate åleine. Straks det kom ein framand inn, byrja dei som trudde undersøkinga dreidde seg om kommunesamanslåing å prate meir riksspråk, mens den andre halvdelen heldt fram med å prate omtrent som før. Etter mi oppfatning syner Thelander at større grad av merksemd på språket både fører til meir og mindre bruk av dialekt. Dette syner at språkbrukarar ikkje er heilt umedvitne om korleis dei pratar.

Også Karen Margrethe Pedersen meiner at språkbrukarar er relativt medvitne om korleis dei pratar. I si undersøking på øya Langeland i Danmark (1991:112) testa ho om det var råd å stole på rapportert språkbruk ved å intervjuje informantar med bandopptak, samstundes som dei skulle fylle ut ei ordliste med former dei brukte. Ho fann at informantane laga seg språklege strategiar som ikkje nødvendigvis stemte med den rapporterte språkbruken. Ein informant var tydelegvis oppteken av å skapa ei uformell stemning, og prata meir dialekt enn det Pedersen trudde han vanlegvis gjorde. Ho tolka språklege sjølvkorrigeringar i høve til den rapporterte språkbruken som indikasjon på kor mykje eller lite dialekt informanten prata til vanleg. Pedersen hevdar at den rapporterte språkbruken i store trekk er nærast den vanlege språkbruken til informantar, mens intervju tekne opp på band derimot syner det "offisielle" språket.

Mæhlum fann også i si undersøking frå Land at informantane hennar hadde "... et relativt høyt metalingvistisk bevissthetsnivå ..." (1986:287), dei var altså i stor grad i stand til å reflektere over sin eigen variasjon. Men ho fann også at når eit individ har budd lenge på ein plass med ein framand dialekt, *sokk* medvitsnivået om eigen språkbruk fordi dialekten på staden vart integrert i individets talespråk, utan at individet nødvendigvis reflekterte noko særleg over det. Dermed kunne informantane tru at dei "heldt bra" på dialekten sin, mens dei i røynda ikkje gjorde det.

Det å "halde på dialekten" har ein verdi i Noreg som kanskje ikkje er så opplagt andre stader. Dette kan ha den ideologiske bakgrunnen sin i nasjonalromantikken, som var den verksame ideologien i Noreg og Europa tidleg på 1800-talet, samstundes som tanken om ein

nasjonalstat gjorde seg gjeldande. Etter ei lang unionstid med Danmark vart det viktig å finne attende til det “ekte norske”, og med dette vart mellom anna odelsbonden og det norske språket teke inn i den borgarlege varmen. Eg meiner at dette kan vera noko av bakgrunnen for at det enno i dag er nokså allment viktig å halde på dialekten sin.

Men endå viktigare er kanskje den språklege sosialiseringa. Språk er ein måte å identifisere seg med grupper på. Ellen Bouchard Ryan seier at “(t)he value of language as a chief symbol of group identity is one of the major forces for the preservation of nonstandard speech styles or dialects” (1979:147). Det å ikkje halde på dialekten kan bli sett på som eit “svik” både mot seg sjølv og ikkje minst overfor alle dei andre som pratar den dialekten. Gudbrand frå Fåvang gjekk på NTNU i Trondheim då eg intervjuar han med bandopptak, og på spørsmål om korleis han trudde det ville bli teke opp i kameratflokkene heime dersom han la om dialekta, svarte han:

“da ha e jo vorte utstøtt...((LATTER))...nei, itte så ille, men...da hadd e vorte sett på som en slek...=e= “ja, mæne’n e bære æll æille andre (og) svær på’re ette’n ha fløtt frå bygda å gått på skule” (...)

Ein kan altså bli møtt med til dels sterke sanksjonar, som her, der informantene meiner han vil bli stempla som overlegen og arrogant dersom han legg om dialekten sin. Ein av informantane i Torp si undersøking i Ringeby (1999), trur likevel at dialekten forfell nettopp fordi foreldre og venner ikkje er “flinke” nok til å seia frå dersom ungane brukar dialekten feil.

Mykje av litteraturen me les i sosiolingvistikken er produsert i England og USA. Sett på spissen har britiske og amerikanske språkendringsgranskningar ofte eit anna utgangspunkt enn dei norske. Dei ser nemleg på korleis det kan ha seg at såkalla lågprestisjevarietetar av språket ikkje blir borte. I Noreg er tendensen meir å sjå på korleis det kan ha seg at såkalla standardspråk breier seg (sjå kap.1.5.2).

På spørsmålet om det er råd å stole på den rapporterte språkbruken til ein informant, er svaret mitt ja, fordi eg trur det språklege medvitet er større i Noreg (og kanskje Norden) enn i til dømes England, der språkbrukarar i mykje sterkare grad har lært at standardspråket er det “korrekte” språket.

Resultatet i denne granskinga underbygger også påstanden min. Den rapporterte (i spørjeskjemaet) og den faktiske (i intervjuet) språkbruken samsvara heilt hjå dei seks informantane mine frå Hallingdal og Gudbrandsdalen (sjå beskriving av det faktiske språket til dei seks informantane i kap. 3.5). Det finst sjølvsagt språkbrukarar også i Noreg som av ulike årsaker både underrapporterer og overrapporterer dialekten sin, men eg trur likevel at den store majoriteten har ei såpass innsikt i sin eigen språkbruk at eg kan lite på at materialet til dei 136 informantane som har svara på spørjeskjemaet også reflekterer den faktiske språkbruken.

Kapittel 3: Eiga undersøking

Først i dette kapitlet vil eg gjera greie for kva form materialet er samla inn i. Deretter beskriv eg språkvariablane, før gjennomgangen av resultatet kjem på slutten av kapitlet. Talmaterialet er bearbeidd kvantitativt både i intervjuet og i spørjeskjemaet i dette kapitlet, og eg vil kommentere resultatata og sjå på venta og uventa resultat.

3.1 Spørjeundersøkinga og intervjuet

Materialet denne oppgåva byggjer på, er som nemnt samla inn ved hjelp av to metodar, nemleg *spørjeskjema* og *lydbandopptak*.

Spørjeskjemaet

142 informantar frå Hallingdal og Gudbrandsdalen fylte ut eit spørjeskjema. Informantane er nærare presenterte i kap. 2.5.1. Spørjeskjemaet er delt i to. Den eine delen består av 27 spørsmål om identitet, språk og haldningar. Den andre delen ber informantane rapportere kva språktrekk dei nyttar, og dei skulle fylle ut sju språkvariablar (sjå elles vedlegg 1 og kap. 3.3). Den andre delen av spørjeskjemaet har som hovudoppgåve å vise i kva grad informantane meiner dei pratar dialekt eller bokmålsnært.

Lydbandopptaket

Informantane vart bedt om å setja namnet sitt på spørjeskjemaet, slik at eg kunne kunne plukke ut enkeltindivid for å intervju dei nærare. Eg stilte spørsmål ved hjelp av ei spørjeliste (meir om dette i pkt. 2.5).

3.2 Transkripsjonen

Å overføre eit materiale frå munnleg til skriftleg form, er i stor grad ein tolkeprosess. Nokre element blir oversett, mens andre får meir merksemd. Det er vanskeleg å få til ei objektiv tolking av materialet (Adelswärd 1990:56, etter Røyneland, 1994:119). Dette har eg forsøkt å bøte på ved å lytte gjennom materialet fleire gonger. Det eg har vore i tvil om, har eg anten nemnt særskilt eller ikkje teke med.

Hovudformålet med materialet er å sjå om informantane grovt sett pratar mest bokmålsnært eller mest dialektnært. Eg har valt å nytte ein enkel og skriftnær transkripsjon, både for å gjera transkripsjonen lesarvenleg og fordi formålet ikkje krev så høgt presisjonsnivå. Transkripsjonen er likevel meir *ortofon*¹² enn *ortografisk*, for det er det lydlege som er interessant i denne granskinga. Døme på ortofon attgjeving er at konsonantar i endestaving som ikkje blir uttalt i talemålet heller ikkje blir attgjeve her (ste for sted, kvell for kveld). Likeins blir *å* i talemålet også gjeve att som *å* i transkripsjonen (åver for over). Eg har forsøkt å gje att talematerialet så lydært som råd utan å bruke spesialteikn.

Det einaste spesialteiknet eg nyttar er tjukk l. Eg har valt å syne dette teiknet ved å bruke feit skrift (t.d. **dal**).

Retrofleks uttale er attgjeven med *r + konsonant* (t.d. *'fart'*, *'værs'*, som i fonetisk transkripsjon blir skrivi /faʀ / og /væʀ/).

Sj-lyden som i skriftsspråket blir attgjeve med bokstavkombinasjonane *skj-*, *sj-* og *sk-* blir i dette materialet skrivi *sj-* (t.d. *sj* som i skriftsspråket blir skrivi *ski*). Lyden *-rs* (som i 'til værs') og lyden *-sj* (som i 'æsj') blir uttala heilt likt. Når eg likevel vel å transkribere dei ulikt, er det fordi me er vane med å lesa lydane på denne måten. Sjølv om eg ynskjer å transkribere

¹² Etter *Fremmedordboka* (1989) er *ortofoni* "lydrett gjengivelse av ordene i skriftspråket".

så lydleg som råd, kan eg ikkje sjå bort i frå at å halde seg nokonlunde til skriftspråket lettar lesinga av materialet.

Kj- og *tj-* har lik uttale, og eg har valt å transkribere slike ord likt. Ord som '*kjøre*' og '*tjue*' blir altså transkribert '*kjøre*' og '*kjue*'.

Framandord med alternativ trykkplassering i austnorsk blir transkribert slik: *ka'ttalog*

Pauser i talestraumen er merka ..., ikkje-språklege lydar som t.d. latter er merka ((latter)), og pauselydar er merka =e=.

3.3 Språklege variablar

Labov innførte omgrepet *språkleg variabel* for å kunne regelfeste og måle språkleg variasjon ved hjelp av kvantitative metodar. Ein språkleg variabel kan vera ei fonologisk eining, eit semantisk omgrep eller ein grammatisk funksjon (Thelander 1979 b:24). Ein språkleg variabel er eit språkleg element som kan realiserast på fleire måtar. Også faktorar i den språklege omgjevnaden er viktige for korleis ein språkleg variabel blir brukt av informantar. Ifølge Labov (etter Thelander 1979b:25) kan ein kalle ein språkleg variabel som både har indre og ytre forklaringar ein *sosiolingvistisk variabel*.

Eg har valt å sjå på leksikalske og morfologiske drag i dette arbeidet, og desse språklege variablane må ha eigenskapar som skil hallingmålet og gudbrandsdalsmålet frå bokmålsnær tale. Eit anna kriterium er at variablane skal vera frekvente og saliente. Kva som er saliente variantar vil variere noko frå språkbrukar til språkbrukar, men dersom språktrekket varierer merkbar mellom varietetane og er frekvent, vil truleg variantane bli opplevd som salient av informanten (til dømes *e - jæi*). Spørjeskjemaet har sju språklege variablar med to til fire variantar (det vil seie avkryssingsalternativ). Lydbandopptaket har tre språklege variablar i tillegg til dei sju i spørjeskjemaet.

3.3.1. Variabel 1: Subjektsform av 1. person eintal, personleg pronomer

Gudbrandsdalsmålet og hallingmålet har lik realisering av 1. person eintal, nemleg 'e'.

Såkalla ubrotne former er vanlege i alle midlandsmåla (sjå om midlandsmål i t.d. Vigeland (1995: 33). Den tilsvarande forma i bokmålsnær tale er 'jæi'.

3.3.2 Variabel 2: Subjektsform av 1. person fleirtal, personleg pronomer

Hallingmålet har forma *me*, i likskap med Valdres, Numedal, Telemark og Setesdal. Her skil gudbrandsdalsmålet seg frå resten av midlandsmåla med forma 'oss' i sør og 'åss' nord i Gudbrandsdalen. *Oss/åss* blir elles brukt i mest heile området rundt Dovrefjell. Bokmålsnær tale nyttar forma 'vi'.

3.3.3 Variabel 3: Ubunden form fleirtal, substantiv

Fleirtalsendingane som blir lagt til stammen i substantiv er ulike i bokmålsnær tale, hallingmål og gudbrandsdalsmål. I bokmålsnær tale blir i hovudregelen suffikset *-(e)r* lagt til stamma i hankjønn og hokjønn. Inkjekjønn får som oftast inga ending i einstava ord.

(*m*) hester

(*f*) bygder, jenter

(*n*) hus

Hallingmålet manglar *-r* i ubunden form, men har til gjengjeld ulike vokalar i dei ulike bøyingsklassene. Som dei andre midlandsmåla har hallingmålet behalde såkalla fullvokalar (*a*, *i* og *u*) i trykklette stavingar.

(*m*) *hesta*

(*f*) *bygdi, jentu*

(*n*) *hus*

Gudbrandsdalsmålet manglar også *-r* i fleirtal og har også tre ulike vokalar i endingane, men skil seg frå hallingmålet ved at *a*, *i* og *u* i hallingmålet svarar til \emptyset (eller schwa), *e* og *o* i gudbrandsdalsmålet. Dette er vel å merke hovudregelen.

(*m*) *hestø*

(*f*) *bygde, jænto*

(*n*) *hus*

Det er viktig å merke seg at *-r* bortfall berre er hovudregelen. I sør-gudbrandsdalsmål og i stasjonsbymåla (til dømes ringebumål) fell *-r* i ubunden fleirtal *ikkje* bort. Dette gjer det vanskeleg å rekne *-r* som eit markert bokmålstrekk i gudbrandsdalsmaterialet. Det syner også resultata (sjå pkt. 3.4.20, variabel 3a og 3b).

3.3.4 Variabel 4: Bunden form fleirtal, substantiv

Også i bunden form fleirtal skil varietetane seg frå kvarandre. Bokmålsnær tale legg til suffikset *-ene*:

(*m*) hestene

(*f*) bygdene, jentene

(*n*) husene

I begge dalføra er den bundne forma tostava, og i hallingmålet ser formene slik ut:

(*m*) hestan / hestadn

(*f*) bygdin / bygdidn, jentun / jentudn

(*n*) huse

I Valdres, Hallingdal og mange sør-vestlandske målføre finn ein konsonantsambandet *-dn* < norrøn *-rn*.

Men blir denne forma brukt i dag? Materialet til Kjell Venås (1977: 107) syner at mange av informantane frå Hallingdal Gymnas nyttar berre *-n*. I Flå og Nes har han ingen døme på *-dn* ending, mens han på Gol fann fleire døme på *-tn* ending enn *-n* ending. I Hemsedal nyttar informantane stort sett *-tn/-dn*, mens dei fleste i Hol og Ål har *-n*. Den reduserte endinga var altså på frammarsj blant gymnasiastar som i dag er 45-50 år. Også Vigdis Thoengen (1995) si undersøking frå Nes syner at *-dn* endinga er i ferd med å forsvinne frå målføret. Ikkje ein av 84 informantar nytta den tradisjonelle endinga. Eg ventar ikkje å finne mykje av denne endinga i materialet mitt. Eg har difor sidestilt endingane *-dn* og *-n* som dialektformer i dette arbeidet.

I Gudbrandsdalen ser dei tilsvarande dialektformene slik ut:

(m) *hestæin / hestan* (sør for Fron)

(f) *jentun, bygdin*

(n) *husa*

3.3.5 Variabel 5: Nektingsadverbet *ikkje*

I Hallingdal er nektingsadverbet '*ikkji*'. Midtdalsmålet i Gudbrandsdalen har '*itte*' mens norddølane seier '*ikkje*'. Bokmålsnær tale har forma *ikke*. Denne variabelen er teke med fordi han oppfyller kravet om hyppigheit og saliens.

3.3.6 Språkvariabel 6: Dativ

Beito (1979) syner i sine granskingar frå Hallingdal at alt på 1950-talet var dativbruken hjå unge på vikande front. Det er all grunn til å tru at denne utviklinga har halde fram. Ei gransking frå Sør-Fron i 1981 av Tormod Stauri (Jenshus, 1986:195) viser at også i Gudbrandsdalen er dativbruken på tilbakegang blant dei unge. Det er difor grunn til å tru at eg vil finne lite av dette språktrekket i det innsamla materialet mitt.

Dei tre siste variablane gjeld berre for *lydbandopptaket*.

3.3.7 Variabel 7: Verbet *å vera*

I bokmålsnær tale blir verbet bøyd slik:

å være - ær - var - har vært

Hallingane bøyer verbet:

å væra - æ eller e - va - har vøre eller våre

Fleirtal presens er:

me æra

Som i verbet *å gjera* har eg ikkje teke med fleirtalsbøyinga av sterke verb i preteritum. Eg har teke med to alternativ i presens eintal fordi eg kjenner forma *e* (halvopen uttale) frå min eigen og andre sin språkbruk i den øvre delen av dalen, men Venås (1977:170) nemner berre forma *æ* i presens. I denne undersøkinga vil begge bli rekna for hallingmål. Det er også to alternativ i perfektum partisipp for å syne at ”ålingane pratar på *å*” (Venås, 1977:270) der resten av hallingane har *ø*, som i *å håppe / å høppe, gått / gøtt* (godt).

I Gudbrandsdalen bøyer dei verbet slik:

væra - æ - va - ha våre eller ha vore (sør for Sel)

Infinitiv og perfektum partisipp har jamvektsuttale.

I gudbrandsdalsmålet og hallingmålet er vokalen /æ/ halvopen i infinitiv [3], mens han er opnare i talt bokmål [æ].

I den kvantitative gjennomgangen av intervjuet i pkt. 4.5.4 og 4.5.5, vil eg sjå på informantane sin bruk av infinitiv, presens, preteritum og perfektum partisipp av verba ‘*å gjera*’ og ‘*å vera*’.

3.3.8 Variabel 8: Verbet *å gjera*

I talt bokmål blir verbet bøydd slik:

å jøre - jør - jore - har jort

Hallingmålet har denne realiseringa:

å jera - jer - jole - har jort

I tillegg er fleirtal presens nesten alltid lik infinitiven i tradisjonelt hallingmål.

me jera

Fleirtalsbøyinga i presens har nok halde seg betre enn fleirtalsbøyinga i preteritum (sjå under), og Thoengen (1994:93) fann noko belegg på fleirtalsbøying i presens i sitt materiale frå Nes. Eg har ikkje funne noko i mitt materiale, og kjem difor ikkje til å kommentere det nærare.

Preteritum av sterke verb i fleirtal blir ikkje teke med i denne undersøkinga, som *fungo* (fekk), *logo* (låg), *drokko* (drakk) osv. Olav T. Beito fann i granskinga si på 40- og 50-talet at unge i nedre Hallingdal ikkje brukte fleirtalsbøyinga, mens ho var mykje brukt i den øvre delen (Beito, 1979:178). Venås fann i ei spørjeundersøking ved Hallingdal Gymnas i 1974 at berre 18 av 101 spurte var støe i fleirtalsbøying (Venås, 1977:165). Thoengen (1995:93) fann ikkje belegg for fleirtalsbøyinga i preteritum i si undersøking på Nes. Med den kjennskapen eg sjølv har til målet og bruken av fleirtalsbøying i preteritum blant dei unge, og med støtte frå dei nemnte undersøkingane, trur eg det er rett å seie at bruken er sporadisk og på veg ut av målet.

I gudbrandsdalsmålet blir verbet *å gjera* bøygd på denne måten (Jenshus, 1986:70):

å jæra - jer, eller jere - jol eller jole - jort

Jæra har jamvektsuttale i infinitiv, og presensforma kan også ha jamvektsuttale (*jere*).

Både halling- og gudbrandsdalsforma av verbet *å gjera* skil seg kraftig frå den talte bokmålsforma. Det er også eit svært frekvent verb, og burde difor ha ein viss markeringsverdi.

3.3.9 Språkvariabel 9: Kløyvd infinitiv

Jamvekt er eit austnorsk og trøndersk fenomen som har utgangspunktet sitt i det norrøne kvantitetssystemet. I norrønt kan både vokalen og konsonanten vera korte eller lange samtidig. Kvantiteten i stavingar i norrønt er distinktiv både ved konsonantar og vokalar. Lengda på konsonanten og lengda på vokalen er uavhengige av kvarandre. Kvantitetsomlegginga, som kom i slutten av den norrøne perioden, endra dette systemet. Dersom vokalen er lang i moderne norsk, må konsonanten vera kort eller omvendt. Dette gjeld ikkje for Gudbrandsdalen, der mykje av den gamle kvantitetssystemet framleis lever.

Gudbrandsdalen er altså i ei særstilling når det gjeld kvantitetsforhold. Dette gjeld særleg for Nord-Gudbrandsdalen, delvis i Midt-Gudbrandsdalen, men ikkje i Sør-Gudbrandsdalen (sjå kap.1.6.2). Det er dei korte stavingane som har halde seg, som t.d.:

/bær/ (presens av å bæra)

/bæ:r/ (substantivet bær)

/bær:/ (adjektivet bar).

Det første dømet er elles ikkje mogeleg i moderne norsk. Den same typen uttale som i /bær/ ser me også i infinitiv og presens av *å gjera*.

Ord med to korte stavingar etter kvarandre fekk jamt trykk i gamal austnorsk, som i ordet /vera/. (Sandøy, 1993:120-122). Ord som norrønt /bi:ta/ kallar ein overvektsord. Når det gamle overvektsordet *bite* i dag blir realisert med *-e* og det gamle jamvektsordet *vera* blir realisert med *-a* i endingsvokalen, kallar me dette *kløyvd infinitiv*. Ein må altså ha kjennskap til det gamle språkssystemet for å veta sikkert om verbet skal ha *-a* eller *-e* ending. Det er difor svært vanskeleg å bruke kløyvd infinitiv dersom ein ikkje er vakse opp med det.

Både Gudbrandsdalen og Hallingdal ligg innanfor jamvektsområdet og har kløyvd infinitiv. Talt bokmål har *-e* ending i infinitiv. Eg ynskjer å sjå på om dei seks informantane eg har intervjuet er støe i kløyvd infinitiv, eller om det er eit målmerke som er i ferd med å forsvinne.


3.4 Resultat og tolking av den kvantitative bearbeidinga av materialet

I den kvantitative bearbeidinga av materialet tek eg først for meg dei fleste spørsmåla i del I i spørjeskjemaet. Følgjande spørsmål er ikkje tekne med: Spørsmål 1 og 2 fordi dei berre gjeld namn og alder. Alle informantane rapporterte alder mellom 18 og 20 år. Spørsmål 7 spør etter kva yrke far og mor har. Dette er ein sosial variabel eg i ettertid har bestemt meg for å ikkje bruke (sjå nærare diskusjon i kap. 2.4.1). Spørsmål 15 spør om korleis informantane skriv i private samanhengar. Dette spørsmålet er vanskeleg å kvantifisere fordi informantane vart oppfordra til å krysse av mange gonger. Det var også eit spørsmål som var med i skjemaet først og fremst for å setja i gang tankane om språk. Det å få i gang tankane om språk gjeld også for spørsmål 21, som spør etter kva som er mest typisk for dialekten. Det er heller ikkje eit avkryssingssørsmål. Spørsmål 22 var såpass likt spørsmål 23 at berre sistnemnte vart teke med. Likeeins for spørsmål 24, 25 og 26, der spørsmål 25 er med i denne undersøkinga.

Deretter ser eg på resultatet av dei språklege variablane i del II i spørjeskjemaet, og til sist gjev eg ei kort skisse av dei språklege variablane i intervjuet. Den kvalitative delen av analysen kjem til uttrykk gjennom sitat som kan belyse ulike fenomen (kap. 2.3.2). Desse sitata blir brukt i heile denne oppgåva, og vil ikkje få ei samla framstilling.

3.4.1 Kvantitativ bearbeiding og tolking, Hallingdal og Gudbrandsdalen: Del I av spørjeskjemaet

Spørsmål 3: Kjønn




Figur 1: Informantar og kjønnsfordeling

Dalføre:	Gutar:	Jenter:	Totalt:
Hallingdal	48% (28)	52% (31)	100% (59)
Gudbrandsdalen	42% (32)	58% (45)	100% (77)

3.4.2 Spørsmål 4: Hvilken kommune er du oppvokst i ?

Informantane er delte inn i to kategoriar: Hallingar/gudbrandsdølar eller innflyttarar. Kriteriet som ligg til grunn for å bli rekna som halling/gudbrandsdøl, er at informanten må ha budd i dalen sidan skulestart, altså frå 7-årsalderen.




Samla resultat:

	dølar/hallingar	Innflyttarar
Hallingdal	95 % (56) (gutar 89%, jenter 100%)	5 % (3) (gutar 11%)
Gudbrandsdalen	92 % (71) (gutar 94%, jenter 91%)	8 % (6) (gutar 6%, jenter 9%)

Her ser me at fordelinga mellom dølar/hallingar og innflyttarar i informantgruppa er ganske lik. Eg hadde forventa at fleire av informantane hadde kome til Hallingdal etter skulestart, fordi eg har ei oppfatning av at det bur fleire innflyttarar der. Men eg veit at mange bestemmer seg for ein plass å etablere seg *før* ungane byrjar i skulen, for å skåne ungane for skule- og vennebytte. Ingen av innflyttarane kom til dalane etter 12-årsalderen.

3.4.3 Spørsmål 5: Hvor er du vokst opp?




Samla resultat:

	gard	bustadfelt	anna
Hallingdal	32 % (21) (gutar 25%, jenter 40%)	51 % (33) (gutar 59%, jenter 42%)	17 % (11) (gutar 16%, jenter 18%)
Gudbrandsdalen	31 % (26) (gutar 38%, jenter 26%)	51 % (42) (gutar 49%, jenter 52%)	18 % (15) (gutar 13%, jenter 22%)

Eg valde å la informantane ha svaralternativet ”anna” fordi det er ganske mange som bur i bustadhus utanom byggefelt på bygda. Også her ser me at fordelinga mellom Hallingdal og Gudbrandsdalen er veldig lik. Dette byggjer opp under oppfatninga av at busetjingsmønstrer i dalane er ganske likt (sjå kap. 1.3).

3.4.4 Spørsmål 6: Hvor kommer mor og far fra?



Samla resultat:

	Begge foreldra er døl/hallingar	Berre mor er døl/halling	Berre far er døl/halling	Begge foreldra er innflyttarar
Hallingdal	25 % (15) (gutar 18%, jenter 32%)	22 % (13) (gutar 18%, jenter 26%)	32 % (19) (gutar 35%, jenter 29%)	21 % (12) (gutar 28%, jenter 13%)
Gudbrandsdalen	60 % (45) (gutar 56%, jenter 62%)	13 % (10) (gutar 16%, jenter 11%)	18 % (14) (gutar 16%, jenter 20%)	9 % (7) (gutar 12%, jenter 7%)

Det er interessant å sjå forskjellen mellom informantane og foreldra deira. Der resultatata fordelte seg ganske likt i Gudbrandsdalen og i Hallingdal når det gjaldt innflytting i informantgruppa, er det store skilnader i foreldregruppa. Ifølgje dette resultatet bur det fleire innflyttarar i Hallingdal enn i Gudbrandsdalen, og det syner også statistikkane i pkt. 1.3.

Eg trur ikkje innflyttarforeldra nødvendigvis påverkar ungane sine til å prate bokmålsnært. Særleg i Hallingdal er ikkje foreldra eingong frå bokmålsstrøk. Poenget er at dei ikkje påverkar ungane sine til å prate dølsmål, og ungane blir meir påverka av språket til jamnaldringar. Og dette språket viser seg å vera bokmålsnært. Både Hallingdal og Gudbrandsdalen ligg fysisk langt unna det sentrale austlandsområdet, så ein skulle ikkje vente påverknad frå nokon spesiell by, slik til dømes Anders Steinsholt (1972) fann i sine granskingar frå 1938 og 1968, at hedrumsmålet vart påverka av Larvik bysmål. Det kan hende

at me ser det Mæhlum kallar å velja *nøytral språkstrategi* her (sjå pkt. 1.5.2). Barn av innflyttarar har ikkje nokon eintydig språkleg identitet, og dei blir kanskje språkleg usikre fordi det språket dei som små lærer heime, slett ikkje treng å vera det dei høyrer utanom heimen når dei blir større. Informantane risikerer ikkje så mykje ved å velja bokmålsnær tale som språkleg strategi, for den varieteten er blant anna nøytralisert gjennom TV, radio, riksdekkjande aviser og skriftspråket bokmål.


Eg nemnde i kap. 1.4.2 at i *utgangspunktet* skulle ein tru at tette nettverk har overføringsverdi i Hallingdal og Gudbrandsdalen, fordi begge dalane er utprega rurale strøk, og bygdesentra i bådalføre har innbyggjartal mellom 500 og 5000. Men resultatet av spørsmål 6 viser at fleire av ungdommane i Hallingdal har innflyttarforeldre enn ungdommane i Gudbrandsdalen, så ein kan kanskje vente opnare nettverk i Hallingdal. Men det er faktisk innflytting i Gudbrandsdalen også, så innflytting kan ikkje åleine forklare kvifor ungdommane i Hallingdal pratar meir bokmålsnært. Det må vera ei vilje til endring i Hallingdal som ikkje finst i like sterk grad i Gudbrandsdalen. Helgander (1996) fann at nokre foreldre i Dalarna i Sverige ikkje ville prate dialekt til barna sine for å betre framtidsutsiktene deira. Eg trur ikkje dette skjer i Hallingdal, men kanskje finst det ein slags resignasjon eller aksept for at ungane endrar språk? Det å rette språket til ungane blir sett på som pedagogisk feil, fordi det visstnok kan føre til at ungane kjenner seg språkleg utrygge.

Thoengen (1994) fann at innflyttarbakgrunnen til foreldra til hennar informantar hadde mykje å seie for korleis informantane prata: 80% av ungane med hallingforeldre prata halling, 35% av ungane med ein ”innfødd” forelder prata halling, og blant barn som hadde innflyttarforeldre prata rundt 80% bokmålsnært. Mine seks informantar i intervjuet vitnar om det same: Dei to som pratar bokmålsnært har innflyttarforeldre, dei som blandar har ein forelder frå staden, og dei som pratar dialekt har bådalføre foreldre frå staden. Eg hadde ikkje samanlikna spørjeskjema til dei seks då eg intervjuar dei, og det er tilfeldig at mønsteret er likt. Men det er mogelegvis ikkje tilfeldig at barn av innflyttarar pratar blanding eller bokmålsnært.

3.4.5 Spørsmål 8: Hva kjenner du deg mest som?

Informantane kunne rangere alternativa ‘a) åling, golving, nesning osv./frøning, vagvær, vinstravær osv. (lokal identitet), b) halling/gudbrandsdøl (regional identitet) eller c)

østlending (overregional identitet)'. Resultata her syner berre det alternativet informantane hadde som fyrsteval.



Samla resultat:

	lokal identitet	regional identitet	Overregional identitet
Hallingdal	54 % (32) (gutar 56%, jenter 53 %)	27 % (16) (gutar 33%, jenter 22%)	19 % (11) (gutar 11%, jenter 25%)
Gudbrandsdalen	71 % (54) (gutar 72%, jenter 71%)	22 % (17) (gutar 22%, jenter 23%)	7 % (5) (gutar 6%, jenter 6%)

Det er svært interessant å sjå det er fleire i Gudbrandsdalen som kjenner lokal tilknytning enn i Hallingdal. Unn Røynealand (2005) fann i si avhandling om røros- og tynsetmålet at lokal tilknytning er ein viktig sosial variabel når det gjeld i kva grad ungdom vel å bruke den heimlege dialekten. Den som kjenner lokal tilknytning, vil også ønske å prate dialekt. Kanskje er det større vilje til å prate dialekt i Gudbrandsdalen fordi dei kjenner seg meir knytt til heimstaden. Det er viktig å hugse på at over halvparten av hallingane også kjenner mest lokal tilknytning, så forklaringa må ikkje bli ein-sidedig. Hanne frå Geilo hadde ei interessant betraktning på det å vera halling og det å vera geiling:

...når e vart komfermert (...) alle sku jo ha buna, sant...å da ville nesten alle ha våssabuna...sjøl om dæi hadde bodd på jæjlo hæile =e= hæile live sitt (...) så viss mora eller faarn kâm fra telemark elle fra våss elle no sånt no, så ville di ha de andre...dæi ville ikkje ha hallingbuna...får de va ikkje tøft nåkk...får de va liksåm ut å væra halling (...) mange som kjem frå jæjlo men dæi e`kje hallinga...

Så det å vera halling har tydelegvis ein negativ konnotasjon for desse konfirmantane, mens Geilo har heilt andre konnotasjonar. Hallingdal vart for ungdomane knytt til bondske og trauste verdiar, mens Geilo var den trendy feriestaden med lang turismetradisjon og kontakt med omverda.

Det er også interessant å sjå at den sosiale variabelen kjønn gjev utslag i Hallingdal når det gjeld regional identitet. Fleire jenter enn gutar kjenner seg mest som austlendingar (25% mot 11%), mens når det gjeld lokal tilknytning stiller kjønna meir likt (53% mot 56%). Det er mogeleg at jentene vil ta høgare utdanning og orienterer seg mot Oslo-området, og derfor kjenner seg meir som austlendingar. Likevel får ein ikkje det same utslaget i spørsmål 17 "Hvordan vil du beskrive språket ditt". Der svarer 42 % av gutane at dei pratar bokmålsnært, mens 39% av jentene gjev opp det same. Det er altså ikkje stor forskjell på gutar og jenter når det gjeld rapportert bokmålsnær tale. Det kan vera tilfeldigheter som gjer at det vart utslag på regional identitet og kjønn. Det styrkar trua mi på at kjønn ikkje er nokon viktig sosial variabel.

3.4.6 Spørsmål 9: Hvilke egenskaper tror du andre folk forbinder med en "ekte døl"?

På dette spørsmålet kunne informantane vera einige, ueinige eller forhalde seg nøytrale til visse karakteristikkar dei meiner folk utanom dalen har til hallingar/gudbrandsdølar:

Hallingdal			
	nøytral	enig	Uenig
smart	82 % (48)	2 % (1)	16 % (9)
treg	25 % (15)	65 % (38)	10 % (6)
spontan	31 % (18)	2 % (1)	67 % (39)
traust	15 % (9)	78 % (47)	7 % (4)
moderne	39 % (23)	0	61 % (36)
tradisjonell	12 % (7)	83 % (49)	5 % (3)
bondsk	15 % (9)	83 % (49)	2 % (1)
urban	32 % (19)	0	68 % (41)
gjestfri	43 % (26)	55 % (33)	2 % (1)
utadvendt	61 % (35)	18 % (10)	21 % (12)
beskjeden	66 % (39)	24 % (14)	10 % (6)

Gudbrandsdalen			
	nøytral	enig	Uenig
smart	70 % (53)	7 % (5)	23 % (18)
treg	20 % (15)	74 % (56)	6 % (5)
spontan	44 % (33)	15 % (11)	41 % (31)
traust	16 % (12)	84 % (62)	0
moderne	33 % (25)	3 % (2)	64 % (48)
tradisjonell	12 % (9)	87 % (67)	1 % (1)
bondsk	14 % (11)	86 % (66)	0
urban	34 % (25)	5 % (4)	61 % (45)
gjestfri	36 % (28)	55 % (42)	9 % (7)
utadvendt	50 % (38)	20 % (15)	30 % (23)
beskjeden	49 % (38)	39 % (30)	12 % (9)

Her vart informantane i spørjeskjemaet møtt av stereotypiar av ein døl. Stereotypiar er dei kategoriane me lagar for å beskrive ulike grupper menneske. Det er tydeleg at informantane veit om kva stereotypiar som finst, og til dels også er einige. Dølane er bondske, tradisjonelle, trauste og trege, og dei er ikkje spontane, urbane, utadvendte og moderne. Hallstein frå Gol seier at dei leikar seg med stereotypiar på folkehøgskulen han går på:

...så dær er de sånn...smeltedigel fra alle sånne fålk (...) dær ska alle liksom finne sitt særpreg...(...) vi måbber jo norlenningene får all del..selfølgeli...som ær samer å bærpløkkere...å vi måbber trøndere me di karskgræiene (...) –KO BLIR DU MOBBA SOM, DA? ...fjellbonne...de ær ikke særli sårene...

Men han bryr seg ikkje om ”mobbinga”. Hallstein likar seg godt på Gol, han seier han saknar plassen no når han går på folkehøgskule, og kan godt tenke seg å flytte tilbake.


Motsett kan ein sjå for seg at språkbrukarar tykkjer stereotypiane er sårande, og kanskje vel ein annan språkleg stragtegi enn dialekt av den grunn. Hanne frå Geilo seier at ”...asså nå tru`kje dæi prata så my om døla lenger...e trur de e om bønna elle ikkje bønna...”. Og *bønder* blir tydelegvis brukt som eit skjellsord om ein mindre opplyst person frå bygda. Ho seier vidare om turistane at dei

”...behandle de som bønna, lissåm (...) så e de mange som...ja som fårvente at me æin gang dæi kjem opp på fjelle ska me stå dær me lua i hanna, lissåm...å si ”velkåmmen å takk får at du kåm” lissåm...”.

Hanne meiner dei fleste unge på Geilo pratar bokmålsnært, og det blir kanskje viktig å prøve å hevde seg i høve til turistane med det middelet ein har å hevde seg med, nemleg språket. Språkbrukarane har kanskje ei oppfatning av at forholdet mellom turisten og ein sjølv vil bli meir likebyrdig dersom ein pratar mindre dialekt og meir bokmålsnært?

Det er ikkje store skilnader mellom Hallingdal og Gudbrandsdalen i oppfatninga av stereotypiar, noko som byggjer opp under forventninga mi om at dalføra er ganske like. Informantane har altså ganske lik oppfatning av korleis dei trur andre ser på dei.

3.4.7 Spørsmål 10: Hvilken status tror du det har å komme fra Hallingdal/Gudbrandsdalen?



Samla resultat:

	høg status	mellomstatus	låg status	veit ikkje
Hallingdal	13 % (8) (gutar 20%, jenter 6%)	63 % (39) (gutar 60%, jenter 66%)	10 % (6) (gutar 10%, jenter 9%)	14 % (9) (gutar 10%, jenter 19%)
Gudbrandsdalen	19 % (15) (gutar 24%, jenter 16%)	56 % (44) (gutar 44%, jenter 66%)	9 % (7) (gutar 18%, jenter 2%)	15 % (12) (gutar 14%, jenter 16%)


Kva verdi har det å vera halling eller gudbrandsdøl? Eg tolkar ”mellomstatus” som positivt lada utan at det blir for sjølvskrytande. Desse tala syner at informantane frå begge dalføra vurderer ganske likt kva verdi det har å koma frå dalen, og tonen er positiv. Røyneland fann at informantane hennar frå Røros og Tynset på eit nivå var ”politisk korrekte”, og var positive til sin eigen heimstad og dialekt. Men slike medvitne haldningar kan ha mindre relevans for språklege strategiar enn umedvitne haldningar, som kjem fram i til dømes samtaler med informantane. Gunnar frå Vinstra, som rapporterer bokmålsnær tale, seier om det å prate døl kontra det å prate bokmål:

... mange ser på de som status å prate dø1...at de æ bra at de bli tatt vare på dialekta...men dær har du jo ganske mange store unntak, da...de at...de æ minst like græit å prate bokmål å atte de æ veldi ubonsk å prate bokmål å veldi urånete liksåm...(...) men =e= den sjenerelle oppfatninga æ vel at de æ status...de æ jo liksåm de politisk korrekte at de æ status å prate dialekt...

Han veit det gjev status å prate dialekt, men det gjev ikkje den statusen han er ute etter. For han er det rånarane som pratar dialekt. Likevel har han kryssa av på ”mellomstatus” i spørjeskjemaet på dette spørsmålet. Dette viser kor komplekse desse spørsmåla er for den enkelte, og at du godt kan ha ein identitet knytt til staden utan at du treng å prate dialekt.

3.4.8 Spørsmål 11: Se for deg at du flytter til byen enten for å ta utdanning eller for å jobbe. Tror du at du vil føle deg mest som et bydemenneske, bymenneske eller begge deler?

Informantane hadde fem svaralternativ i spørjeskjemaet, der dei to siste var ‘vet ikke’ og ‘ingen av delene’. Desse to er her slått saman til eitt tal.



Samla resultat:

	bymenneske	bygdemenneske	begge delar	veit ikkje / ingen av delane
Hallingdal	22 % (13) (gutar 34 %, jenter 13%)	33 % (19) (gutar 27 %, jenter 37%)	40 % (23) (gutar 27%, jenter 50%)	3 (5 %)(3) (gutar 12% jenter 0)
Gudbrandsdalen	6 (7 %) (gutar 6%, jenter 9%)	35 (45 %) (gutar 53%, jenter 39%)	26 (34 %) (gutar 25%, jenter 39%)	11 (14 %) (gutar 16%, jenter 13%)


Her er det skilnader mellom Hallingdal og Gudbrandsdalen. Det ser ut til at bygdeidentiteten er sterkare i Gudbrandsdalen enn i Hallingdal. Dette kjem til uttrykk hos Hallstein frå Gol:

...nå går jø på folkehøgskole, å jø møter =e= møter fålk fra veldi like bygder...alle sier at Gol virker urbant i gåseøjne, da...hallinger sjenerelt virker litt mer...ja, jø væit ikke...mer byfålkakti, sir dem...men jø trur ... turistene jør sitt får å jøre åss litt mer hippe...at vi ser va døm går me i byn å har på sæi i byn...asså de hær me småubårdmote å ting å tang...de ær mer fårsjell kansje på fålk øverst i Østerdarn og øverst i Hallingdal enn kansje de sku tilsi, da...

Hallingar meiner kanskje sjølve dei er litt meir urbane enn gudbrandsdølane? Hallstein meiner i alle fall at ungdom i Hallingdal er meir "på høgde" med det som skjer i byen enn det ungdom i andre dalføre er. Det er ikkje utenkjeleg at ein ungdom ikkje berre vil vera "på høgde" klesmessig, men også språkleg. Me såg i kap. 1.4.3 at språkleg åtfærd er individuelt motiverte identitetshandlingar, og at ein språkbrukar vil synlegjera gjennom språket kven han eller ho vil assosiere seg med. Men desse identitetshandlingane kan vera både medvite og umedvite motiverte, og det kunne ha vore interessant å undersøkje hallingane med såkalla

matched guise-metode¹³, for å finne ut kvifor dei tykkjer det er så fint å koma frå Hallingdal og at hallingdialekten er fin, men likevel vel å ikkje prate hallingmål. Ein skulle tru det ligg ubevisste haldningar til grunn. Jensen (2006) fann ut at det i Sandefjord er skilnad på dei haldningane informantar seier dei har, og dei haldningane dei faktisk har. Sjølv om informantane rapporterte positiv haldning til sandefjordsdialekten, vurderte dei språkprøva frå Oslo meir positivt enn språkprøva frå Sandefjord. Ho fann også at informantar som ønsker høgare utdanning og vil flytte frå Sandefjord, er meir positive til oslomålet enn dei som ønsker å bli i Sandefjord utan høgare utdanning. Sidan informantane mine går på allmennfag, går eg ut ifrå at dei fleste ønsker høgare utdanning. Slik sett kan ein kanskje overføre resultatet frå Sandefjord til Hallingdal. Men resultatet frå Sandefjord let seg ikkje like lett overføre til Gudbrandsdalen. Også her må me gå ut ifrå at informantane på allmennfag ønskjer å gå vidare med høgare utdanning, men dei vel likevel å prate dialekt. I Gudbrandsdalen pratar fleire dialekt enn i Hallingdal, og slik sett er dei språklege omgjevnadene i Gudbrandsdalen og Hallingdal svært ulike. Dette kan vera noko av grunnen til at ungdommane pratar ulikt i dei to dalføra.

3.4.9 Spørsmål 12: Tror du det er vanskelig å bo i byen og samtidig prate dialekt?




¹³ Matched guise-teknikken er utvikla av den kanadiske psykologen W. Lambert, og er ein indirekte metode som blir brukt til å avdekke ubevisste haldningar. Metoden er at ein og same person spelar inn to språkprøver der personen anten pratar to ulike dialektar eller to ulike språk. Informantane som lytter til desse to språkprøvene, skal etter visse skalaer merke av kva for personlegdomsdrag dei trur personen som har spela inn språkprøva har. Informantane veit ikkje at det er same personen som pratar. Teknikken har vist seg å gje verdifull kunnskap både om kva status dei to dialektane har i høve til kvarandre, og om korleis språkbrukarane av kvart språk blir vurdert som gruppe (etter Venås (1991)).

Samla resultat:

	vanskeleg	ikkje vanskeleg	veit ikkje
Hallingdal	26 (45 %) (gutar 46%, jenter 41%)	25 (43 %) (gutar 43%, jenter 47%)	7 (12 %) (gutar 11%, jenter 12%)
Gudbrandsdalen	44 (57 %) (gutar 63%, jenter 53%)	26 (34 %) (gutar 25%, jenter 40%)	7 (9 %) (gutar 12%, jenter 7%)

I likskap med spørsmål 11 er også spørsmål 12 heilt hypotetisk for informantane. Dei budde på det tidspunktet dei svarte på spørjeskjemaet heime hos foreldra. Men dei fleste skulle flytte ut same hausten, så spørsmåla var aktuelle. Det er naturleg at det er fleire i Gudbrandsdalen enn i Hallingdal som meiner det er vanskeleg å halde på dialekten i byen, sidan det er fleire som seier dei pratar dialekt i Gudbrandsdalen.

3.4.10 Spørsmål 13: Hvor viktig er det for deg å bruke det naturlige talemålet ditt i alle situasjoner?




Samla resultat:

	svært viktig	viktig	uviktig	veit ikkje
Hallingdal	14 (24 %) (gutar 21%, jenter 26%)	36 (61 %) (gutar 68%, jenter 55%)	8 (14 %) (gutar 7%, jenter 19%)	1 (1 %) (gutar 4%)
Gudbrandsdalen	21 (27 %) (gutar 22%, jenter 31%)	35 (46 %) (gutar 53%, jenter 40%)	14 (18 %) (gutar 19%, jenter 18%)	7 (9 %) (gutar 6%, jenter 11%)

Dette resultatet kan ved første augekast sjå ut til å stri noko med dei andre svara informantane gjev, for her er det viktigast for hallingane å bruke det naturlege talemålet. 85% av hallingane tykkjer det er ”svært viktig” eller ”viktig”, mens tilsvarende tal for gudbrandsdølane er 73%. Men naturleg talemål treng ikkje berre bety dialektprega tale, det betyr at du uansett varietet helst vil prate ”hjartespåret” ditt (sjå meir om omgrepet hjartespåk i pkt 1.5.2.)

Men sjølv om informantane tykkjer det er viktig å bruke det naturlege talemålet sitt, er dei også inneforstått med at det kan bli vanskeleg når dei flyttar frå staden (spørsmål 12). Dette syner kor komplisert tilhøvet mellom praksis og ideal er. Helst vil ein bruke det naturlege talemålet sitt heile tida, men som dialektbrukar veit ein at det kan by på problem. Eg lærte fort å be om ein ”pose” og ikkje ”påse” (!) på matbutikkar i Oslo etter gjentatte gonger med misforståingar. Men ikkje alle tykkjer det er problematisk å endre på dialekten, Gunhild frå Dovre har kryssa av på ”uviktig” i spørjeskjemaet, og på spørsmål 24 ”Synes du det er greit at folk endrer eller normaliserer talemålet sitt”, skriv ho i ein kommentar: *Koffor skulle dæ ikkje væra greit, når folk ikkje forstå dialekta di, da må en vel få slå um?*

3.4.11 Spørsmål 14: Hvilken målform har du som hovedmål?




Samla resultat:

	nynorsk	bokmål
Hallingdal	12 (20 %) (gutar 14%, jenter 26%)	47 (80 %) (gutar 86%, jenter 74%)
Gudbrandsdalen	21 (27 %) (gutar 38%, jenter 20%)	56 (73 %) (gutar 62%, jenter 80%)

Det ser ikkje ut til at det er nokon nær samanheng mellom det å skrive nynorsk og det å prate dialekt for dei fleste. Dersom det hadde vore ein samanheng, skulle ein venta at fleire skriv nynorsk i Gudbrandsdalen, sidan det er flest dialektbrukarar der. Det er nokså store kjønnsforskjellar i svara, men eg trur det er individavhengig og ikkje kjønnsavhengig.

3.4.12 Spørsmål 16: Hvordan vil du beskrive språket ditt?

Omgrepa ‘dialekt’, ‘bymål/bokmål/standard østnorsk’ og ‘en blanding av hallingmål/gudbrandsdalsmål og bymål’ vart ikkje diskutert med eller definert for informantane på førehand. Etter mi oppfatning har folk flest har ei ganske grei oppfatning av kva desse omgrepa står for, i motsetnad til fagmiljøet, der definisjonane er mange og diskusjonane lange.




Samla resultat:

	hallingmål/ gudbrandsdalsmål	bymål/bokmål/ standard austnorsk	blandingsmål
Hallingdal	17 (28%) (gutar 29%, jenter 29%)	24 (41%) (gutar 42%, jenter 39%)	18 (31%) (gutar 29%, jenter 32%)
Gudbrandsdalen	54 (70%) (gutar 66%, jenter 74%)	7 (9%) (gutar 12%, jenter 6%)	16 (21%) (gutar 22%, jenter 20%)

Dette resultatet bekrefter hypotesen min om at fleire pratar dialekt i Gudbrandsdalen enn i Hallingdal. Særleg er det slåande kor få som seier dei pratar bokmålsnært i Gudbrandsdalen i forhold til i Hallingdal. Det er ikkje særleg stor forskjell på korleis kjønna i dei ulike dalføra svarer, forskjellen er mellom dalføra.

3.4.13 Spørsmål 17: Har du prata annerledes før?



Samla resultat:


	Ja	Nei
Hallingdal	24 (39 %) (gutar 36%, jenter 42%)	37 (61 %) (gutar 64%, jenter 58%)
Gudbrandsdalen	26 (34 %) (gutar 34%, jenter 33%)	51 (66 %) (gutar 66%, jenter 67%)

Eg er overraska over at resultatata er såpass like i Hallingdal og Gudbrandsdalen. Det kan som sagt verke som om det er ein vilje til endring i informantgruppa, sidan så mange seier dei har endra språket sitt. Og hallingane viser seg spesielt endringsvillige, sidan det er så mange som seier i spørsmål 16 at dei pratar bokmålsnært. Men ein kan også diskutere om dette er medvite eller umedvite endringsvilje. Me som står utanfor, ser endringa frå hallingmål til meir bokmålsnært, men mange av informantane har kanskje aldri prata anna enn bokmålsnært, og har dermed ikkje medvite eller umedvite endra språket sitt. Men også informantar som pratar bokmålsnært veit at dei tilhøyrrer eit språksamfunn der varietetten hallingmål har vore einerådande, så dei er truleg medvitne om at dei bryt norma. Helgander (1996:128) viser til korleis språkbrukarar både strever mot ”konformitet och status quo och en förmåga till kreativitet och utveckling”. Solidariteten til den gruppa du tilhøyrrer, fører til trygghet for språkbrukaren og liten vilje til å endre noko. Dersom dei sterke sosiale banda i eit tett nettverk

blir brotne, til dømes ved innflytting, vil individet få større personleg fridom og færre represaliar ved språkending. Då kan språkbrukarane lettare la seg inspirere av andre, og ta til seg nye språkdrag. Det kan vera dette me ser i Hallingdal, der fleire av foreldra er innflyttarar enn i Gudbrandsdalen.

3.4.14 Spørsmål 18: Hvordan mener du de fleste i Hallingdal/Gudbrandsdalen prater?

Informantane hadde svaralternativa ‘hallingmål/gudbrandsdalsmål’, ‘bymål/bokmål/standard østnorsk’ og ‘anna’ å velja mellom. På svaralternativet ‘anna’ kunne informantane utdjupe kva dei la i dette svaret, og *alle* har svart at dei med ‘anna’ meiner eit blandingsmål mellom hallingmål/gudbrandsdalsmål og bymål. Dette gjeld også for *spørsmål 19*.




Samla resultat:

	hallingmål/ gudbrandsdalsmål	bymål/bokmål/ standard austnorsk	blandingsmål
Hallingdal	26 (44 %) (gutar 50%, jenter 38%)	23 (39 %) (gutar 37%, jenter 41%)	10 (17 %) (gutar 13%, jenter 21%)
Gudbrandsdalen	69 (89 %) (gutar 88%, jenter 89%)	4 (5 %) (gutar 9%, jenter 2%)	5 (6 %) (gutar 3%, jenter 9%)

I dette spørsmålet er informantane bedt om å seie noko om dei språklege omgjevnadene sine. Informantane rapporterer at det er fleire *rundt* dei som pratar dialekt, enn *i sjølve* informantgruppa. Det er ikkje overraskande, for ein kan gå ut i frå at fleire eldre pratar dialekt enn yngre. Det er stor skilnad mellom dalføra her. Dersom over halvparten av språkbrukarane rundt informantane i Hallingdal brukar bokmålsnær tale eller pratar blandingsmål, er det ikkje rart dei som språkbrukarar kjenner seg frie til å velja andre språklege strategiar enn dialekt. Eit språksamfunn med så stor språkleg variasjon kan neppe ha moglegheit til å øve stor kontroll over medlemene. Hallingdal er ikkje lenger eit språksamfunn etter Labovs definisjon (sjå kap. 1.2.1), som seier at eit språksamfunn må ha homogene oppfatningar av kva språklege normer som avgrensar eit språksamfunn. I Gudbrandsdalen ser det ut til at dei fleste er einige om denne avgrensinga, i og med at heile 89% meiner at dei fleste pratar gudbrandsdalsmål i Gudbrandsdalen.

3.4.15 Spørsmål 19: Hvordan prater de fleste vennene dine?



Samla resultat:

	hallingmål/ gudbrandsdalsmål	bymål/bokmål/ standard austnorsk	blandingsmål
Hallingdal	25 (38 %) (gutar 41%, jenter 35%)	38 (58 %) (gutar 53%, jenter 62%)	3 (4 %) (gutar 6%, jenter 3%)
Gudbrandsdalen	70 (84 %) (gutar 82%, jenter 85%)	9 (11 %) (gutar 9%, jenter 13%)	4 (5 %) (gutar 9%, jenter 2%)

Også her er forskjellen på dalføra stor, og følger resultatene frå spørsmål 16 og 18. Talet på dialektbrukarar går faktisk opp både i Hallingdal og Gudbrandsdalen samanlikna med spørsmål 16. Dette kan bety at dei har vore strenge då dei skulle vurdere korleis dei sjølve pratar. Det kan også bety at dei har venner som ikkje går på allmennfag, og kanskje dei pratar meir dialekt enn dei sjølve. Røyneland (2005) fann i sine undersøkingar ut at yrkesfaglege elevar i den vidaregåande skulen pratar meir dialekt enn elevar på allmennfag, og det har nok overføringsverdi til Hallingdal og Gudbrandsdalen.

Nettopp i ungdomstida er behovet for å bygge sin eigen språklege og kulturelle identitet stor, og det å finne ein slik sosial identitet i samspel med andre er viktig. Når så stor del av vennemiljøet pratar bokmålsnært i Hallingdal, blir valet av denne språklege strategien ei identitetshandling som viser tilknytning til ei bestemt gruppe. Det kan vera medvite eller

umedvite, viktig eller uviktig. Eg spurte Hanne frå Geilo om det gav nokon spesiell status å prate dialekt eller bokmålsnært på vidaregåande:

...e tru`kje de har no me...næi gudd væit...språk har ingenting å si lenger...du e`kje ut sjøl om du prata halling eller motsatt... -MARKERER DU INGENTING MED SPRÅK? ...jo...man jør jo de...men samtidi...asså andre steder så trur e man jør de...sånn som på gymmnase så ((uff)) e væit`kje e...


Ho viser gjennom heile intervjuet ei nokså liberal haldning til språkbruk, ho meiner ein må variere språket så det passar i ulike situasjonar. Det er kanskje difor det blir litt vanskeleg å svare på om språk gjev status.

Eg kom sjølv som innflyttar til Hallingdal i 12-årsalderen frå Gjøvik, og snakka gjøvikdialekt. Foreldra mine pratar ikkje hallingmål. Eg tykte denne dialekten fekk litt for mykje merksemd, og prata ein kort periode bokmålsnært, for då gjorde eg i alle fall ikkje noko gale, før eg byrja prate hallingmål. Det var så vidt eg kan hugse ikkje eit aktivt val, men truleg eit resultat av at mange av vennene mine gjorde det. Broren min er to år yngre enn meg, og skulle teoretisk ha større sjanse for å ta til seg dialekten på den nye staden, men vennene hans prata bokmålsnært. Det er truleg derfor han aldri har prata hallingmål. Syster mi er fødd og oppvaksen på Ål, men ho har prata bokmålsnært heile livet. Familien min er eit døme på kor ulike val innflyttarungar i same familie kan ta. Også for Halldis frå Nesbyen har venner vore viktige for språkbruken hennar:

-PRATAR VENNENE DINE ANLEIS ENN DEG? ...næi, dæi fleste...elle...dæi e har hær på nes prata halling...sånn som når e jikk på vieregåene, då va de mange dær som ikkje prata halling...men...dæi fleste e æ me prata halling...så de e lissåm dæffår de æ...e ha bynt me ell ikkje bynt me no anna sikkert...

Det var altså då ho kom på Gol vidaregåande skule at ho møtte mange som prata bokmålsnært.

3.4.16 Spørsmål 20: Hvilken status har det å prate dialekt i Hallingdal/Gudbrandsdalen?



Samla resultat:

	høg status	mellomstatus	låg status	veit ikkje
Hallingdal	22 (37 %) (gutar 41%, jenter 32%)	30 (50 %) (gutar 52%, jenter 48%)	3 (5 %) (jenter 10%)	5 (8 %) (gutar 7%, jenter 10%)
Gudbrandsdalen	39 (51 %) (gutar 38%, jenter 60%)	24 (31 %) (gutar 38%, jenter 27%)	2 (3 %) (gutar 3%, jenter 2%)	12 (15 %) (gutar 21%, jenter 11%)

Det er i alle fall ikkje spor etter direkte negative haldningar til dialekten. Det er påfallande kor få som meiner det gjev låg status å prate dialekt. Men når så mange hallingar tykkjer det gjev status å prate dialekt, kvifor pratar dei ikkje dialekt då? Nokre, som Hallstein frå Gol, har ingen til å lære seg hallingmål:

... alle som var runnt i nabolage hær var innfløtteronger å snakka bokmål (...) men jæ trur jæ kunne ha lært å snakke halling av dem... hadde dem vært hallinger alle sammen... vor skulle jæ ha lært de, hadde jæ nær sagt...de ær sånn adoptivonge...sånn koreaner... vorfår snakker ikke di koreansk...vor skulle di lært de...næi, jæ hadde ikke no plass å lære halling...ikke før jæ kåm på skola (...næi, jæ jikk på (namnet på skulen)...de var masse innfløtteronger dær...nesten ingen som var hallinger...


Så det var faktisk ikkje før han kom på ungdomsskulen at han møtte mange andre som prata hallingmål. På spørsmål om kva haldning han trur hallingane har til sin eigen dialekt, svarer han at hallingmålet har ei ganske høg stjerne, og hallingane skulle ønske dei prata ordentleg halling, men dei får det ikkje til: *...men dær har vi de dærre...tenke de, si de, vil de, jør de tingen...* Fritt etter Ibsen.

Det er ikkje lett å finne svar på kvifor hallingane ikkje vel dialekt. I dag er kanskje noko av svaret at mange rett og slett ikkje lærer det nokon stad. Men kva er årsaka til at det er gått så langt? Kvifor blir ikkje barn av innflyttarane sosialisert inn som dialektbrukarar i Hallingdal? Storleiken på språksamfunnet kan moglegvis ha innverknad på innlæringa av den lokale dialekten. Eit stort språksamfunn vil absorbere nye deltakarar, mens i eit lite språksamfunn vil nye deltakarar truleg kunne påverke omgjevnadene sine. Gudbrand frå Fåvang hugsar ein ny gut i første klasse:

...ænn kammerat som kom frå Bergen...te oss bynte i fysste klasse...å`n tok gubbrandsdalsmåle på...ænn måna så prata`n åntle...fåvanging...åsså sku e væra me hemmatt å`n da e jikk i trea klasse, e hukse`re kjempegått, å da sjønte e ingenting tå de`n sa, får da va`re bærgensk da, me mor å far sin...å han prate jo hælt åntle fåvanging...så de e ingen som høre de nå at han itte kjem frå hær... -SÅ
INNFLYTTARAR TEK ETTER MÅLET HER? ...ja, men ænn som e dansk som bor hær nå..som e ætt år æiller æll me..han prate fåvanging (...) han kom hit da`n jikk i femte sjetteklasser æll no slek (...)
høre at`n itte e nårsk å`ra men `n prøve nåkk å prate fåvanging trur e...ja hælt klart...

I Hallingdal er det tydelegvis mogleg å gå i barneskulen og nesten ikkje ha klassekameratar som pratar dialekt, mens i Gudbrandsdalen er det så mange dialektbrukarar at det å sjølv bli dialektbrukar er det mest attraktive.

3.4.17 Spørsmål 23: Har du noengang følt at du ikke prater fint eller korrekt nok?




Samla resultat:

	Ja	Nei
Hallingdal	18 (30 %) (gutar 24%, jenter 36%)	42 (70 %) (gutar 76%, jenter 64%)
Gudbrandsdalen	28 (37 %) (gutar 25%, jenter 34%)	47 (63 %) (gutar 75%, jenter 66%)

Det er pussig å sjå at resultatata er heilt like for gutar i dei to dalføra og for jentene i dei to dalføra. I følgje Trudgill (pkt. 2.6) er jenter sosialt meir usikre enn gutane, og dette får språklege utslag. Kanskje det er derfor jentene ser ut til å vera meir vare for korreksjonar enn gutane?

3.4.18 Spørsmål 25: Hender det at du normaliserer?



Samla resultat:


	Ja	Nei
Hallingdal	36 (61 %) (gutar 59%, jenter 63%)	23 (39 %) (gutar 41%, jenter 37%)
Gudbrandsdalen	64 (83 %) (gutar 81%, jenter 84%)	13 (17 %) (gutar 19%, jenter 16%)

Det er naturleg at fleire i Gudbrandsdalen svarar at dei normaliserer, for dei pratar meir dialekt. Men det er interessant at språkbrukarane er villige til å normalisere. Det må bety at i samspel med andre er også gudbrandsdølene villige til å endre på dialekten sin. Gunhild frå Dovre meiner det er greitt å leggje om på dialekten sin dersom det ikkje er medvite:

...som æi jente som e kjænne (...) så flytta ho til lillehammer å blæi læling dær...ho knote frykteli, sånn at du ((UH)) de bli hæilt fæil ((LATTER)) ho sjifta me vilje sånn at ho prøve å legge se ætte dæn...dialekta da...mens e tenke egentli ikkje åver de, trur e...

Gunhild har vilje til å endre dialekten sin. Ho vil gjerne flytte bort frå Dovre, og reknar det då som naturleg at ho kjem til å endre språket sitt. Gunhild meiner at så lenge ein pratar heilt bokmålsnært, er det ikkje knoting. Det at ho ser på knoting som noko negativt, heng nok saman med oppfatninga av at knotarar ser ned på sin eigen bakgrunn, og prøver å heve seg over sambygdingane ved å prate meir bokmålsnært. Forskjellen mellom knoting og normalisering er ordmagi, for resultatet er det same. Men det er tydeleg at språkbrukarar er medvitne om at denne skilnaden finst. Normalisering er lov, og nødvendig for å bli forstått, mens knoting er eksempel på husmannsånd.

3.4.19 Spørsmål 27: Hva synes du om at folk kan plassere deg geografisk etter talemålet ditt?



Samla resultat:

	positivt	heilt greit	likegyldig	irriterande	har ikkje opplevd det
Hallingdal	25 (42 %) (gutar 24%, jenter 58%)	18 (30 %) (gutar 41%, jenter 19%)	3 (5 %) (gutar 11%, jenter 0)	2 (3 %) (gutar 0, jenter 7%)	12 (20 %) (gutar 24%, jenter 16%)
Gudbrandsdalen	36 (46 %) (gutar 42%, jenter 49%)	26 (34 %) (gutar 28%, jenter 38%)	11 (14 %) (gutar 21%, jenter 9%)	0	5 (6 %) (gutar 9%, jenter 4%)

Her ville eg finne ut om informantane tykte det var greit at det var ein samanheng mellom språkleg identitet og geografisk identitet. Ein kunne kanskje venta at fleire i Hallingdal ikkje har opplevd det, sidan 41% rapporterer bokmålsnær tale. Men hallingane sin bokmålsnære tale har kanskje trekk frå hallingmålet?

Dei aller fleste har ikkje noko problem med at andre folk kan heimfeste dei på dialekten. I Gudbrandsdalen var det faktisk ingen av informantane som oppgav at dei tykte det var irriterande. At 14 % av gudbrandsdølane og 5% av hallingane er likegyldig til om nokon kan kjenne dei att på språket, har kanskje noko med at språk og geografisk identitet ikkje er like viktig for alle. Resultatet gjev meining i Gudbrandsdalen. Der pratar dei fleste dialekt, og dei aller fleste har ei positiv haldning til at andre kan heimfeste dei til dalen

gjennom dialekten. Også dette resultatet viser at hallingane har eit greitt rapportert forhold til heimplassen sin, men pratar likevel ikkje hallingmål.


3.4.20 Kvantitativ bearbeiding, Hallingdal og Gudbrandsdalen: Del II av spørjeskjemaet

Dette er ei beskrivande framstilling av den rapporterte språkbruken til informantane i spørjeskjemaet.

Variabel 1:

Subjektsform av 1. person eintal, personleg pronomen


e (Hallingdal og Gudbrandsdalen):



svaralternativ:	Hallingdal			Gudbrandsdalen		
	alltid	av og til	aldri	alltid	av og til	aldri
Til saman:	43 % (25)	21 % (12)	36% (21)	83% (64)	9 % (7)	8 % (6)
	(gutar 39%, jenter 45%)	(gutar 25%, jenter 19%)	(gutar 36%, jenter 36%)	(gutar 85%, jenter 82%)	(gutar 6%, jenter 11%)	(gutar 9%, jenter 7%)

Subjektsform av 1. person eintal, personleg pronomen

jæi (bokmålsnær tale):




svaralternativ:	Hallingdal			Gudbrandsdalen		
	alltid	av og til	aldri	alltid	av og til	aldri
Til saman:	41 % (24)	22 % (13)	37 % (22)	9 % (7)	5 % (4)	86 % (66)
	(gutar 43%, jenter 39%)	(gutar 25%, jenter 19%)	(gutar 32%, jenter 42%)	(gutar 13%, jenter 7%)	(gutar 0, jenter 9%)	(gutar 87%, jenter 84%)

Variabel 2:

Subjektsform av 1. person fleirtal, personleg pronomen

me (Hallingdal)


oss (Gudbrandsdalen):



Svaralternativ:	Hallingdal			Gudbrandsdalen		
	alltid	av og til	aldri	alltid	av og til	aldri
Til saman:	42 % (25)	17 % (10)	41 % (24)	83 % (64)	10 % (8)	7 % (5)
	(gutar 39%, jenter 45%)	(gutar 22%, jenter 13%)	(gutar 39 %, jenter 42%)	(gutar 88%, jenter 80%)	(gutar 6%, jenter 13%)	(gutar 6%, jenter 7%)

Subjektsform av 1. person fleirtal, personleg pronomen

vi (bokmålsnær tale):



Svaralternativ:	Hallingdal			Gudbrandsdalen		
	alltid	av og til	aldri	alltid	av og til	aldri
Til saman:	49 % (29)	17 % (10)	34 % (20)	8 % (6)	16 % (12)	76 % (59)


	(gutar 50%, jenter 48%)	(gutar 25%, jenter 10%)	(gutar 25%, jenter 42%)	(gutar 9%, jenter 7%)	(gutar 13%, jenter 18%)	(gutar 78%, jenter 75%)
--	----------------------------	----------------------------	----------------------------	--------------------------	----------------------------	----------------------------

Variabel 3 a:

Ubunden form fleirtal, substantiv

hesta (Hallingdal)


hestø (Gudbrandsdalen):



	Hallingdal			Gudbrandsdalen		
svaralternativ:	alltid	av og til	aldri	alltid	av og til	aldri
Til saman:	36 % (21)	12 % (7)	52 % (31)	66 % (51)	9 % (7)	25 % (19)
	(gutar 36%, jenter 36%)	(gutar 7%, jenter 16%)	(gutar 57%, jenter 48%)	(gutar 75%, jenter 60%)	(gutar 3%, jenter 13%)	(gutar 22%, jenter 27%)

Ubunden form fleirtal, substantiv

hester (bokmålsnær tale):




	Hallingdal			Gudbrandsdalen		
svaralternativ:	alltid	av og til	aldri	alltid	av og til	aldri
Til saman:	53% (31)	19 % (11)	28 % (17)	26% (20)	8 % (6)	66% (51)
	(gutar 54%, jenter 52 %)	(gutar 18%, jenter 19%)	(gutar 28%, jenter 29%)	(gutar 22%, jenter 29%)	(gutar 6%, jenter 9%)	(gutar 72%, jenter 62%)

Varialbel 3 b:

Bunden form fleirtal, substantiv

hestadn/hestan (Hallingdal)

hestæin/hestan (Gudbrandsdalen):




	Hallingdal			Gudbrandsdalen		
svaralternativ:	alltid	av og til	aldri	alltid	av og til	aldri
Til saman:	37% (22)	15% (9)	48 % (28)	81 % (62)	8 % (6)	11 % (9)

	(gutar 32%, jenter 42%)	(gutar 18%, jenter 13%)	(gutar 50%, jenter 45%)	(gutar 81%, jenter 80%)	(gutar 13%, jenter 4%)	(gutar 6%, jenter 16%)
--	----------------------------	----------------------------	----------------------------	----------------------------	---------------------------	---------------------------

Bunden form fleirtal, substantiv

hestene (bokmålsnær tale):




	Hallingdal			Gudbrandsdalen		
svaralternativ:	alltid	av og til	aldri	alltid	av og til	aldri
Til saman:	49 % (29)	19 % (11)	32 % (19)	13 % (10)	5 % (4)	82 % (63)
	(gutar 46%, jenter 52%)	(gutar 29%, jenter 10%)	(gutar 25%, jenter 38%)	(gutar 16%, jenter 11%)	(gutar 0, jenter 9%)	(gutar 84%, jenter 80%)

Variabel 4:

Ubunden form fleirtal, substantiv

jentu (Hallingdal)

jento (Gudbrandsdalen):




Ein mannleg informant frå Gudbrandsdalen svarte ikkje på dialektalternativet i spørjeskjemaet.

svaralternativ:	Hallingdal			Gudbrandsdalen		
	alltid	av og til	aldri	alltid	av og til	aldri
Til saman:	22 % (13)	15 % (9)	63 % (37)	63 % (48)	9 % (7)	28 % (21)
	(gutar 25%, jenter 19%)	(gutar 11%, jenter 19%)	(gutar 64%, jenter 62%)	(gutar 74%, jenter 56%)	(gutar 3%, jenter 13%)	(gutar 23%, jenter 31%)

Ubunden form fleirtal, substantiv

jenter (talt bokmål):




	Hallingdal			Gudbrandsdalen		
svaralternativ:	alltid	av og til	aldri	alltid	av og til	aldri
Til saman:	61 % (36)	24 % (14)	15 % (9)	25 % (19)	11 % (9)	64 % (49)
	(gutar 61%, jenter 61%)	(gutar 25%, jenter 23%)	(gutar 14%, jenter 16%)	(gutar 22%, jenter 27%)	(gutar 13%, jenter 11%)	(gutar 65%, jenter 62%)

Variabel 5:

Nektingsadverbet

ikkji (Hallingdal)


ikkje/itte (Gudbrandsdalen) :



	Hallingdal			Gudbrandsdalen		
svaralternativ:	alltid	av og til	aldri	alltid	av og til	aldri
Til saman:	24 (41 %)	19 % (11)	40 % (24)	83 % (64)	10 % (8)	7 % (5)
	(gutar 32%, jenter 48%)	(gutar 18%, jenter 19%)	(gutar 50%, jenter 32%)	(gutar 88%, jenter 80%)	(gutar 6%, jenter 13%)	(gutar 6%, jenter 7%)

Nektingsadverbet

ikke (bokmålsnær tale):




svaralternativ:	Hallingdal			Gudbrandsdalen		
	alltid	av og til	aldri	alltid	av og til	aldri
Til saman:	48 % (28)	22 % (13)	30 % (18)	12 % (9)	9 % (7)	79 % (61)
	(gutar 54%, jenter 42%)	(gutar 29%, jenter 16%)	(gutar 17%, jenter 42%)	(gutar 9%, jenter 13%)	(gutar 9%, jenter 9%)	(gutar 82%, jenter 78%)

Variabel 6:

Ein mannleg informant frå Hallingdal kryssa ikkje av for nokon av alternativa for denne språkvariablen i spørjeskjemaet, mens ein mannleg informant frå Gudbrandsdalen let vera å krysse av for alternativet som ikkje var dativ.

Dativ

i bygden (Hallingdal og Gudbrandsdalen):




svaralternativ:	Hallingdal			Gudbrandsdalen		
	alltid	av og til	aldri	alltid	av og til	aldri
Til saman:	3 % (2)	10 % (6)	87 % (50)	10 % (8)	34 % (26)	56 % (43)
	(gutar 4%, jenter 3%)	(gutar 15%, jenter 6%)	(gutar 81%, jenter 81%)	(gutar 3%, jenter 16%)	(gutar 31%, jenter 36%)	(gutar 66%, jenter 48%)

Nemneform

i bygde (Hallingdal, Nord-Gudbrandsdalen)

i bygda (Midt- og Sør-Gudbrandsdalen, bokmålsnær tale)



	Hallingdal			Gudbrandsdalen		
svaralternativ:	alltid	av og til	aldri	alltid	av og til	aldri
Til saman:	86 % (50)	12 % (7)	2 % (1)	62 % (47)	24 % (18)	14 % (11)
	(gutar 89%, jenter 84%)	(gutar 11%, jenter 13%)	(gutar 0, jenter 3%)	(gutar 74%, jenter 54%)	(gutar 23 %, jenter 24 %)	(gutar 3%, jenter 22%)

3.5 Kvantitativ oppsummering av språket til dei seks informantane i intervjuet, Hallingdal og Gudbrandsdalen

Eg vil her kort gjera greie for korleis dei seks informantane faktisk pratar i intervjuet, først dei tre frå Hallingdal, og deretter dei tre frå Gudbrandsdalen. Utgangspunktet mitt for å ha med denne kvantitative oppsummeringa, er for å syne samanhangen mellom det informantane rapporterte i spørjeskjemaet og den faktiske talen i intervjuet (sjå elles diskusjonen om rapportert språkbruk i pkt. 2.7).

Dei språklege variablane (sjå pkt. 3.3) er valde fordi eg forventar at dei er frekvente. Men eg var ikkje sikra at informantane faktisk ville bruke desse variablane. Og alle språktrekk er ikkje like frekvente i alle samanhengar. Det er eit spørsmål kor mange belegg ein bør ha av ein variabel for at det ikkje skal vera tilfeldig variasjon. Dette er ikkje eit problem i denne oppsummeringa, fordi det viste seg som forventa at dei språklege variablane var høgfrekvente.

3.5.1 Hallstein – rapporterte bokmålsnær tale

Hallstein er heilt konsekvent i bruken av variabel 1, "jæi", og variabel 2, "vi". I ubunden form fleirtal brukar han tilsaman 31 substantiv, alle i bokmålsform. I bunden form har to av tre substantiv *-a* ending i inkjekjøn, resten av substantiva ender på *-ene*. Bruken av variabel 5, nektingsadverbet "ikke" er konsekvent, og han brukar ikkje dativ. Han har bokmålsbøying av verbene "å vera" og "å jera", og han har eitt tilfelle av kløyvd infinitiv. Han seier "å jøra" to gonger i intervjuet, men han seier også "å jøre" fire gonger.

3.5.2 Hanne – rapporterte blandingsmål

Hanne har ingen førekomstar av "jæi", men er heilt konsekvent i bruken av "e". Hallingforma "me" er brukt 23 gonger, mens bokmålsforma "vi" er brukt tre gonger. Av til saman 25 substantiv i ubunden form fleirtal, har Hanne åtte førekomstar av *-a* ending, dei resterande har *-er* ending. I bunden form fleirtal har tre hannkjønns- og eitt hokjønns-substantiv *-an* ending. Fem substantiv har *-ene* ending. Hanne brukar hallingforma "ikkje" 70 gonger i intervjuet, og bokmålsforma "ikke" fire gonger. Det er vanskeleg å avgjera om ho seier "ikkje" eller den meir ekte hallingforma "ikkji". Det er i alle tilfelle motsetnaden mellom plosiv og frikativ konsonant som er mest interessant. Ho brukar ikkje dativ i intervjuet, og er ikkje konsekvent i bruken av kløyvd infinitiv. Det er til dømes fire tilfelle av "å jøre" og to tilfelle av "å jøra". Merk at ho ikkje brukar hallingforma "å jera".

3.5.3 Halldis – rapporterte hallingmål

Halldis er heilt konsekvent i bruken av "e" og "me". I ubunden form fleirtal brukar ho *-a* ending i hannkjønn og *-u/-a* ending i hokjønn. Også i bunden form fleirtal er ho konsekvent i bruken av dialekt. Ho har eitt tilfelle av inkjekjønn, nemleg "uttrykke". Der skulle ein venta *-i* ending ("uttrykkji"). Setninga substantivet er henta frå, lyder slik: *...e bruka kje dei værste uttrykke... nei, e prata sånn som e jer, e...* Halldis palataliserer ikkje her, og dermed blir det ikkje naturleg med *-i* ending. Også hos Halldis er det litt vanskeleg å avgjera om ho seier "ikkje" eller "ikkji", men ho brukar forma med frikativ. Halldis brukar ikkje dativ i intervjuet, og er konsekvent brukar av kløyvd infinitiv.

3.5.4 Gunnar – rapporterte bokmålsnær tale

Gunnar brukar forma "jæi" 168 gonger i intervjuet, og forma "e" to gonger. Vidare brukar han berre forma "vi". I ubunden form fleirtal har han berre eitt tilfelle av bortfall av *-r*, nemleg i substantivet "ringebuvære". Her er han ganske kreativ, folk frå Ringebu kallar nemleg seg sjølve *ringbyggjinge*. I bunden form fleirtal brukar han *-a* ending i eitt hannkjønnsord, nemleg i "gutta", og i fem inkjekjønnsord ("hotella, tilbuda, folka,

dialektuttrykka, ora”) Elles nyttar han *-ene* ending. Han brukar konsekvent ”*ikke*” og aldri dativ. Gunnar brukar ikkje kløyvd infinitiv.

3.5.5 Gunhild – rapporterte blandingsmål

Gunhild seier ”*e*” i heile intervjuet. Elles uttalar ho ”*oss*” ein gong og ”*åss*” ti gonger, men aldri ”*vi*”. Berre tre av 31 substantiv i ubunden form fleirtal vart uttalt utan *-r*. Det er interessant å sjå at ho har tre ulike realiseringar av substantivet *turistar*, nemleg ”*turiste*”, ”*turister*” og ”*turista*” (sjå forklaring i pkt 2.6.1). Alle substantiv i bunden form fleirtal har lik ending, nemleg *-an*. I heile intervjuet seier ho ”*ikkje*”, og det er ikkje spor etter dativ. I bøyinga av verba ”*å gjera*” og ”*å vera*” er ho ikkje konsekvent. Ho har eitt døme på kløyvd infinitiv, elles er infinitivane på *-e* eller i trykklett stilling utan endevokal.

3.5.6 Gudbrand – rapporterte gudbrandsdalsmål.

Gudbrand gjennomfører bruken av ”*e*” og ”*oss*”. Han har åtte substantiv i ubunden form fleirtal med bortfall av *-r*, og fem former med *-r*. Han bøyer alle substantiva i bunden form fleirtal i samsvar med gudbrandsdalsdialekten. Nektingsadverbet ”*itte*” er konsekvent gjennomført, og han har eitt tilfelle av dativ: ...*e ha jo itte bestemt me hælt får at e itte ska bo på gala hær hæll*... Han brukar konsekvent presensforma av verbet ”*å gjera*” med kort uttale av vokalen som beskrivi i pkt. 3.3.8, og han har også konsekvent gjennomføring av kløyvd infinitiv.

Kapittel 4: Oppsummering og konklusjon

I denne oppgåva har eg beskrivi *i kva grad* dialekt blir brukt blant eit utval 18-20-åringar i Gudbrandsdalen og Hallingdal. I tillegg har eg fått eit innblikk i korleis seks av desse 18-20-åringane tenkjer, og forsøkt å finne forklaringar på språkleg variasjon og endring.

Innleiingsvis stilte eg spørsmål om språkbrukarar i Hallingdal lettare blandar eller vekslar med bokmålsnær tale enn språkbrukarar i Gudbrandsdalen. Dette stemmer. 72 % av hallingane seier dei anten pratar bokmålsnært eller blandar, mens 30% svarar det same i

Gudbrandsdalen. Kva finn me i svara til informantane som kan gje oss indikasjonar på kvifor det er skilnader mellom dei to dalføra? Eg vil sjå på faktorar som samband mellom språkleg variasjon og geografisk tilhørsele og samband mellom språkleg variasjon og identitet for å klargjera oppsummeringa.

Samband mellom språkleg variasjon og geografisk tilhørsele

Svært få av informantane kom flyttande til dalføra etter skulestart. Dette betyr at dei fleste har budd i det same språksamfunnet sidan dei var små. Slik sett er utgangspunktet til både gudbrandsdølane og hallingane likt. Men når det gjeld kvar foreldra kjem frå, blir tala ulike. Berre 25% av hallinginformantane har hallingforeldre, mens heile 60% av gudbrandsdalsinformantane har innfødde foreldre. I Hallingdal har altså tre av fire informantar ein eller to innflyttarforeldre. På Hadeland (Skramstad, 1999) har barn av innflyttarforeldre ein tendens til å prate mindre hadelandsdialekt, mens Thoengen (1994) kunne vise til at rundt 80% av ungane til innflyttarar prata bokmålsnært på Nesbyen i Hallingdal. Også undersøkinga til Haugen (2004) frå Sogndal og Røynealand (2005) frå Røros og Tynset rapporterer funn som tyder på at det er ein samanheng mellom foreldrebakgrunn og talemålet til informantane. Dette står i kontrast til det ein tradisjonelt har hevda i sosiolingvistikken, nemleg at venner påverkar barn og unge i større grad enn foreldre. Labov seier blant anna at "children do not speak like their parents" (1972:304), men at dei tvert om pratar som jamaldringane sine. Det ser ikkje ut til at språkbrukarane i Hallingdal er einige om dei lingvistiske faktorane som i følge Gumperz og Labov (sjå kap. 1.4.1) avgrensar eit språksamfunn frå eit anna. I språksamfunnet Hallingdal kan ein sjå for seg at eit barn høyrer ein eller kanskje to ulike dialektar heime. I barnehagen eller på skulen høyrer barnet kanskje nye dialektar, og leikekameratane pratar også forskjellige varietetar. Det kan vera vanskeleg å prate den opprinnelege dialekten på staden når ein veks opp i eit miljø der folk snakkar ulike varietetar. Å prate til dømes vossamål som mor er ikkje eit alternativ, for det blir barnet åleine om å prate i venneflokket. Hallstein frå Gol fortalde at han nesten ikkje høyrde halling heile barneskulen, for han gjekk på ein skule med mange innflyttarungar. Så hallingmålet blir heller ikkje eit alternativ, for det er så få som pratar det. Då kan bokmålsnær tale vera ein nøytral språkstrategi, for mange barn vil velja nøytrale språkstrategiar i ein usikker språksituasjon (Scotton (1993), sjå kap. 1.5.2). Halldis opplevde det motsette, ho har hallingforeldre og

gjekk på ein barneskule der dei fleste ungane, ifølgje henne sjølv, prata hallingmål. Det var først på vidaregåande skule ho trefte mange unge som prata bokmålsnært.

Også i Gudbrandsdalen er det innflytting, men det kan verke som om innflyttarane i større grad blir absorberte inn i språksamfunnet. Dette kan ha noko med storleiken på innbyggjartalet å gjera. I Hallingdal kjem om lag 1000 innflyttarar i året til ei befolkning på om lag 20 000. I Gudbrandsdalen kjem om lag 1500 innflyttarar i året til ei befolkning på om lag 47 000. Mindre sosiale nettverk kan lettare bli påverka av innflyttarar enn store sosiale nettverk. No har ikkje eg operasjonalisert omgrepa sosiale nettverk i denne oppgåva, mykje fordi det som Mæhlum peikar på (sjå kap. 1.4.2) er vanskeleg å kvanifisere faktorar som tettheit og kompleksitet, og fordi Hallingdal og Gudbrandsdalen ikkje er like tette og multiplekse nettverk som Milroys nettverk i Belfast. Men det kan sjå ut som om medlemmene i eit stort språksamfunn på 47 000 språkbrukarar er meir einige om normene enn folk i mindre språksamfunn, som lettare kan bli påverka av nye impulsar rett og slett fordi dei er færre til å oppretthalde dei språklege normene. Informanten frå Fåvang fortalte om frykt for sosiale sanksjonar dersom han kom heim frå studia og hadde lagt om på dialekten (kap.2.7), og det skulle vitne om eit språksamfunn der språknormene framleis blir haldne i hevd.

Lokal tilknytning er ein faktor som skil dei to dalføra. Det er fleire gudbrandsdølar som kjenner seg knytt til det lokale enn hallingar, og det er fleire gudbrandsdølar enn hallingar som rapporterer å prate dialekt. Det er fristande å sjå ein samanheng mellom geografisk tilhørsel og språkleg variasjon her, og det trur eg også det er. Dette blir støtta av Røyneland (2005), som fann at informantar som er positive til heimplassen pratar meir dialekt enn dei som ikkje er så positive. Men samtidig er det viktig å hugse på at både Gunnar og Hallstein, som rapporterer bokmålsnær tale, syner at dei har positive haldingar til heimplassen og at det å vera døl/halling og det å prate bokmålsnært går fint an. Og både når det gjeld stereotypiar om den typiske døl/halling, og kva status heimstaden har, så rapporterer informantane frå dei to dalføra ganske like haldningar. Forklaringa på dette kan vera at det å vera positiv til heimstaden, er ”politisk korrekt”, og det treng ikkje nødvendigvis å ha noko å gjera med den språklege strategien du vel. Språkbruk er komplekst, det som er viktig for ein treng ikkje vera viktig for ein annan. Gunnar fortel om rånkultur og korleis han ikkje vil bli assosiert med han, men rapporterer likevel positive haldningar til Gudbrandsdalen som stad. Likevel reknar han seg som ein austlending.

Samband mellom språkleg variasjon og identitet

På spørsmål om informantane ville kjenne seg mest som bymenneske eller bygdemenneske i byen, svarer flest gudbrandsdølar at dei ville kjent seg som bygdemenneske. Dersom språkleg åtferd er individuelt motiverte identitetshandlingar, syner gudbrandsdølane her at dei gjerne identifiserer seg med andre i ei gruppe ved hjelp av språke, mens hallingane signaliserer at dei identifiserer seg også med andre, i eit større samfunn enn Hallingdal. Dette blir då det sentrale Austlandet. Det kan dreie seg om ein medviten eller umedviten vilje til språkending. Dersom du er lojal mot den gruppa du høyrer til, vil du ifølgje Helgander ikkje ha vilje til å endre noko (sjå kap. 3.4.13). Men dersom du ikkje lenger har denne lojaliteten til gruppa, som hallingane kanskje signaliserer ved at så mange meiner dei ville kunne kjenne seg som eit bymenneske dersom dei skulle flytte til byen, så vil individet kunne få større personleg fridom og færre sanksjonar mot seg ved språkending. Og slik vil individet kunne identifisere seg med andre språklege førebilete enn den lokale varietetten. Og etter kvart som fleire kjenner seg frie til å velja andre språklege strategiar enn den lokale varietetten, vil også det opprinnelege språksamfunnet ikkje lenger kunne øve sosial kontroll mot medlemene. Og dermed kan altså fire av ti hallingar rapportere bokmålsnær tale i denne spørjeundersøkinga. Gudbrandsdølane kjenner seg nok ikkje så frie til å velja språklege strategiar, for i Gudbrandsdalen rapporterer sju av ti at dei pratar gudbrandsdalsmål, og dei meiner at rundt dei pratar ni av ti gudbrandsdalsmål. Det å finne sin språklege og kulturelle identitet skjer ut frå medvitne og umedvitne val, og i samspel med andre. Og når ein så stor del av ungdomsmiljøet både fornektar det lokale og pratar bokmålsnært som tilfellet er i Hallingdal, blir det lettare for andre å gjera det same.

Eg har i dette arbeidet tvilt meg fram til at kjønn som sosial variabel ikkje syner store skilnader i språket. Tala i materialet er ikkje eintydige. Det viser seg til dømes at i kap. 3.4.17 svarer jentene i eit dalføre likt som jentene i det andre dalføret. I kap. 3.4.8 svarar jentene framleis nokså likt, men det er prosentmessig stor forskjell på svara gutane gjev. Eg trur det er individuelle skilnader, og at det dermed ikkje er kjønnen som er bestemmande for dei språklege vala informantane gjer. Eg vil likevel ikkje avvise at kjønn kan ha relevans i nokre samanhengar.

Det er ikkje råd å finne enkle forklaringar på språkleg endring. Men i denne undersøkinga kan det kan sjå ut som om gudbrandsdølane har ei noko sterkare tilknytning til det heimlege, og dette kan dermed gje seg utslag mellom anna i form av meir dialektbruk. Men me har også sett at tal på språkbrukarar kan støtte eller svekke dialektbruk. Eit stort språksamfunn som Gudbrandsdalen kan lettare absorbere nye deltakarar. Det ser ut til at nye deltakarar i språksamfunnet i Hallingdal er meir synlege, og dermed også har meir påverknadskraft på den lokale dialekten. Det ikkje nødvendigvis slik at hallingane er mindre knytte til sin dal enn gudbrandsdølane – språksamfunnet er rett og slett meir sårbart når det er lite.

Litteraturliste

Akselberg, Gunnstein (1995): *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. 1. utgave 2. opplag. Band 1. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.

Akselberg, Gunnstein (1997): "Kvantitativ eller kvalitativ sosiolingvistik?" i *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen*. Alma Mater, Bergen

Beito, Olav T. (1979): "Drag av utviklinga i hallingmålet dei siste mannsaldrane" i *Artiklar og taler i utval*, Oslo

Bull, Tove (1991) "Språklig identitet i ei nordnorsk fjordsamebygd" i *Danske folkemål 33*, Institut for dansk dialektforskning. C.A Reitsels Forlag 1991

Cambers, J.K og Trudgill, P. (1980, 1994): *Dialectology*. Cambridge Textbooks in Linguistics. Cambridge University Press

Coetsem, Frans van (1992): "The Interaction between Dialect and Standard Language, and the Question of Language Internationalization". I: Leuvensteijn, J. van og Berns, J. (red): *Dialect and Standard Language in the English, Dutch, German and Norwegian Language Areas* North-Holland, Amsterdam / Oxford / New York / Tokyo

Dyvik, Helge (1995): "Språk, språklig kompetanse og lingvistikkenes objekt" i C. Fabricius-Hansen og A. Muruvik Vonen (red.): *Språklig kompetanse: Hva er det og hvordan kan det beskrives?* Novus, Oslo

Fintoft, Knut og Per Egil Mjaavatn 1980. *Språksosiologiske forhold i Trondheim bymål*.

Trondheim: Tapir.

Fog, Jette (1982): "Om metode, sannhet og solidaritet. Erfaringer fra undersøgelser med intensive interviews" i Holter, H. og Kalleberg, R. (red.)

Fremmedordboka (1989, 1995). Kunnskapsforlaget, Oslo

Føllesdal, Dagfinn (1993): "Språknormering og standardspråk - noen filosofiske refleksjoner." i *Standardspråk og dialekt*. Utgjeve av Bergens Riksmålsforening og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur

Grønmo, Sigmund (1982): "Forholdet mellom kvalitative og kvantitative metoder i samfunnsforskningen" i Holter, H. og Kalleberg, R. (red)

Gumperz, J.J (1971): *Language in Social Groups*. Stanford: Stanford University Press

Haugen, Ragnhild (2005): *Variasjon og endring i Sogndalsdialekten. Ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet i Sogndal*. Dr. art-avhandling. Nordisk institutt. Universitetet i Bergen

Helgander, John (1994): *Mobilitet och språkförändring. Exemplet Övre Dalarna och det vidare perspektivet*. Sektion för humaniora och beteendevetenskap. Rapport 1996:3. Högskolan Dalarna.

Hellevik, O. (1971, 1977): *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Universitetsforlaget. Oslo - Bergen - Tromsø

Holland, Ann Kjersti (2001): *Hedmarksdialekten i dag. En undersøkelse av språk og språklige motiv hos 12 ungdommer fra bygd og by på Hedmarken*. Hovedoppgåve. Institutt for nordisk språk og litteratur. Universitetet i Tromsø.

Hymes, Dell (1974) *Foundations in Sociolinguistics: An Ethnographic Approach*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press

Jahr, Ernst Håkon (1989): *Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814*. Novus Forlag

Jenshus, Gunnar (1986): *Fronsmålet*. Utgjeve av Fron Historielag, Vinstra

Jensen, Iselin Hegdahl (2006): *Språkholdninger i Sandefjord. En kvantitativ sosiolingvistisk undersøkelse av språkholdninger og språkbruk blant unge i Sandefjord*. Hovedfagsoppgåve. Institutt for lingvistiske og nordiske studier, UiO

Kalleberg, Ragnvald (1982): "Kvalitative metoder i sosiologisk forskning" i Holter, Harriet og Kalleberg, Ragnvald (red.): *Kvalitative metoder i samfunnsforskningen*. Universitetsforlaget, Oslo

Karlgård, Kristina (1997): *Oss tållå oppdaleng. En interaksjonell sosiolingvistisk undersøkelse av fem språkbrukere fra Oppdal*. (Upubl. hovedfagsoppg.) Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, UiO

Kristiansen, Elsa (1995): *Holdninger til vikværsk. En kvantitativ analyse av skoleelevers holdninger til noen trekk i drammensdialekten*. (Upubl. hovedfagsoppg.) Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, UiO

Kristiansen, Tore (1992): "Har regionaltalemålet en fremtid i Danmark?" i Danske Folkemål 34, Institutt for dansk dialektforskning, Københavns Universitet. C.A Reitzlers Forlag, København

Kristoffersen, Gjert (1996): "Noen grunnleggende banaliteter om tolkning av sosiolingvistiske forskningsresultater" i Thelander, M. (red.): *Samspel och variation. Språklige studier tilägnade Bengt Nordberg på 60-årsdagen*. Uppsala

Langleite, Erling (1974): "Gudbrandsdalsmål". I: Skogstad, Ola (red): *Austlandsmål. Språkarv og språkbruk på indre Austlandet*. Det Norske Samlaget, Oslo

Labov, William (1966): *The Social Stratification of English in New York City*. (Urban Language Series 1). Washington D.C: Center for Applied Linguistics

Labov, William (1972, 1979): *Sociolinguistic Patterns*. University of Pennsylvania Press, Philadelphia

Labov, William (1980): "Is there a Creole Speech Community?" i Albert Valdman (ed.) 1980: *Theoretical Orientations in Creole Studies*. New York: Academic Press, 369-388

Milroy, Lesley (1980): *Language and social networks*. Basil Blackwell, Oxford

Mæhlum, Brit (1986): *Språklige variasjonsmønstre hos innflyttere i Oslo* (Tromsø-studier i språkvitenskap VIII) Oslo, Novus

Mæhlum, Brit (1992): *Dialektal sosialisering. En studie av barn og ungdoms språklige strategier i Longyearbyen på Svalbard*. Novus Forlag

Mæhlum, Brit (1996): "Codeswitching i Hemnesberget - myth or reality?" i *Journal of Pragmatics* 25 (s. 749-761)

Mæhlum, Brit et al. (2003): *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. Cappelen akademisk forlag, Oslo

Mørk, Vidar (1983): *Hjartespråk og skriftspråk*, Oslo

Nordberg, Bengt (1982): "Sociolingvistisk datainnsamling" i M. Thelander (red.): *Talespråkforskning i Norden*. Lund: Studentlitteratur

Omdal, Helge (1994): *Med språket på flyttefot. Språkvariasjon og språkstrategier blant setesdølar i Kristiansand*. Uppsala

Papazian, Eric (1984): "Normaltalemål i Norge. Og hva så?" I: *Språklig Samling* 2/1984, s. 10-12

Ryan, Ellen B. (1979): "Why do Low-Prestige Languages Persist?" i Giles, H. og St. Clair, R (1979): *Language and Social Psychology*. Basil Blackwell, Oxford (s. 145-159)

Røynealand, Unn (1994): *Når bygdemål møter bymål. Ein individsentrert eksempelstudie av fire sunnmøringar i Oslo*. Hovudoppgåve. Oslo

Røynealand, Unn (2005): *Dialektnivellering, ungdom og identitet. Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. Doktor art-avhandling. Institutt for lingvistiske og nordiske studier. Universitetet i Oslo

Sandøy, Helge (1985): *Norsk dialektkunnskap* Novus Forlag, Oslo

Sandøy, Helge (1993): *Talemål*. Novus Forlag, Oslo

Scotton, Carol M. (1993): *Social Motivations for Codeswitching*. Oxford

Simonsen, Hanne G., Endresen, Rolf T. og Hovdhaugen, Even (red.) (1988): *Språkvitenskap. En elementær innføring*. Universitetsforlaget

Skramstad, Tone (1999): *Oslocirkumferensen og språklig regionalisering. En metodetriangulert undersøkelse av språk og normer hos ungdommer på Hadeland*. Hovudfagsoppgåve. Institutt for lingvistikk og nordisk. Universitetet i Oslo

Steinsholt, Andreas (1972): "Målbryting i Hedrum 30 år etter" i *Skrifter frå Norsk Målførearkiv* 26, Oslo: Universitetsforlaget

Sævik, Ragnhild (2001): "Talemålet på Sunnmøre i endring" i *Språklig Samling* 1-2/2001, s. 5-8

Thelander, Mats (1979): *Språklige variationsmodeller tillämpade på nutidiga Burträskmål. Teoretiska utgångspunkter och analys på språkartsnivå. Del I og II.* Acta Universitatis Upsalensis 14. Uppsala

Thoengen, Vigdis (1994): *Hallingmål eller bokmål? En talemålsundersøkelse blant skolebarn i Nes i Hallingdal.* Hovudfagsoppgåve. Institutt for nordisk språk og litteratur, Universitet i Oslo.

Torp, Arne (1985): Bokmelding: Helge Sandøy (1985): *Dialektkunnskap. I: Norsk Lingvistisk Tidsskrift 2/1985*

Torp, Arne og Vikør, Lars S. (1993): *Hovuddrag i norsk språkhistorie* ad Notam Gyldendal

Torp, Arne (1999): "Bygdemål og stasjonsbymål" i *Austlandsmål i endring.* Samlaget

Trost, Jan (1993): *Kvalitative intervjuer.* Studentlitteratur, Lund

Trudgill, Peter (1972): "Sex, covert prestige and linguistic change in the urban British English of Norwich" i *Language in Society* Volume 1. Cambridge University Press

Trudgill, Peter (1974): *Sociolinguistics. An Introduction.* Harmondsworth, Middlesex, England

Vanvik, Arne (1985): *Norsk Uttaleordbok.* Fonetisk institutt. Universitetet i Oslo.

Venås, Kjell (1977): *Hallingmålet.* Det Norske Samlaget, Oslo

Venås, Kjell (1991): *Mål og miljø. Innføring i sosiolingvistikk eller språksosiologi.* Novus forlag, Oslo

Vigeland, Bjørn (1995): *Norske dialekter*. Universitetsforlaget, Oslo

Vinje, Finn-Erik (1993): "Talemålsnormering - prinsipielle synspunkter og personlige Erfaringer" i *Standardspråk og dialekt*. Utgjeve av Bergens Riksmålsforening og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur

Wardhaugh, (1992): *An Introduction to Sociolinguistics*. Blackwell, Oxford

Wolfson, Nessa (1976): "Speech events and natural speech: some implications for sociolinguistic methodology" i *Language in Society* Volume 5, Cambridge University Press

Øverby, Joleik (1974): "Målføra på indre Austlandet. Ei innføring" i Skogstad, Ola (red): *Austlandsmål. Språkvarv og språkbruk på indre Austlandet*. Det Norske Samlaget, Oslo

Litteraturliste frå internett:

Bladet Forskning nr.6/02

<http://forskningsradet.ravn.no/bibliotek/forskning/200206/200206060.html>

Statistisk Sentralbyrå

<http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrhistorie/>

SAMANDRAG

I denne avhandlinga har eg gjeve ei skildring av språket til 136 ungdommar frå Hallingdal og Gudbrandsdalen, og forsøkt å forstå kvifor ungdommane gjer sine språklege val. Både Gudbrandsdalen og Hallingdal høyrer språkleg inn under midlandsmåla. Geografisk er det rundt 200 km i luftline mellom dalføra, med Valdres i midten. Ein skulle i utgangspunktet tru at den språklege utviklinga i desse to dalane er ganske lik. Begge dalane ligg i utkanten av det sentrale Austlandet og blir rekna for å vera kulturbevarande og tradisjonsrike område. Men hypotesen min om at ungdommar i Hallingdal blandar eller vekslar den lokale dialekten meir med bokmålsnær tale enn ungdommar i Gudbrandsdalen, vart bekrefta i undersøkinga. Det er faktisk meir bruk av bokmålsnær tale i Hallingdal enn i Gudbrandsdalen.

Eg har valt å leggje vekt på å drøfte metode og kva konsekvensar val av metode får for språkundersøkingar. Hovuddelen av materialet mitt er samla inn ved å intervjuje 136 informantar ved hjelp av *kvantitativ metode*, og eg nytta eit spørjeskjema med skriftlege svar. Spørsmåla dreidde seg om identitet, språk og haldningar til heimplassen og språkbruk. Den kvantitative undersøkinga er følgd opp av ei *kvalitativ* undersøking. Her har eg intervjuja seks av dei 136 informantane ved hjelp av ei spørjelite og ein bandopptakar. Kvart intervju varer i 35-45 minutt. I denne delen av analysen forsøker eg å syne korleis desse seks opplever den språklege røynda gjennom å bruke sitat. Eg har valt ei slik metodetriangulering fordi ein med spørjeskjemaet kan *beskrive* språksituasjonen, men ei slik framstilling *forklarar* likevel ikkje kvifor forholda er som dei er. I tillegg til å sjå på informantane som ei gruppe, bør ein også sjå på nokre av individa i gruppa. Språket som sosialt fenomen kan me betre få inntrykk av ved å samtale med enkelte av informantane, og slik få tilgang til kva tankar og meiningar dei har.

Det er ikkje uvanleg i sosiolingvistiske granskingar å ikkje stole på rapportert språkbruk. Eg trur det er råd å stole på informantane i språkundersøkingar, og drøftar dette i avhandlinga. Resultatet i denne granskinga underbyggjer påstanden min. Den rapporterte språkbruken (i spørjeskjemaet) og den faktiske språkbruken (i intervjuet) samsvarer heilt hjå dei seks informantane mine frå Hallingdal og Gudbrandsdalen.

Det er særleg to forklaringsmodellar som har stått sentralt i dette arbeidet, nemleg nettverksteorien og identitetsteoriar. Ved å sjå kva informantane seier om tilhørsel i dalen, ulike identitetshandlingar og språk, forsøker eg å forstå kvifor dei gjer sine medvitne og umedvitne språkval. Konklusjonen er at hallingane vekslar eller varierer språket sitt meir enn

gudbrandsdølane, fordi gruppa hallingane tilhøyrrer opnar for språkleg variasjon i større grad enn gruppa gudbrandsdølane tilhøyrrer. Språkleg sanksjonering ser ikkje ut til å prege hallingane like mykje som gudbrandsdølane. Årsaker til dette kan vera at gudbrandsdølane har ei noko sterkare tilknytning til det heimlege enn hallingane. Det er litt større innflytting til Hallingdal enn til Gudbrandsdalen, og språksamfunnet som Gudbrandsdalen utgjer, er meir talrikt enn språksamfunnet i Hallingdal. Språksamfunn blir rett og slett meir sårbare for påverknad når dei er små.

Vedlegg 1 Spørjeskjema del I

Dette spørjeskjemaet vart brukt i Hallingdal, mens gudbrandsdølane fekk eit tilsvarande.

1) Navn: _____

2) Alder: _____

3) Kjønn:

Mann:

Kvinne:

4) Hvilken kommuner er du oppvokst i? _____

Har du bodd noen andre steder?

a) ja

b) nei

Viss **ja**, hvor og når?

5) Hvor er du oppvokst?

a) gard

b) boligfelt

c) annet

6) Hvor kommer mor fra? _____

Hvor kommer far fra? _____

7) Hvilket yrke har mor? _____

Hvilket yrke har far? _____

8) Hva kjenner du deg mest som? (ranger fra 1 til 3)

a) holing/åling/nesning osv.

b) østlending

c) halling

9) Hvilke egenskaper tror du andre folk forbinder med en ”ekta halling”?

(Sett ett kryss for hver linje)

	enig	nøytral	uenig
smart	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
treg	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
spontan	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
traust	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
moderne	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
tradisjonell	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
bondsk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
urban	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
gjestfri	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
utadvendt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
beskjeden	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Kan du tenke deg andre ting som karakteriserer en halling?

10) Hvilken status tror du det har å komme fra Hallingdal?

- a) høg status
- b) mellomstatus
- c) låg status
- d) vet ikke

11) Se for deg at du flytter til byen enten for å ta utdanning eller for å jobbe. Tror du at du vil føle deg mest som:

- a) bymenneske
- b) bygdemenneske
- c) begge deler
- d) ingen av delene
- e) vet ikke

12) Tror du det er vanskelig å bo i byen og samtidig prate dialekt?

- a) ja
- b) nei
- c) vet ikke

Hvis **ja**, hvorfor tror du det er vanskelig?

Hvis **nei**, hvorfor tror du det er greit?

13) Hvor viktig er det for deg å få bruke det naturlige talemålet ditt i alle situasjoner? (Sett ett kryss)

- a) svært viktig
- b) viktig
- c) uviktig
- d) vet ikke

14) Hvilken målform har du som hovedmål?

- a) nynorsk
- b) bokmål

15) Når du f. eks. skriver et personlig brev, hvordan skriver du da?

(Kryss gjerne av flere ganger)

- a) nynorsk
- b) bokmål
- c) blanding av nynorsk og bokmål
- d) hallingmål
- e) blanding av hallingmål og nynorsk
- f) blanding av hallingmål og bokmål

16) Hvordan vil du beskrive språket ditt?

- a) hallingmål
- b) bokmål/bymål/standard østlandsk
- c) en blanding av hallingmål og bymål
- d) annet

Hva? _____

17) Har du pratet annerledes før?

a) ja

b) nei

Hvis **ja**, hvordan prata du?

a) mer hallingmål

b) mindre hallingmål

c) annen dialekt

Hvilken? _____

18) Hvordan mener du de fleste i Hallingdal prater?

a) hallingmål

b) bokmål/bymål/standard østlandsk

c) annet

Hva? _____

19) Hvordan prater de fleste vennene dine?

a) hallingmål

b) bokmål/bymål/standard østlandsk

c) annet

Hva? _____

20) Hvilken status tror du det har å prate hallingmål i Hallingdal?

a) høg status

b) mellomstatus

c) låg status

d) vet ikke

21) Hva vil du nevne som det mest typiske med å ”svalle halling”?

22) Har det noen gang hendt at folk har kommentert måten du pratar på?

a) ja

b) nei

Hvis **ja**, i hvilke situasjoner?

Hva ble kommentert?

23) Har du noen gang følt at du ikke har prata fint eller korrekt nok?

a) ja

b) nei

Hvis **ja**, i hvilke situasjoner?

24) Synes du det er greit at folk ender eller normaliserer talemålet sitt i noen situasjoner?

a) ja

b) nei

c) vet ikke

Hvis **ja**, når er det greit?

Hvis **nei**, når er det ikke greit?

25) Hender det at du normaliserer?

a) ja

Hvis **ja**, hvorfor og hvordan?

b) nei

Hvis **nei**, hvorfor ikke?

26) Er det noen forskjell på å knote og å normalisere?

a) ja

b) nei

Hvis **ja**, kan du forklare forskjellen?

27) Hva synes du om at folk kan plassere deg geografisk etter talemålet ditt?

- a) positivt
- b) helt greit
- c) likegyldig
- d) irriterende
- e) har ikke opplevd det

Vedlegg 2: Språkprøva i spørjeskjemaet, del II

Både språkprøva til gudbrandsdalsskjemaet og hallingdalsskjemaet er vedlagt her.

Gudbrandsdalen:

Hvordan vil du si følgende (sett ett kryss for hver linje):

alltid av og til aldri

a) *e*

jæi

b) *oss*

vi

c) (flæire) *heste*

(flere) *hester*

d) (æille) *hestæin*

(æille) *hestan*

(alle) *hesta*

(alle) *hestene*

e) (flæire) *jento*

(flere) *jenter*

f) *itte*

ikkje

ikke

g) i *bygden*

i *bygda*

Hallingdal:

Hvordan vil du si følgende (sett ett kryss for hver linje):

alltid av og til aldri

a) *e*

jæi

b) *me*

vi

c) (fleire) *hesta*

(flere) *hester*

d) (alle) *hestadn*

(alle) *hestan*

(alle) *hesta*

(alle) *hestene*

e) (fleire) *jentu*

(flere) *jenter*

f) *ikkji*

ikke

g) *i bygden*

i bygda

Vedlegg 3: Utgangspunkt for spørjelite

Om det å bu i dalen

- kva ville du ta med folk på som ikkje var kjente her frå før?
- er det mykje turisme her?
- trur du turismen påverkar språket til folk?
- korleis pratar dei unge i bygda di?
- er det plagsomt å bli assosiert med ein treg døl?
- betyr det noko for deg at du er frå nett denne staden?
- kva synest du om å vera frå ein plass der alle kjenner alle?
- kva er det beste og det verste med denne bygda?
- vil du utdanne deg så du sikrar deg at du kan bu her i bygda, eller betyr det lite?
- kva gjer du helst på fritida?
- kvar ser du for deg at du bur om 20 år?

Om språket

- trur du mor og far påverkar språket ditt?
- kva reknar du som hjartespåket ditt?
- korleis pratar vennene dine?
- har mange av vennene dine endra mykje på språket sitt?

- hender det du endrer på talemålet ditt?
- ser du for deg at du kan koma til å endre på talemålet ditt meir permanent?
- korleis opplever du nye språklege omgjevnader?
- kva haldning trur du folk flest i dalen har til si eiga dialekt?
- er det ein nødvendig samanheng mellom det å prate dialekt og det å føle seg som ein døl?
- trur du andre dialektbrukarar som kjem til dalen har ei anna haldning til dialekten enn det bymålsbrukarar har?
- har du opplevd at nokon hermar dialekta di?
- tykkjer du at det finst pene og stygge dialektar?